

BY- OG REGIONFORSKNINGSINSTITUTTET NIBR

# Kunnskapsgrunnlag for regional utviklingsplan: perspektiv, metodar og analysar i ein samproduksjonsprosess i Vestland fylke

Heidi Bergsli, Jan Dietz, Knut Onsager, Lars Chr. Monkerud og  
Aase Kristine Lundberg

OSLO METROPOLITAN UNIVERSITY  
STORBYUNIVERSITETET

Tittel: Kunnskapsgrunnlag for regional utviklingsplan: perspektiv, metodar og analysar i ein samproduksjonsprosess i Vestland fylke

Forfattarar: Heidi Bergsli, Jan Dietz, Knut Onsager, Lars Chr. Monkerud og Aase Kristine Lundberg

NIBR-notat: 2023:107

ISSN: 0801-1702  
ISBN: 978-82-8309-393-3 (Elektronisk)

Prosjektnummer: 203062

Prosjektnamn: Kunnskapsgrunnlag – Utviklingsplan Vestland fylke

Oppdragsgjevar: Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar: Heidi Bergsli

Samandrag: Notatet presenterar perspektiv, metodar og resultat frå arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi, på oppdrag for Vestland fylkeskommune. Kunnskapsgrunnlaget sitt hovuddokument er Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi, som ligg til grunn for politisk behandling. Dette notatet gjer greie for heilskapen i prosjektet, som handlar om berekraftig regional utvikling, og korleis forskingsmiljøet har samprodusert kunnskapsgrunnlaget saman med fylkeskommunen.

Dokument i kunnskapsgrunnlaget:  
NIBR-rapport 2023:3 Vestland fylke og regionane - nokre eigenskapar og utviklingstrekk ved samfunn og berekraft. Forfattar: Knut Onsager NIBR.

Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi. Publisert av Vestland fylkeskommune.  
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/kunnskapsgrunnlag-utivklingsplan-2024-2028/>

Vestlandsscenarier 2040. Forfattar: Jan Dietz. Publisert av Vestland fylkeskommune. <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/kunnskapsgrunnlag-utivklingsplan-2024-2028/>

NIBR-notat 2023:107. Kunnskapsgrunnlag for regional utviklingsplan: perspektiv, metodar og analysar i ein samproduksjonsprosess i Vestland fylke. Forfattarar: Heidi Bergsli, Jan Dietz, Knut Onsager, Lars Chr. Monkerud og Aase Kristine Lundberg.

Dato: Oktober 2023

Antall sider: 83

Utgiver: By- og regionforskningsinstituttet NIBR  
OsloMet - storbyuniversitetet  
Postboks 4 St. Olavs plass  
0130 OSLO  
Telefon: (+47) 67 23 50 00  
E-post: [post-nibr@oslomet.no](mailto:post-nibr@oslomet.no)

Vår hjemmeside: <http://www.oslomet.no/nibr>

# Forord

Dette notatet er ein del av eit oppdragsprosjekt NIBR har gjennomført saman med Nordlandsforskning og Dietz Foresight AS, på oppdrag frå Vestland fylkeskommune. Notatet inngår som ein del av kunnskapsgrunnlaget til arbeidet med Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi, og som har munna ut i *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*.

Dette notatet gjer greie for heilskapen i prosjektet, funn frå dei ulike kunnskapsdelane og kva for metodar som er brukte for å utvikle kunnskapsgrunnlaget.

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har gått føre seg frå november 2022 til august 2023. Heidi Bergsli har vore prosjektleiar, medan Knut Onsager ved NIBR har hatt ansvar for arbeidet med «Vestland fylke og regionane - nokre eigenskapar og utviklingstrekk (ved økonomi, samfunn og miljø)», publisert i NIBR-rapport 2023:3. Lars Monkerud, NIBR, har bidrege i arbeidet med ei spørjeundersøking. Aase Kristine Lundberg ved Nordlandsforskning har bidrege i det overordna arbeidet med *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*, med særleg søkjelys på berekraft-dimensjonane. Jan Dietz i Dietz Foresight AS har vore ansvarleg for framsynverkstadene i scenarioprosessen Vestland 2040 og har leia arbeidet med å samskape fire scenario om Vestland.

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har vi arbeidd tett med oppdragsgivar og ein mengd kunnskapsrike fagpersonar i Vestland fylkeskommune. Det har vore veldig lærerikt å samprodusert kunnskap på ein ny måte. Vi har òg fått konstruktive og gode innspel frå fylket sin samarbeidsgruppe for utviklingsplanen, som består av fagpersonar frå KS og Statsforvaltar i Vestland.

I det heile har vi hatt stor nytte av gode og kritiske innspel og refleksjonar frå representantar for kommunar, regionsråd, organisasjons-, kultur- og næringslivet i Vestland, som har gitt ein brei og interessant kunnskapsbakgrunn for å forstå samfunnsutviklinga og utfordringane i fylket. Takk til alle for det.

Berit Nordahl  
Forskingsleiar  
NIBR, oktober 2023

# Innhald

Forord .....	1
Figurliste.....	3
Tabelliste.....	4
Samandrag.....	5
1 Innleiing: Om berekraftig regional utvikling .....	13
1.1 Om å samprodusere eit kunnskapsgrunnlag .....	13
1.2 Kunnskapsgrunnlaget sine kjelder og oppbygging.....	17
1.3 Planlegging for berekraftige regionar.....	19
2 Regional analyse av utviklingstrekk i fylket .....	22
2.1 Funn og moment i regional analyse.....	23
3 Scenarioprosessen Vestland 2040 .....	28
3.1 Bakgrunn for val av scenariometodikk.....	28
3.2 Framgangsmåte.....	29
3.3 Fire scenarier for Vestland 2040.....	33
3.4 Vidare bruk av resultatata .....	36
4 Spørjeundersøking om utvikling i Vestland .....	37
4.1 Innleiing.....	37
4.2 Opplevde utfordringar, styrkar, svakheiter og ytre truslar .....	39
4.3 Møte med og bruk av omgrepet «berekraft».....	49
4.4 Bruk og nytte av utviklingsplanen .....	54
4.5 Oppsummering.....	60
5 Berekraftkonfliktar og dilemma .....	62
5.2 Ei framtidretta regional planlegging .....	63
Referansar .....	65
Vedlegg 1 - Spørjeskjema .....	67
Vedlegg 2 - Resultat for ulike grupper blant tilsette og i strategisk utval .....	76

# Figurliste

Figur 1:	Agenda Kaupang og Asplan Viak 2022, s.64: Strategisk planlegging sett i lys av kommunelov.....	15
Figur 2:	FN sine berekraftsmål. Kjelde: FN-sambandet. ....	20
Figur 3:	Illustrasjon av utanforliggende og interne forhold som påverkar framtida og som ligg til grunn for scenarioa. ....	29
Figur 4:	Organisering av scenarieprosessen.....	30
Figur 5:	Svar frå representantar i fylkestinget. Etter parti. ....	38
Figur 6:	Svar frå respondentar i strategisk utval. Etter sektor.....	39
Figur 7:	Møte med/bruk av omgrepet berekraft. Etter utval. ....	50
Figur 8:	Relevans av FN sine berekraftsmål. Etter utval.....	50
Figur 9:	FN sine berekraftsmål sitt potensial som styringsverktøy. Etter utval. ....	51
Figur 10:	Bruk av Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Tilsette i Vestland fylkeskommune.....	55
Figur 11:	Bruk av Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Strategisk utval. ....	56
Figur 12:	Bruk av Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Medlem av fylkestinget. ....	56
Figur 13:	Kva skal til for at regionale planar får større betydning? Tilsette i Vestland fylkeskommune.....	57
Figur 14:	Kva skal til for at regionale planar får større betydning? Strategisk utval .....	58
Figur 15:	Kva skal til for at regionale planar får større betydning? Medlem av fylkestinget.....	59

## Tabelliste

Tabell 1: Møteverksemd og prosessar i prosjektet.....	16
Tabell 2: Oversikt over kjelder i kunnskapsgrunnlaget.....	17
Tabell 3: Dilemma og kontrastar identifisert i verkstadprosessen. ....	31
Tabell 4: Svar i spørjeundersøkinga. Prosent (antal). ....	37
Tabell 5: Område med største utfordringar. Etter utval. Prosent. ....	40
Tabell 6: Område med største styrkar. Etter utval. Prosent. ....	44
Tabell 7: Område med største svakheiter. Etter utval. Prosent. ....	48
Tabell 8: Område med største ytre truslar. Etter utval. Prosent. ....	49
Tabell 9: Berekraftutfordringar, konflikhtar og dilemma som er eller kan oppstå på tvers av utfordringsområda. Illustrasjon ved Vestland fylkeskommune. ....	63

# Samandrag

Vestland fylkeskommune har i arbeidet med sin andre utviklingsplan - regional planstrategi for 2024-28 - tatt i bruk nye metodar for strategisk kunnskapsinnhenting. Dette er kunnskap om viktige utviklingstrekk dei siste åra og scenarioar for framtida, forskingsbasert kunnskap og erfaringsbasert kunnskap. Det er kunnskap som er samprodusert mellom fylkeskommunen og forskar- og konsulentmiljø, og til dels samskapt med ei breidde av samfunnsaktørar frå Vestland fylke.

By- og regionsforskningsinstituttet NIBR Oslomet, Dietz Foresight AS og Nordlandsforskning har hatt ansvar for å utarbeide eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag for utviklingsplanen, i nært samarbeid med Vestland fylkeskommune. Oppdraget var å bidra til kunnskapsgrunnlaget til utviklingsplanen – regional planstrategi, som omfattar tre bolkar:

1. Data, statistikk og analyse av regionale utviklingstrekk (regional analyse)
2. Folkehelseoversikt etter folkehelselova (folkehelseoversikt)
3. Samanstilling av utfordrings- og moglegheitsbilete (utfordringsdokument)

Medan fylkeskommunen sjølv utarbeidde folkehelseoversikta, var oppdraget til forskar- og konsulentgruppa å gjennomføre ei regional analyse og utarbeide ein utfordringsrapport i samarbeid med fylkeskommunen våren 2023. *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi* er kunnskapsgrunnlaget sitt hovudprodukt. Denne rapporten beskriver perspektiv, metodar og analysar som ligg til grunn for utfordringsrapporten og dei kunnskapsdelane forskargruppa har hatt ansvar for.

Målet i forskararbeidet har vore å halde eit tydeleg og heilskapleg søkeljos på berekraftutfordringar i Vestland, slik at komande utviklingsplan kan bli eit styringsverktøy for berekraftig regional utvikling. Dette forutset at kunnskapsgrunnlaget produserast i nært samarbeid med lokale og regionale fagpersonar og samfunnsaktørar, i det vi i denne rapporten omtalar som *samproduksjon*.

Samproduksjon tydar at forskarar samarbeider med ulike samfunnsaktørar om å produsere kunnskap, handling og sosial endring, på område slik som folkehelse, klimaendringar og berekraft. Desse utfordringsområda er samansette av mange problem, dei rommar dilemma, det er ingen enkelteigar av utfordringa, og ein ser på problema frå ulike vinklar.

Ein viktig grunn til å velje samproduksjon som framgangsmåte er for meir effektivt å løyse kjente problem, eller for å ramme inn og forstå problem på nye måtar (Chambers 2021). Denne siste motivasjonsfaktoren ligg til grunn for samproduksjonen av kunnskapsgrunnlaget. Fylkeskommunen ynskjer å forstå dei regionale berekraftutfordringane og utviklingstrekk meir overordna og i samanheng, slik at planlegginga og utviklinga kan «angripast» meir strategisk og heilskapleg. Det betyr i neste runde at løysningane òg bør vere heilskaplege. De vil difor krevje samarbeid, koordinering, endringsvilje og omstillingsevne.

Utfordringsbiletet utvikla i prosjektet er valt ut med utgangspunkt i anbefalingane frå FN-rapporten *the Future is now*, som er å ta utgangspunkt i seks breie innsatsområde og jobbe med berekraftutfordringar og løysningar innanfor desse. Vestland fylkeskommune og forskargruppa har samarbeidd om å vurdere desse opp mot den regionale konteksten, og med utgangspunkt i dei overordna utfordringane som regional analyse og den eksisterande plankunnskapen til Vestland fylkeskommune peikar på.

Dei utvalde utfordringsområde er:

- Regional, by- og bygdeutvikling
- Klima og energi
- Livskvalitet og like moglegheiter
- Naturmangfald og areal
- Verdiskaping og kompetanse

Sjølv om områda til dels er fagspesifikke, gir dei rom for tverrgåande diskusjonar, der målet har vore å tenke berekraftdimensjonane så vel som rettferd i utfordringane på lågare nivå. Rettferd handlar om sosial rettferd, men òg om kor like moglegheitene regionane i Vestland har for å utvikle seg i berekraftig retning.

Frå dei fem utfordringsområda har prosjektgruppa i fylkeskommunen og forskargruppa saman diskutert kunnskapsgrunnlaget og kome fram til *dei tre viktigaste samfunnsutfordringane innan kvart område*. Tre utfordringar vart valt for å avgrense og prioritere blant mange viktige samfunnstema, utviklingstrekk og utfordringsbilete. Desse vart diskutert grundig og breitt. Til saman vart det valt ut 15 samfunnsutfordringar, som er eit tydeleg resultat av samproduksjonen av kunnskap mellom fylkeskommunen og forskarane.

Med eit kunnskapsgrunnlag som byggjar på ulike kjelder, har målet i prosjektet vore å veve saman eit heilskapleg utfordringsbilete som tek på alvor samanhengstenkinga fremja i FN sin Agenda 2030 for berekraftig utvikling.<sup>1</sup> Kunnskapsgrunnlaget skal vere ei hjelp til å møte berekraftmål og dimed berekraftutfordringar på tvers av samfunnsområde i samfunnsplanlegginga.

## Regional analyse

Regional analyse ser på eigenskapar og utviklingstrekk i Vestland fylke med utgangspunkt i SSB sine 10 økonomiske regionar og dei 43 kommunane. Søkjelyset er særleg på dei siste 5-10 åra, og på område som har betydning for berekraftig utvikling. Analysen er publisert som NIBR-rapport 2023:3, og i *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi* er han ikkje sitert, fordi den utgjer hovudgrunnlaget for analysen.

Tematisk er hovudfokuset retta mot den demografiske og økonomiske utviklinga, men òg viktige eigenskapar og utviklingstrekk ved arbeidsmarknaden, kulturlivet, sosioøkonomiske forhold, helsetilstand, klima og miljø.

Analysen visar at Vestland har eit variert busetjingsmønster med både storby, småbyar og utkantstrok sine ulike eigenskapar, moglegheiter og utfordringar. Dei fleste bur no i Bergensregionen, rundt 1/3 bur i dei mindre byregionane i fylket medan berre fire prosent bur i dei spreiddbudde regionane. Befolkningsveksten i fylket har vore på nær ein prosent det siste tiåret, grunna utanlands innvandring og fødsels-overskot. Elles har det vore netto utflytting frå fylket til landet elles. Vekst og nedgang i befolkningstal fylgjer busettingsmønsteret nemnd over.

Busetting og næringsutvikling gjer arealnedbygging i fylket som elles. Fylket har store arealressursar som er av vesentleg betydning for økosystem, naturmangfald og klimagassar, samtidig som dei dannar ulik basis for samfunnsutviklinga. Det har over tid vore ei stor nedbygging av areal, det meste til næring, tenesteyting, bustader, transport, infrastruktur og hyttar. På fylkesnivå er landbruksareal i drift redusert med seks prosent mellom 2010 og 2022. Samstundes aukar klimaendringane flaum-, skred- og rasfarar og hendingar i fylket, og med det eit behov for betre klimatilpassing i arealbruk, utbygging og tettstadutvikling.

Arealnedbygging, landbruk og annan menneskeleg aktivitet har hatt påverknad på økosystema, der det har vore ei negativ utvikling dei siste 30 åra. Det gjeld særleg for fjell, ope lågland og våtmarker. Tre av dei nasjonale villreinområda som Vestland fylke er ein del av er klassifiserte som av «dårleg kvalitet», særleg på grunn av menneskets habitatnedbygging og auka ferdsel.

Ei anna stor berekraftutfordring i Vestland er at det har vore ein markant vekst i arbeidsplassar i olje- og gassektoren og relaterte tenester dei siste åra. Investeringssignala til sektoren tyder dessutan på arbeidsplassvekst i denne sektoren i fleire år framover.

---

<sup>1</sup> FN 2015. Transforming our world: the 2030 Agenda for Sustainable Development. Resolution adopted by the General Assembly on 25 September 2015.



Utsleppa av klimagassar per innbyggjar i Vestland ligg 75 prosent over nivået på landsbasis, noko som heng saman med næringsstrukturane. Dei største utsleppa i 2021 kom frå industri inkludert olje og -gassverksemd på fastlandet, sjøfart, vegtrafikk, energiforsyning og jordbruk. Det særlegne med Vestland er at utslippsveksten er redusert frå 2013, men med ei auke på dryge fem prosent frå 2019 til 2021, i hovudsak frå industri- olje og gassverksemd på fastlandet. Dei fleste sektorutsleppa elles gjekk ned.

Det siste tiåret har utviklinga i arbeidsplassar i snitt vore på nesten ein prosent årleg. Størsteparten av veksten er i Bergen, Midt- og Nordhordland, knytt til nasjonale vekstnæringar. Mindre sentrale regionar har berre fått fire prosent av arbeidsplassveksten, mellom anna på grunn av ein stor nedgang i talet på arbeidsplassar innan store næringar som landbruk, industri og handel, samt svak tilvekst i andre næringar. Kommunane i mindre sentrale regionar har svært ujamn utvikling i arbeidsplassutviklinga.

Vestland har vidare eit sterkt kjønnsdelt arbeidsliv og -marknad, som kan bidra til å hemme arbeidskrafttilgang til samfunnsviktige yrke og oppgåver og potensielt bidra til å svekkje bustadattraktivitet i nokre kommunar og regionar. Særleg gjeld dette dei mindre sentrale regionane. Mønsteret blir reprodusert av tradisjonelle utdannings- og yrkesval.

Utfordringa i bustadattraktivitet forsterkast ved at arbeidsløysa har vore fallande over nokre år. Nivået indikerer no at arbeidsmarknaden er stram og tilgangen på arbeidskraft og kompetanse er sterkt avgrensa. Noko av desse utfordringane må difor sjåast i lag med bustadattraktivitet, medan dei òg kan møtast ved å mobilisere og redusere talet på personar som står i såkalla utanforskap, det vil seie utanfor arbeid, utdanning og tiltak.

Delen av personar i utanforskap i fylket har dei siste fem åra lege på 23-26 prosent for innvandrarar og 11-13 prosent for befolkninga elles (for aldersgruppa 15-61 år). Hovudutfordringa er at heile 24-27 prosent av unge innvandrarar står i utanforskap, mot 7-8 prosent av unge vaksne elles (15-29 år). Delen unge innvandrarar i utanforskap i Vestland er klart over landsgjennomsnittet. Målet i talet på personar i utanforskap er dette talet likevel mykje høgare for unge tilhøyrande majoritetsbefolkninga samanlikna med unge innvandrarar. Flest innbyggjarar står utanfor arbeid og utdanning i Bergensregion og færrest i dei minst sentrale regionane.

Utanforskap har betydning for inntekt, og i Vestland har inntektsforskjellane auka markant, særleg for enkelte kommunar vest og sør i fylket. Det er ei klar utvikling mot høgare delar i låginntekt, der hovudutfordringa er at auka er størst blant gruppa born og unge.

Når det gjeld utvikling i regionane sine utviklingstrekk i demografi, arbeidsplass- og sysselsetjingsutvikling, arbeidsløysa og utanforskap synest det å vera ganske systematiske mønster som samvarierer med regionar og kommunar sin sentralitet. Fødselsoverskot, nettoinnflytting, arbeidsplassvekst, men òg registrert arbeidsløysa og del i utanforskap aukar noko med regionanes og kommunanes sentralitet.

Når det gjeld utviklingsfortrinn og -styrkar i fylket peikar analysen på dei store og varierte natur- og kulturkvalitetane, det varierte næringslivet og verdikjedar med internasjonal konkurranseevne, sterke kunnskapsmiljø og -institusjonar samt ein høgt utdanna befolkning og kompetent arbeidskraft på mange viktige felt for framtida.

### **Vestland 2040 – fire scenario for framtida**

I scenarioarbeidet Vestland 2040 har prosjektet utforska kva for eksterne forhold - truslar og moglegheiter, uttrykt gjennom ulike scenario, som ein bør ta omsyn til i arbeidet med den framtidige samfunnsutviklinga i Vestland. Hovudmetoden har vore å arrangere tre framsynverkstadar, som byggjer på kvarandre og som munnar ut i fire scenario.

Utviklingsplanen for Vestland (2024-2028) skal handla om dei verkeleg store utfordringane som Vestland står overfor. Ved å løfte blikket mot 2040, blir det lettare å sjå det store biletet.

Scenarioarbeidet har bora i sentrale og kompliserte spørsmål:

- kva for nye utfordringar samfunnsplanlegginga må ta omsyn til
- kva som er avgjerande for å møte berekraftsmåla
- kva for spenningar, dilemma og målkonfliktar kjem til å gjere seg gjeldande
- finnes det forhold som kan dra Vestland inn i ein negativ spiral, eller tendensar som kan føre til ny positiv dynamikk?

Oppdraget har vore å stimulere til heilskapstenking, og bidra til å gi utfordringsrapporten og utviklingsplan for Vestland (2024-2028) eit tydeleg framtidsperspektiv.

Scenarioprosessen har dessutan handla om å styrkje medverknaden og samskapinga i utviklingsarbeidet som fylkeskommunen gjer. Prosessen har difor bygd på dialog, kunnskapsinnspel, ideutvikling og felles oppgåveløysing gjennom organisering av tre verkstader. Deltakarane ble valde frå ulike samfunnssektorar og frå heile fylket. Til saman rundt 40 deltakarar representerte kommunar, regionråd, næringsliv, kultur- og idrettsliv, frivillige organisasjonar, samt fylkeskommunen sine politikarar, ulike fagpersonar og medverknadsråd.

Formålet med den første verkstaden var å identifisera tunge trendar og usikre drivkrefter som påverkar rammevilkåra og utviklingsmoglegheitene i Vestland. Målet var å finna fram til dei anteke avgjerande drivkreftene. Døme på tunge trendar som vart peika ut er veksande aldrande befolkning, ungdom som flyttar og behov for arbeidsplassar, mangel på fagutdanna og lærlingplassar, særleg i distrikta, og press på natur- og arealressursar. I tillegg arbeidde deltakarane òg med såkalla Black Swans, det vil seie hendingar og utviklingstrekk som i utgangspunktet verkar usannsynlege, men som, viss dei hender, endrar vilkåra for samfunnsplanlegginga på dramatisk vis. Døme på svarte svanar som ble spelt inn på verkstaden, er matmangel i verda/ Vestland og økologisk kollaps.

Etter nærare analyse vart to dimensjonar utpekt som avgjerande i eit 20-årsperspektiv. Desse dimensjonane bestemmer grunnstrukturen til scenarioa:

- *Klimakutt/naturvern versus energi*: Kva vil alt i alt vega tyngst med blikket retta mot 2040 - klimakutt/naturvern eller energibehov?
- *Arbeidsliv og arbeidsmarknad*: Kor godt eller svakt kjem arbeidslivet og arbeidsmarknaden i Vestland til å fungera (→ 2040)?

På den andre verkstaden jobba scenariograppa med fire radikalt ulike scenario om Vestland i 2040 med utgangspunkt i dimensjonane over fordelt på fire scenarioskisser. Scenariograppa gav innhald til historiene og utforska kva som kan skje innanfor følgjande dimensjonar: lokaldemokratiet og tilliten i samfunnet, sysselsetjing og busetjing, beredskap og tryggleik, kultur og frivilligheit; folkehelse, utanforskap og inkludering. Scenariograppa drøfta deretter kva dilemma og målkonfliktar som kan oppstå i dei fire tenkte framtidene.

Den tredje verkstaden vart gjennomført digitalt. Diskusjonen handla her om dei strategiske implikasjonane for Vestland av scenarioa, for å sjå utfordringane som Vestland anten allereie står i eller kan kome til å stå overfor i åra som kjem.

Det endelege resultatet av verkstadane var fire scenario: «Nøysame Vestland», «Tryggleiksvestland», «KI-drivne Vestland» og «Klimaherja Vestland». Scenarioa representerer fire vidt forskjellige utfall for Vestland i 2040 og viser korleis ulike drivkrefter spelar saman og skaper nye og ofte uventa kombinasjonar av moglegheiter og truslar.

«Nøysame Vestland» er saga om korleis Vestland og Noreg opplever ein tøffare røyndom etter å ha trekt i naudbremsen for å nå nullutsleppsmålet.

«Tryggleiksvestland» er saga om eit Vestland som må ta eit endå tyngre ansvar for norsk og europeisk energitryggleik og forsyningstryggleik i ei uroleg tid.

«KI-drivne Vestland» er saga om eit Vestland som har mista unge med yrkesfagleg kompetanse og som satsar på kunstig intelligens for å redde velferda.

«Klimaherja Vestland». er saga om korleis Vestland vert råka av stadig fleire og meir brutale klimaendringar og naturhendingar, noko som utløyser forvirring og panikk.

Dei fire scenarioa har som formål å opne opp for diskusjonar på tvers av fag og sektorar i det vidare arbeidet med Utviklingsplan 2024-2028, ved sidan av å gi impulsar til det samla utfordringsbilete som er leda ut frå kunnskapsgrunnlaget. Scenarioa for Vestland siktar mot å utløyse diskusjonar om dei ulike vegane som utviklinga kan ta, og om korleis handlingsrommet for Vestland ser ut. Scenarioa kan nyttast til å tenkje nytt om utfordringane som Vestland står overfor, og til å fremja ei felles røyndomsforståing.

### **Spørjeundersøking om utvikling i Vestland**

Som del av kunnskapsgrunnlaget er det gjennomført ei spørjeundersøking, basert på ei enkel SWOT-tilnærming, der ein ser på styrkjer, svakheiter, moglegheiter og truslar for samfunnsutviklinga dei neste 10-20 åra. Det er òg lagt til spørsmål om statusen til berekraftmåla og regionale planar i aktørane sin verksemd.

Utvalet av respondentar i heile fylket er strategisk. Undersøkinga er sendt til eit strategisk utval av fagpersonar og leiarar for viktige organisasjonar i offentleg, privat og sivil sektor, med mål om å få erfaringsbasert kunnskap om samfunnsutviklinga i Vestland frå ulike posisjonar og perspektiv. Ei undersøking er vidare sendt til alle tilsette, politikarar og medverknadsråd i Vestland fylkeskommune. I tillegg til å få enda breiare innsikt frå Vestlandssamfunnet, gir innspela god innsikt i erfaringar med berekraftarbeid og regional planlegging, som er nyttig i vurderinga av korleis plansystemet i fylket kan bli betre og meir effektivt, og korleis det kan treffe dei viktigaste utfordringane i åra framover. Svarprosenten er på om lag 35 prosent i den fylkeskommunale undersøkinga og 45 prosent blant det strategiske utvalet.

Når det gjeld dei største *utfordringane* som ein ser i fylket framover, er det store forskjellar mellom utvalsgruppene. Det er mest utfordringar innan samferdsle og infrastruktur som er gjennomgåande nemnt blant utvalsgruppene. Oppvekst, skule og utdanning er nemnt blant flest av dei tilsette, som truleg kjemt av at fylkeskommunen har mange tilsette i skulesektoren. Respondentar i det strategiske utvalet og blant medlemmer i fylkestinget legg større vekt på rekruttering av kompetanse og folketals- og aldersutvikling. Medlemmene i fylkestinget meiner dessutan at energitilgang og -prisar er eit stort utfordringsområde. Her er det òg forskjellar mellom dei ulike respondentane innan det strategiske utvalet, der til dømes representantar for næringslivet peiker på dårlegare økonomi, folketals- og aldersutvikling og energitilgang og -prisar meir enn andre grupper.

Tilsette med ulike sektor-ansvar/oppgåver har søkeljos på sektorutfordringar, medan det strategiske utvalet har eit betydeleg breiare perspektiv. Politikarane i fylkestinget kan sjå ut til å vere mest opptatt av sakar dei truleg har kjempa for over lengre tid. Denne tolkinga inneber at den strategiske tilnærminga til planlegging og implikasjonar av samanhengstenking om det overordna utfordringsbilete til Vestland ikkje er heilt forankra og etablert i heile fylkesadministrasjonen. Samstundes ser vi i dei kvalitative svara som er gitt at mange stiller spørsmål til korleis ein kan utvikle robuste lokalsamfunn når dei unge flyttar ut av regionen eller fylket, når befolkninga eldast, og når kompetansebehovet er stort. Ein del respondentar meiner vidare at innsatsen innan samfunns-tryggleik og beredskap er for låg og at utfordringane knytt til krigen i Europa, klimatilpassingar og matvareproduksjon er store.

På spørsmål om kva for spesielle *styrkar* ein ser at fylket har, er inntrykket at det er større samforståing. Store delar både blant tilsette, det strategiske utvalet, og medlemmene i fylkestinget seier at natur- og arealressursar, tilgang på fornybar energi og livskvalitet og attraktive lokalsamfunn er store styrkar i Vestland.

Samstundes vurderer tilsette i langt større grad enn det strategiske utvalet at tilgang på kompetanse og kunnskapsmiljø er ein særleg styrke, medan mange i det strategiske utvalet og blant medlemmene i fylkestinget meiner at innovasjonsevne og entreprenørskap er ein særleg viktig styrke. I dei kvalitative svara meiner fleire at fylket sine styrkar ligg i nærleik og

sterke lokalsamfunn, samt utbreidd stadkjensle og tilhøyrslse. Dei naturgitte kvalitetane i Vestland blir sett som grunnleggjande for næringsaktivitet og som ein komponent i attraktiviteten til lokalsamfunna, bygd på landskapskvalitetar og tilgjengelege naturopplevingar.

Syna på dei største *svakheitene* i Vestland fylke er samsvarande hos dei tre utvala. Infrastruktur og offentlege transporttilbod, samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv, kunnskapsmiljø og sivilsamfunn om samfunns- og næringsutviklinga og busetnad og fagmiljø i distrikta er område der ein ser særlege svakheiter.

Blant ulike grupper innan det strategiske utvalet framhevar både sivilsamfunnet og næringsinteressentane særleg verkemidlar og tiltak for å skape fleire framtidretta bedrifter og arbeidsplassar i heile fylket og nyskapingsevne i privat og offentleg sektor som eit område med svakheiter. Samstundes er ein i sivilsamfunnet særleg meir opptekne av svakheiter med satsinga på barn og unge, med tiltak for å styrkje naturmangfaldet og med verkemidlar for å styrkje folkehelse og livskvalitet i heile befolkninga.

Når det gjelder syn på dei største *ytre truslane* framhevast klimaendringar og naturulukker samt energitilgang og energiprisar på tvers av utvala. Samstundes framhevar særleg strategisk utval svake nasjonale og regionale virkemidlar for samfunns- og næringsutvikling som ytre utfordringar (noko som òg i nokon grad gjeld medlemmene i fylkestinget).

I spørsmålet om bruk av omgrepet «*berekraft*», medrekna om deira oppleving av relevansen av FN sine berekraftsmål i deira virke og praksis, møter/brukar tilsetje i fylkeskommunen omgrepet i langt mindre grad enn andre respondentar i sine arbeidsomgjevningar. Om lag 35 prosent av dei tilsetje i Vestland fylkeskommune opplyser om at dei nyttar omgrepet mykje eller svært mykje, medan dette gjeld for 60-75 prosent av dei andre delutvala. Medan denne tendensen ikkje varierer med type tilsett (utan eller med leiingsoppgåver), er det noko større forskjellar når det gjeld undergrupper av det strategiske utvalet. Spesielt dei med næringsbakgrunn opplyser at dei brukar omgrepet mykje eller svært mykje, medan dette er tilfelle i langt mindre grad i offentleg- og sivilsamfunnsgruppene.

Vi finn noko av den same tendensen i spørsmålet om potensialet i FN sine berekraftsmål som styringsverktøy. Strategisk utval og fylkestingsmedlemmene ser det største potensialet, medan tilsette har mindre tru på måla som framtidige styringsverktøy. Dei som har gitt ei utgreiing på spørsmålet i undersøkinga, visar til mangfaldige måtar å arbeide med berekraft på i Vestland fylkeskommune. Samstundes viser svara eit spekter - mellom å sjå berekraft som ein del av eins arbeidsmandat, ei rettesnor og eit mål, og å sjå det som eit fyndord utan innhald eller praktisk relevans.

Undersøkinga gir òg innsikt i kva for grad Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 blir nytta. Dei tilsetje nyttar der i lita grad. Det er i utviklingsarbeid og i utforminga av eigne faglege planar at tilsetje brukarar utviklingsplanen mest, og dei med leiingsoppgåver brukar den gjennomgåande meir på fleire område, noko som er eit naturleg mønster. I tillegg gjer medlemmer i fylkestinget og blant dei i det strategiske utvalet (med ulike strategiske nøkkelfunksjonar) bruk av utviklingsplanen i større grad på sine aktuelle område.

I spørsmål om kva som skal til for å gjere planane i fylket betre på deira aktuelle område er det betre formidling av planane, styrkt samarbeid mellom fylkeskommunen, stat, kommunar og andre samfunnsaktørar om utvikling og gjennomføring av planar, samt lettare tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag. som nemnast oftast blant dei tilsetje i fylkeskommunen. Det er ikkje store skilnader mellom tilsetje utan og med leiingsoppgåver, men dei sistnemnde etterlyser i større grad heilskaplege planar som går på tvers av sektorane og i nokon grad meir «samanheng mellom handlingsprogram, budsjett og rapportering. Dette kan ein truleg sjå i samanheng med meir eller mindre strategiske funksjonar hos ulike typar tilsette.

Blant respondentane i det strategiske utvalet er det fleire som meiner at meir substansielle forhold slike som styrkt samarbeid/samskaping mellom fylkeskommunen, stat, kommunar og andre samfunnsaktørar om utvikling og gjennomføring av planar, samt klare prioriteringar og


satsingar, er viktig for at fylket sine planar får større meining og betydning, medan til dømes betre formidling nemnast sjeldnare. Samstundes etterlyser særleg sivilsamfunnet betre formidling og næringslivet i nokon grad eitt betre kunnskapsgrunnlag meir enn andre.

Som dei tilsetje med leiingsoppgåver, etterlyser fylkestingsmedlemmene betre samanheng mellom handlingsprogram, budsjett og rapportering aller mest og, som dei tilsetje elles, styrkt samarbeid mellom aktørar og betre samordning av fylkesplanane.

## Berekraftutfordringar, konflikhtar og dilemma

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget – metodane og resultata presentert i denne rapporten, munna ut i fem utfordringsområde med tre hovudutfordringar kvar, og tre løysingsområde, som vart grundig diskutert i Utfordringsrapport for *utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*. Aktuelle berekraftkonflikhtar og dilemma er gitt som døme og som grunnlag til diskusjon.

Dei femten berekraftutfordringane og løysingsområda, som kunnskapsgrunnlaget og utfordringsrapporten munna ut i, er illustrert nedanfor når det gjeld korleis dei påverkar kvarandre, frå orsakar til konsekvensar, og til saman difor dannar ei (samfunns)floke. Tabellen visar berekraftutfordringar, konflikhtar og dilemma som er eller kan oppstå på tvers av utfordringsområda (Illustrasjon ved Vestland fylkeskommune).



I arbeidet med komande regionale planstrategi - utviklingsplan for Vestland - kan utfordringane, samfunnsflokane, dilemmaa og synergiane som er lagt fram i kunnskapsgrunnlaget bli kjernesporsmål for korleis berekraftmåla kan bidra i den strategiske planlegginga. Framover blir ei viktig oppgåve for både kommunar og fylkeskommunen blir å redusere talet på strategiar og tematiske planar. Forenkling er ei føresetnad for å utvikle meir heilskapleg strategiar retta mot løysing av store samfunnsutfordringar.

Resultata frå spørjeundersøkinga blant dei tilsette i Vestland fylkeskommune viser behov for å organisere berekraftarbeidet meir heilskapleg i organisasjonen, slik at organisasjonen trekkjer i same retning, med dei verkemidlane og den varierte kompetansen som fylkeskommunen til saman har å bruke i arbeidet med berekraftig regional utvikling og omstilling.

Den regionale analyse og framsynsanalyse med scenarioar som rapporten summerer er nyttige kunnskapsgrunnlag i arbeidet med utviklingsplanen. Den regionale analysen visar regionale skilnader og særtrekk som er viktig å ta omsyn til og diskutere i utviklinga av strategisk planlegging frå fylkeskommunen si side. Det er ikkje minst viktig for å imøtegå utvikling i ulikskap, både sosialt og geografisk. Scenarioane kan vere til hjelp for å forstå endringskreftene som påverkar og formar vestlandssamfunnet utanfrå, som fordrar arenaer for samarbeid og samskaping i åra framover.

# 1 Innleiing: Om berekraftig regional utvikling

## 1.1 Om å samprodusere eit kunnskapsgrunnlag

Denne rapporten formidlar perspektiv, metodar og resultat frå dei ulike kunnskapsdelane, som til saman utgjer kunnskapsgrunnlaget for utviklingsplanen for Vestland, regional planstrategi.

Kunnskapsgrunnlaget ligg til grunn for *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*. Det består av spørjeundersøkingar, ekspertintervju og scenarioverkstadar som har munna ut fire scenarier for Vestland 2040; ein analyse av eigenskapar og utviklingstrekk ved økonomi, samfunn og miljø i Vestland fylke og regionane, og innhenting av ny kunnskap frå Vestland fylkeskommune sitt eiga planverk og folkehelseoversikt. Rapporten gjer greie for dei kunnskapsdelane som forskar- og konsulentgruppa frå By- og regionsforskningsinstituttet NIBR Oslomet, Dietz Foresight AS og Nordlandsforskning har vore ansvarlege for. Den beskriver dessutan korleis sjølv utfordringsrapporten er samprodusert mellom forskar- og konsulentgruppa (heretter forskargruppa) og Vestland fylkeskommune.

### 1.1.1 Forskaroppdraget

By- og regionsforskningsinstituttet NIBR Oslomet, Dietz Foresight AS og Nordlandsforskning har utarbeidd eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag for utviklingsplan for Vestland, i nært samarbeid med Vestland fylkeskommune. Utviklingsplanen er Vestland sin regionale planstrategi, som skal bli vedteken seinast eit år etter fylkestingsvalet (2023).

Kunnskapsgrunnlaget set ljøs på utviklingstrekk og berekraftutfordringar, det peikar attande så vel som på moglege framtidsscenarium og det skal bidra til at planen kan bli eit styringsverktøy for berekraftig regional utvikling. Kunnskapsgrunnlaget sitt hovudprodukt er *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*.

Oppdraget var å bidra til kunnskapsgrunnlaget til planstrategien, som omfattar tre bolkar:

1. Data, statistikk og analyse av regionale utviklingstrekk (regional analyse)
2. Folkehelseoversikt etter folkehelselova (folkehelseoversikt)
3. Samanstilling av utfordrings- og moglegheitsbilete (utfordringsrapport)

Medan fylkeskommunen sjølv utarbeidde folkehelseoversikta, var oppdraget til forskargruppa NIBR, Dietz Foresight AS og Nordlandsforskning å gjennomføre ei regional analyse og utfordringsrapporten, i samarbeid med fylkeskommunen.

Kunnskapsgrunnlaget skulle vidare utarbeidast på eit vis som bidreg til å leggje eit grunnlag for det vidare arbeidet med berekraftsmål og – indikatorar. Fylkeskommunen hadde starta arbeidet i 2019, då Vestland fylke vart oppretta etter ei samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylke. Intensjonen er at fylkeskommunen og kommunane i fylket får hjelp til å gi det vidare berekraftsarbeidet ei klår retning. I dette ligg å produsere kunnskap som kan bidra til å løfte fram og handtere både interessekonfliktar og synergimoglegheiter mellom ulike plantema og berekraftsdimensjonar.

Til sist ønskte fylkeskommunen å ta i bruk nyskapande metodar for å gjere den regionale planlegginga relevant til å møte dagens - og ikkje minst framtidens - utfordringar og moglegheiter. Særleg gjeld dette arbeidet med å integrere berekraftsarbeidet i den regionale planlegginga. Til dette ønskte dei å bruke strategisk framsyn ved hjelp av scenariometodikk. Målet er å auke endringskapasiteten i fylkeskommunen sine planverktøy, integrere berekraftsarbeidet i plansystemet, og gjere utviklingsplanen meir robust i forhold til uventa hendingar.

### 1.1.2 Samfunnsoppdraget til Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune skal bidra til berekraftig samfunnsutvikling gjennom å ta ei sterk og tydeleg samfunnsutviklarrolle. Fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag er å setje retning, samhandle og engasjere for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta samfunn. Visjonen er å vere nyskapande og berekraftig, og verdiane er open, kompetent og modig.

### 1.1.3 Samproduksjonen av kunnskapsgrunnlaget

Med eit kunnskapsgrunnlag som byggjar på ulike kjelder, har målet i prosjektet vore å veve saman eit utfordringsbilete som tek på alvor samanhengstenkinga fremja i FN sin Agenda 2030 for berekraftig utvikling.<sup>2</sup> Kunnskapsgrunnlaget skal vere ei hjelp til å møte berekraftmål og dimed berekraftutfordringar på tvers av samfunnsområde i samfunnsplanlegginga.

Av denne orsaka har fylkeskommunen sitt arbeid med kunnskapsgrunnlaget vore annleis enn i 2019, då Vestland fylke sin fyrste utviklingsplan med kunnskapsgrunnlag og utfordringsrapport vart laga. Gjennom bruk av ulike metodar inngår både forskingsbasert og erfaringsbasert kunnskap i kunnskapsgrunnlag for utviklingsplan 2.0. Ein ny måte å tenkje kunnskapsgrunnlaget på er òg å basere seg på både analysar av utviklingstrekk dei siste åra og på framsynsanalysar. Denne måten å kople kunnskap og aktørar på er krevjande og ny. Den krevjar gjerne organisasjonsinnovasjon for å fremje nye måtar å samarbeide om kunnskapsproduksjon på.

Ein ny samarbeidsform som er nytta i dette arbeidet er samproduksjon, som tydar at forskarar samarbeider med forskjellige samfunnsaktørar om å produsere kunnskap, handling og sosial endring, på utfordrande område slik som folkehelse, klimaendringar og berekraft (Chambers mfl. 2021). Metoden er omfamna fordi den handlar om å utvikle løysingar gjennom legitime prosessar som trekker på mangfaldig og truverdig ekspertise med, av og for dei som er best plassert til å bruke dem (s.983). Ein viktig grunn til å velje samproduksjon som framgangsmåte er for meir effektivt å løyse kjente problem, eller for å ramme inn og forstå problem på nye måtar. Det er denne siste motivasjonsfaktoren som ligg til grunn for samproduksjonen av kunnskapsgrunnlaget for utviklinga i Vestland. Fylkeskommunen ynskjer å forstå dei regionale berekraftutfordringane og utviklingstrekk meir overordna og i samheng, slik at planlegginga og utviklinga kan angripast meir strategisk og heilskapleg.

Ei meir strategisk planlegging for berekraftig utvikling er òg i dag forstått som eit meir avgrensa plansystem, der planane ikkje er spesialiserte (tematisk avgrensa), dei er færre og heller generelle og overordna (Lafferty og Hovden 2003). Viktige og vanskelege tema som berekraft, klima, naturmangfald og folkehelse er avhengige av tverrgående kunnskapar og innsatsar frå ein kommune eller ein fylkeskommune for å gripe godt an den lokale og regionale samfunnsutviklinga. Skal ein treffe dei største berekraftløysningane må ein sjå samfunnsutviklinga i samheng. Difor vil arbeid med generelle planar vere å føretrekke for ein effektiv bruk av knappe ressursar.

Knappe ressursar og ei meir utbreidd forståing av at mange ulike aktørar sine kunnskapar om samfunnsutvikling trengs, inneber òg at samskaping har blitt ei tilnærming til problemløysing. Samskaping handlar om at ressursar må nyttast betre, men òg om å utveksle kunnskap og skape legitimitet. For å få det til, må kunnskapen som går forut for planar ha legitimitet hos alle aktørane (Nyseth og Ringholm 2018). Samskaping kan såleis forstås som ei likeverdig utveksling av kunnskapar, ressursar, kompetanse og idear (Voorberg mfl. 2015). Samskapinga skjer gjerne mellom offentlege myndigheiter og sivilsamfunnet sine aktørar, på grunnlag av felles forståing av kunnskap om utfordringar og betydinga av å utvikle felles visjonar (Bjørge og Røiseland 2017). Frå eit felles perspektiv på

---

<sup>2</sup> FN 2015. Transforming our world: the 2030 Agenda for Sustainable Development. Resolution adopted by the General Assembly on 25 September 2015.




utfordringsbilette og dei måla som då må formulerast er idealet at offentleg, privat og sivil sektor samarbeider om betre løysingar.

Ein annan måte å tenkje samskaping på er å inkludere politikarane i relasjonane, slik Storbynettverket i KS har gjort. Dei legg til grunn at samskaping er eit verkemedel for mellom anna:

å utvikle nye og mer treffsikre løysningar, mobilisere økonomiske og kompetansemessige ressursar, sikre økt demokratisk deltaking og skape tillit og gode lokalsamfunn. Tanken er at innovasjonar i prosess, tenester og planarbeid bygger kultur for innovasjon, og at politiske og administrative ledere i fellesskap trengjer å utvikle store kommuneorganisasjonar preget av nysgjerrighet, åpenhet og mot (Agenda Kaupang og Asplan Viak 2022, s.12).

Agenda Kaupang og Asplan Viak (2022) undersøkte korleis samspill og dialog mellom politisk og administrativt nivå kan la seg inspirere av samskaping. Storbyane peikar på behovet for endringsvilje, der samskaping er ein del av innovasjon i offentleg sektor. Utgangspunktet er at meir samhandling mellom politisk og administrativt nivå kan bidra til at strategiske planar blir betre styringsverktøy og at planprosessane blir meir effektive. Dei konkluderer med at «for å få det til må rammebetingelser, strategisk planlegging, styring og ledelse og samskaping ses i sammenheng» (s.13).

Figur 1: Agenda Kaupang og Asplan Viak 2022, s.64: Strategisk planlegging sett i lys av kommunelov.



I det saksforberedande arbeidet som gjennomførast i strategisk planlegging, anbefalar Agenda Kaupang og Asplan Viak, som figur 1 visar, at folkevalde blir trekt inn i denne fasen for å vere med på strategisk kunnskapsinnhenting. I det saksbehandlende arbeidet anbefalar dei derimot at administrasjon og folkevalde skiljar lag.

I arbeidet med kunnskapsgrunnet har ikkje samskaping med *sivilsamfunnet* vore ei sterk tilnærming, fordi det ikkje har vore ressursar til det. Det har likevel vore gjennomført scenarioverkstader og spørjeundersøking blant ei breidde av samfunnsinteresser i fylket, som har spilt inn til å definere utfordringsbiletet. I tillegg er det gode grunner til å leggje tyngda på samskaping i arbeidet med sjølv utviklingsplanen, der lokalkunnskap og fagkunnskapar kan møte den politiske vilja i den strategiske planlegginga av berekraftig utvikling av Vestland.

Når det gjeld samskaping som samspel og dialog med politisk nivå har folkevalde vore invitert til å delta i alle delar av arbeidet med å utarbeide kunnskapsgrunnet. Fylkesutvalet har vore prosessorgan, medan hovudutvalet og medverknadsorgana har delteke gjennom

referatsaker. Representantar for alle politiske partia på fylkestinget vart invitert til scenarioverkstadane, og fylkestinget behandlar *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi* (hausten 2023).

### 1.1.4 Den praktiske samproduksjonen

Samproduksjonen av kunnskapsgrunnlaget for Utviklingsplan for Vestland kviler på systematisk samspel mellom fagressursar, som finn si praktiske base i organisering av møteverksemd.

Vestland fylkeskommune oppretta ei prosjektgruppe med fagpersonar frå avdeling for næring, plan og innovasjon seksjon for plan, klima og analyse. Fagpersonane har brei kompetanse frå arkitektur, plan, folkehelse, berekraftig utvikling, klima, naturmangfald og næring. Denne gruppa jobba systematisk med å bringe fram informasjon, data og analysar, og den deltok i ei rekkje diskusjonsmøte med forskargruppa. Styringsgruppa har bestått av fylkesdirektøren si toppleiargruppe, som har hatt regelmessige møter med prosjektleinga gjennom heile prosessen.

I tillegg var gruppa med plankontaktar som speglar ansvarsområde frå heile fylkeskommunen sentrale i både gjennomføring av scenarioverkstadane og i å gi faglege innspel til utfordringsrapporten. Det vart gjennomført møte nesten kvar veke mellom prosjektleiar i forskargruppa og prosjektleiar i fylkeskommunen i løpet av prosjektperioden, der prosjektgruppa i fylkeskommunen og forskarane deltok regelmessig. Tabell 1 visar den overordna møteverksemda, som illustrerer at samproduksjonen gjekk føre seg kontinuerleg i prosjektet. Tabellen visar òg tidsplanen for dei ulike kunnskapsdelane og kva metodane bestod i.

Tabell 1: Møteverksemd og prosessar i prosjektet.

Innhald	Des	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni
Forskarane med arbeidssted Bergen				xx	xx		
Forskarmøter med og presentasjonar for plankontakter			x	xx	x		x
Møte med samarbeidsgruppa Statsforvaltaren og KS og regionalt planforum			x	x	x	x	x
Møte om berekraftimplementering i kunnskapsgrunnlag og regionalt planarbeid	x	X	x	x	x		
Møter om berekraftarbeidet i VLFK med plankontaktane				x	x		
Koordinering med arbeidet med folkehelseoversikten	x	X	x		x		
Intervjuar med ti samfunnsaktørar							
Mini-verkstad på toppleiarssamling for VLFK		X					
Framsynsverkstad Vestland 2040				xx	x		
Regional analyse av utviklingstrekk							
Spørjeundersøking strategisk utval og alle tilsette i VLFK							
Utfordringsrapporten fristar				23	24	12	18

Som tabell 1 vitnar om, har oppdraget vore komplekst, med ein arbeidsprosess der forskarar og konsulent, mange nøkkelpersonar i fylkeskommunen og andre aktørar saman har produsert kunnskap om utfordringar og utviklingstrekk. Samproduksjonen av kunnskapsgrunnlaget har vore tettast mellom prosjektgruppa og forskargruppa, men det har vore etablert fleire tverrfaglege og samskapings-arenaer, der dei ulike aktørane saman har streva etter å utvikle eit kunnskapsgrunnlag for strategisk handling og for meir tverrsektorielt samarbeid på tvers av fylkesorganisasjonen og fylket. Arenaene brukt og utvikla har vore fylkeskommunen har sitt eige plannettverk, fylket har sitt planforum beståande av statlege og regionale aktørar og det ble gjennomført tre scenarioverkstader med dei same deltakarane.

Til saman har analysane og innspela frå eit breitt spekter av aktørar lagt grunnlag for det utfordringsbilete som no tekne seg som det viktigaste for utviklinga av Vestland framover. Beskrivinga er ikkje uttømmende, og peiker ikkje mot tradisjonelle politiske saksfelt kor ein skal finne løysningane innan enkeltvise fag-, sektor- og ansvarsområde. I dag snakkar vi om samfunnsflokar, som handlar om at det finst komplekse utfordringar der det ikkje er ein enkelt aktør eller sektor som eiger utfordringa, der orsaka er samansette, og der løysningane må jobbast fram av ulike aktørar og på bakgrunn av ulike fagområde og saksfelt. Folkehelse er ein slik samfunnsfloke, klima ein annan. Desse flokane krevjar samanvevingar av kunnskapar, aktørar og perspektiv for å nærme seg løysingar på dei, det vi her har kalla samproduksjon.

## 1.2 Kunnskapsgrunnlaget sine kjelder og oppbygging

For å få innsikt i utfordringsbilete og moglegheitene for utviklinga i fylket og delregionane har vi gjennomført ei spørjeundersøking blant eit strategisk utval offentlege og private aktørar i fylket og med alle tilsetje i Vestland fylkeskommune. Vi har intervjuet eit strategisk utval utviklingsaktørar som har god kjennskap til Vestlandsamfunnet, som grunnlag for verkstadar for diskusjon av ulike scenario for framtida. Vi har utarbeid ein analyse av eigenskapar og utviklingstrekk ved økonomi, samfunn og miljø i Vestland fylke og regionane. Til saman har desse metodane skaffe kunnskap om drivkrefter og truslar, svakheiter og styrkjer som hemmar eller fremmar samfunnsutviklinga. Tabell 2 visar kjeldene og kven som har utarbeidd dei.

Tabell 2: Oversikt over kjelder i kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapsdel	Innhald	Utarbeidd av
Utfordringsrapport for utviklingsplanen for Vestland 2024-28 regional planstrategi	Oppsummering av kunnskapsgrunnlaget som viser viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar etter PBL § 7-1	Vestland fylkeskommune med forskargruppa
Folkehelseoversikt 2023-2027	Oversikt over helsestoda i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne etter FHL § 5 og 6	Vestland fylkeskommune
Vestland fylke og regionane - nokre eigenskapar og utviklingstrekk	Analyse av samfunnsutviklinga basert på data og statistikk innanfor eit breitt spekter av samfunnstema	NIBR OsloMet (del av forskargruppa)
Scenarioar Vestland 2040	Fire scenarior utforma for korleis Vestland utvikle seg dei neste 20 åra	Dietz Analyse AS (del av forskargruppa)
Regionale planar i Vestland	Vedtekne eller igangsette regionale planar for ulike tema med kunnskapsgrunnlag	Vestland fylkeskommune

Dette notatet som tek føre seg perspektiv, metode og dei samprodusera analysane inngår i underlaget for kunnskapsgrunnlaget og kan vurderast som grunnlag for fylkeskommunen sitt arbeid med utviklingsplanen. Her vil vi særskilt peike på resultatane frå spørjeundersøkingane, som ikkje eksplisitt er kommunisert i *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*.

### 1.2.1 Utfordringsområde og løysningsområde for Vestland fylke sitt utfordringsdokument

Kunnskapskjeldene lista i tabell 2 dannar på bakgrunn av samproduksjonsprosessen grunnlag for utfordringsbiletet for Vestland. Utfordringsbiletet er greia ut og grundig diskutert i *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*.

Utfordringsbiletet er utvikla med utgangspunkt i anbefalingane frå FN-rapporten *the Future is now* (Independent Group of Scientists appointed by the Secretary-General 2019).

Anbefalingane er å ta utgangspunkt i breie innsatsområde og jobbe med berekraftutfordringar og løysningar innanfor desse. Sunne kommuner har med utgangspunkt i FN-rapporten og NIBR sitt kunnskapsinnspill til Viken fylkeskommune arbeid med regional planstrategi (2020-24) oversett dei seks innsatsområda til norsk som livskvalitet og like moglegheiter; **berekraftig og rettferdig økonomi; berekraftig matproduksjonssystem og ernæring; energibruk og energiomlegging; heilskapleg stad-, by- og regionutvikling; og miljø og økosystem.**

På grunnlag av disse innsatsområda har Vestland fylkeskommune og forskargruppa samarbeid om å vurdere desse opp mot den regionale konteksten, og med utgangspunkt i dei overordna utfordringane som regional analyse og den eksisterande plankunnskapen peika på. Diskusjonane om desse gjekk føre seg i mars og april 2023, og var diskutert med leiinga i fylkeskommunen og i planforum før dei var endeleg bestemte. Til saman fem utfordringsområde vart utpeika:

- Regional, by- og bygdeutvikling
- Klima og energi
- Livskvalitet og like moglegheiter
- Naturmangfald og areal
- Verdiskaping og kompetanse

Sjølv om områda til dels er fagspesifikke, gir dei rom for tverrgåande diskusjonar. Målet har vore å tenkje dei sosiale, økonomiske og miljømessige berekraftdimensjonane på tvers, og at alle dei fem utfordringsområda tek omsyn til:

- Rettferd (ingen skal stå attende)
- Samfunnstryggleik
- Utviklingstrekk på fylkesnivå og mellom dei økonomiske regionane

Eit døme på korleis omsyn til samanhengar i berekraftutfordringar er korleis samferdselsutfordringane i fylket handlar om knappe økonomiske ressursar men òg tryggleik for innbyggjarane, for føreseielegheit og effektivitet for næringslivet, og for moglegheitene for å bu i heile fylket. Samstundes er vegar og annan infrastruktur utsett for klimaforandringane gjennom ras, flaum og tørke. Til sist blir låginntekts-grupper, born og eldre råka hardare av mangel på eller dårleg kvalitet på samferdsels-tilbod. Å sjå både på ulike årsaksforhold og ulike konsekvensar for utviklingstrekk og utfordringsområde slik som døme ovanfor gjer at vi har fått ein meir systematisk gjennomgang av utfordrings- og målkonfliktar, som er viktige å forstå og kjenne når ein skal gjere politiske prioriteringar.

Frå dei fem utfordringsområda har prosjektgruppa og forskargruppa saman diskutert kunnskapsgrunnlaget beståande av regional analyse, plankunnskap, spørjeundersøking og scenario for Vestland 2040 (med verkstader og ekspertintervju). På bakgrunn av dette har

dei tre viktigaste samfunnsutfordringane innan kvart område blitt greia ut og definert. Tre utfordringar vart valt for å avgrense og prioritere blant mange viktige samfunnstema, utviklingstrekk og utfordringsbilete. Desse vart diskutert grundig og over tid i møter mellom fylkeskommunen si prosjektgruppe og forskargruppa, i plannettverket, og avdelingane fekk anledning til å spele inn sine fagkunnskapar og synspunkt. Til saman vart det til slutt valt ut 15 samfunnsutfordringar, som er eit tydeleg resultat av samproduksjonen av kunnskap mellom fylkeskommunen og forskarane. Vi kjem tilbake til desse utfordringane i slutten av denne rapporten.

Dei 15 utfordringane er naturlegvis ikkje uttømmende. Det vil vere ueinigheit om vekting av viktigeheit mellom desse, og mellom desse og utfordringar som ikkje er nemnd. Og det vil vere usemje om kva for strategiar og løysingar dei krevjar, som er arbeidet som skal gjerast i Utviklingsplan for Vestland. Samstundes har samproduksjonen av kunnskapsgrunnlaget bragt med seg nokre tydelege funn om kva for løysningsområde som fylkeskommunen bør sjå nærare på som heilskaplege tilnærmingar til oppgåva som samfunnsutviklar. Desse er:

- Samarbeid og samordning
- Forsking og innovasjon
- Effektiv planlegging

Dette tilsvarar FN si framheving av berekraftsmål 17 om samarbeid som det viktigaste målet for å nå alle andre berekraftsmål. Vi skriv ikkje nærare om desse i denne rapporten, da det er å finne i *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*.

## 1.3 Planlegging for berekraftige regionar

Før vi skal presentere og diskutere metodane og resultatane i kunnskapsgrunnlaget for Utfordringsrapporten og utviklingsplan for Vestland skal vi kort gjere reie for perspektiv på berekraftig utvikling og strategisk planlegging som arbeidet kviler på.

### 1.3.1 Heilskapleg planlegging for berekraftig utvikling

Formålet med oppdraget er som nemnd å leggje til rette for at Utviklingsplan for Vestland skal vere heilskapleg og strategisk, godt forankra i den politiske leiinga, i administrasjonen og i tenestene, hos statlege organ og kommunane og hos samfunnsaktørar med verkemiddel for samfunnsutvikling. Eit mål er at han skal styrkje fylkeskommunen sitt bidrag til ein berekraftig utvikling i Vestland, ved sidan av å setje retning, samordne og mobilisere andre aktørar.

Fylkeskommunen og kommunen har fått eit breitt oppdrag som samfunnsutviklar. I dette mandatet skal plan- og bygningslova fremje heilskapleg og strategisk planlegging. Brei involvering av aktørar er ein forutsetning og samordning av offentlege oppgåver eit viktig verkemiddel (Hanssen og Aarsæther 2018). Formålsparagrafen seier at lova «skal framme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar» (§1.1).

I arbeidet med utviklingsplan for Vestland har implikasjonane av desse lovintensjonane og lovkravet for kommunal og regional planlegging vore at det jobbast endå meir tverrfagleg og tverrsektorielt med eit kunnskapsgrunnlag for å fremje berekraftig utvikling.

Utfordringsrapporten, som kunnskapsgrunnlaget munnar ut i, har difor vorte samproduisert som eit dokument byggja på samanhengstenkinga om berekraftig utvikling utvikla i FN og kommunisert i rapporten *the Future is now* (Independent Group of Scientists appointed by the Secretary-general 2019).

FN sine berekraftsmål, som Noreg har forplikta seg til å møte innan 2030, har vorte viktige og konkretiserte styringsmål, der ein skal gjere noko med årsaka til ulikskap, fattigdom og klimaendringar. Da måla vart vedtekne i 2015, vart det som Hanssen (2019, s.5) seier ei sterkare vektlegging av samanhengstenking i berekraftarbeidet:

Da målene ble vedtatt i 2015, var det med en ny forståelse for at økonomi, ulikhet og miljø påvirker hverandre i større grad enn det vi trodde tidligere. Det er sammenhengen mellom disse tre dimensjonene som avgjør om noe er bærekraftig. For ikke å bruke opp den eneste kloden vi har, må vi finne løsninger som balanserer belastningen på miljøet med forbruket og økonomien vår, og vi må finne bedre måter å fordele ressursene på. Det er bærekraftig både for mennesker og miljøet.

*Bærekraftig utvikling* skjer, som Hanssen (2019, s.1) skriv, innanfor eit *relasjonelt system*, der dynamikkar opererer internt i systemet, innanfor sosialt, økologisk og økonomisk bærekraft, og eksternt mellom ulike delar av systemet. For mål innanfor og mellom desse delsystema kan det oppstå konflikta.. Den tydelege samanhengstenkinga inkludert i bærekraftmåla kan nyttas av fylkeskommunen til å veve saman sektormål og sektoransvar i ein heilskapleg samfunnsplanlegging.

Dei 17 måla, illustrert i figur 2, er brote ned i 169 delmål, som er rimeleg konkrete og eigna for styring når ein bevegar seg ned i styringshierarkiet. Samstundes har utfordringa vore å sjå heilskapleg på måla, handtere konflikta mellom dei, og finne løysningar på tvers av dei.

Figur 2: FN sine bærekraftmål. Kjelde: FN-sambandet.



*Heilskapleg (eller strategisk) planlegging* har vekse fram som ein måte å hanskast med komplekse og langvarige utfordringar med stor grad av uvisse, spesielt der mange aktørar er involverte i planprosessen (Ringholm og Hofstad 2018). Heilskapleg planlegging vektleggjast òg slik i Plan- og bygningsloven av 2008, gjennom det sterke fokuset på å samordne oppgåver og koordinere interesser på eit område (Aarsæther 2018). I tillegg har fylkeskommunane og kommunane dei seinare åra fått ein viktigare samfunnsutviklarrolle, og plansystemet er difor eit viktig reiskap for å styre utviklinga i bærekraftig retning. Regionreforma forsterka behovet for samordning på tvers av gamle fylkeskommunar med sine organisasjonar og politiske tradisjonar.

Strategisk planlegging handlar om å gi perspektiv på og retning for framtida i lys av sentrale utviklingstrekk. Det handlar om å avklare interesser og integrere avgjerder (Ringholm og Hofstad 2018). Det handlar i siste instans om å ta vegval og prioritere. Plan- og

bygningssloven ber desse ambisjonane og er tydeleg på at samordninga av planprosessar skal bidra til å koordinere sektorar, aktørar, oppgåver og interesser (Aarsæther mfl. 2018).

Regional planstrategi som verktøy i plan- og bygningssloven skal gjere fylkestinget i stand til å målrette planleggingsoppgåver og auke effektiviteten i regional planlegging (Higdem og Kvalvik 2018, s.107). Planlegginga skal styrkast som politisk styringsverktøy gjennom planstrategien og dermed bidra til betre plansamanheng og prioritering for ein berekraftig samfunnsutvikling. Eit viktig moment i dette er å overvinne eller dempe sektoriseringa i forvaltninga, slik det òg er nødvendig i arbeidet med berekraftig utvikling (Bardal mfl. 2021).

Det er eit behov for endring i arbeidsmåtar og rolleforståing tilpassa endra rammer og føresetnader. Klimautfordringar og andre kriser og utfordringar gjer at ein må lære seg å navigere i eit nytt og kanskje farlegare farvatn. Endringar skjer raskt, slik at hovudspørsmålet ikkje er å skape endring, men å styre endringane inn mot meir berekraftige og ønskelege utfall (O'Brien 2013). Dette krev refleksive og læringsbaserte former for styring og leiarskap, kor ein ikkje prøvar å fjerne kompleksitet, men heller navigerer i ho med ein openheit som legg grunnlag for kollektiv utforsking, eksperimentering og læring (Muiderman mfl. 2020). Målet med eit samansett kunnskapsgrunnlag og ein utfordringsrapport er at dei skal bidra til å skape ein meir fleksibel og robust planlegging, til støtte for ein berekraftig og heilskapleg samfunnsutvikling.

## 2 Regional analyse av utviklingstrekk i fylket

Den viktigaste kjelda for kunnskap om utfordringar og moglegheiter for berekraftig utvikling i Vestland er det vi i denne samanheng kallar den regionale analysen (rad 3 i tabell 2). Regional analyse ser på eigenskapar og utviklingstrekk i Vestland fylke med utgangspunkt i SSBs økonomiske regionar og kommunane. Søkelyset er særleg på dei siste 5-10 åra, og på område som har betydning for berekraftig utvikling. Analysen er publisert som NIBR-rapport 2023:3, og i *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi* er han ikkje sitert, fordi den utgjer hovudgrunnlaget for analysen.

I dette kapitlet beskriv vi analysen sine metodar og datakjelder, og dessutan dei viktigaste funna. Regional analyse er ein avgrensa analyse av regional samfunnsutvikling som søker å klargjera problemstillingane:

- Kva for strukturar, drivkrefter og utviklingstrekk kjenneteiknar sentrale delar av samfunnsutviklinga i Vestland fylke, regionane og kommunane?
- Kva for moglege utviklingsstyrkar og berekraftsutfordringar kan identifiserast i analysen?

Spørsmåla ligg til grunn for oversikt over sentrale strukturar, utviklingstrekk og mønster dei siste 5-10 åra innanfor:

- Demografi, økonomi (næring/sector/arbeidsmarknad), sosiale og kulturelle forhold, og visse samanhengar mellom desse
- Berekraftsstatus og -utvikling på enkelte felt - dvs. for nokre få utvalde indikatorar (økonomisk, sosialt og miljømessig)
- Geografisk variasjon internt i fylket (økonomiske regionar og kommunar) og fylket relatert til landet/andre fylke

Utgreiinga består i hovudsak av empiriske skildringar og analysar av nokre utvalde tema som representerer viktige aspekt ved samfunnsutviklinga i regionane og fylket. Med regionane siktar ein her til dei 10 økonomiske regionane i fylket (SSB). Tematisk er hovudfokuset retta mot den demografiske og økonomiske utviklinga, men også viktige eigenskapar og utviklingstrekk ved arbeidsmarknaden, kulturlivet, sosioøkonomiske forhold, helsetilstand, miljø og klima.

Informasjonsgrunnlag er i all hovudsak offentleg tilgjengeleg statistikk, frå ulike institusjonar (SSB, Folkehelseinstituttet, Miljødirektoratet, NAV, Vestland fylkeskommune osv.). Det er dessutan brukt nokre dokument (planar, utgreiingar, forskning) og elles vist til ein god del slike for ytterlegare fordjuping med relevans. Analysen er likevel ikkje basert på nokon systematisk gjennomgang og samanfatta kunnskapsstatus basert på alle relevante plandokument.

Offentlege registerdata publisert på lågt geografisk nivå (kommune) og lengre tidsseriar finst stort sett for tema som demografi, sysselsetjing, næringar, arbeidsmarknad, sysselsetjing m.m. Det same gjeld statistikk knytt til sosiale forhold som inntekt, utdanning, arbeidsløyse, utanforskap m.m., medan det er litt meir varierende på lågt geografisk nivå når det gjeld ein del helse- og levekårsdata. Miljøstatistikken på lågt geografisk nivå og tidsseriar er god for direkte klimagassutslepp, men ikkje like god for arealbruk og -typar, naturmangfald, økosystem og vassstilstand. Dette gjer at ein del av dataa me har brukt berre finst på fylkesnivå.



## 2.1 Funn og moment i regional analyse

### 2.1.1 Urbaniseringsprosessar i eit variert busetjingsmønster

I utgangspunktet er busetjinga tilpassa ein unik naturgeografi med større høgjellsområde, mange store og lange fjordar, frodige lier, lågland og strandsoner, ei lang og variert kystlinje og øyar med nærleik til storhavet. Seinare har industrialisering og urbaniseringa prega mykje av utviklinga av busetjingsmønsteret. I dag har Vestland eit busetjingsmønster prega av ein storby og mange spreidde lokaliserte småbyar og tettstader omgitt av tynt folkesetje område.

Urbaniseringsprosessane, det vil seia både sentraliserings- og konsentrasjonsprosessane knytt til busetjing og arbeidsplassar, har vore sterke dei siste tiåra. Urbaniseringsgrada har nådd eit høgt nivå med 81 prosent busetje i tettstader, likevel framleis litt lågare enn landet (83%, 2021) og elles store variasjonar mellom regionane i fylket. Ser ein på fordelinga til busetjinga på klassar av funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar etter største tettstad, bur no dei fleste i storbyregionen til Bergen (61%), ein stor del i dei mindre byregionane i fylket (35%) men stadig færre i dei spreiddbudde regionane (4%) utan tettstader på over tusen innbyggjarar. Medan storbyregionen har auka, og spreiddbudde regionar har redusert sine delar av Vestland sitt folketal gjennom dei siste 15-20 åra, har dei mindre byregionane halde oppe sit folketal og del av befolkninga i fylket. Fylket har såleis i dag eit variert busetjingsmønster med både storbyen, småbyane og utkantstroka sine ulike eigenskapar, moglegheiter og utfordringar.

### 2.1.2 Demografiske forhold

Det har vore varierende befolkningsvekst i fylket dei siste 50-60 åra, med sterkast vekst i perioden 2005-2015 som følgje av høg (netto-) innvandring. Det siste tiåret (2009-2021) har det vore ein gjennomsnittleg befolkningsvekst på 0,9 prosent per år. Innvandring og fødsels-overskot har vore grunnlag for heile veksten ettersom det samtidig har vore noko nettoutflytting frå fylket til landet elles, i hovudsak til Austlandet. Utviklinga vidare er særleg usikker når det gjeld inn- og utvandringa.

Det er dei «mest sentrale regionane» (Bergen, Midthordland, Nordhordland) som har hatt klart sterkast befolkningsvekst som følgje av høgt fødselsoverskot og nettoinnflytting både frå utlandet og landet. I dei andre sju «mindre sentrale regionane» har utviklinga vore litt meir ujamn, men dei fleste har halde folketalet på regionsnivået som følgje av innvandring og noko fødselsoverskot. Utviklinga blant kommunane i desse regionane er likevel mykje meir ujamn, med både kommunar som veks og som ikkje gjer det. Dei fleste kommunane med vekst i desse regionane er typiske senterkommunar (til dømes Sogndal, Sunnfjord og Voss), medan dei fleste kommunane med nedgang er avsidesliggjande og mindre omlandskommunar i regionane. Framover er det først og fremst ein del av desse sistnemnde kommunar som får utfordringar med å halda oppe folketalet.

### 2.1.3 Nærings- og sektorforhold

Det har vore ein gjennomsnittleg årleg vekst i arbeidsplassar i fylket på 0,8 prosent dei siste tiåret (2009-2022). Hovuddelen av veksten har komme i næringslivet (+17.000 arbeidsplassar), før kommunal sektor (+9.000) og statleg sektor (+8.000). Størst tilvekst av arbeidsplassar har det vore innanfor olje- og gassrelaterte tenester, kunnskapsintensiv forretningstenester (KIFT), bygg og anlegg, helse og sosial, offentleg administrasjon og til dels undervisning. Her er det også verd å notere ein markant vekst i arbeidsplassar innanfor olje-/ gasssektoren og relaterte tenester dei siste åra, og investeringssignala til sektoren tyder på framleis vekst av arbeidsplassar i denne sektoren i fleire år framover. Mindre, men noko vekst av arbeidsplassar har det også vore innan opplevingsnæringar (kultur, reiseliv m.m.) og sjømatnæringa. På reduksjonssida har fylket hatt ein stor nedgang i arbeidsplassar

innanfor teknologi-industriar (skips- og modulverft, maskiner osv.), transport, landbruk med foredling og varehandel.

Dei mest sentrale regionane (Bergen, Midt- og Nordhordland) har fått 96 prosent av tilveksten av arbeidsplassar i fylket (2008-2021). Det kjem mellom anna av at området har eit stort innslag av nasjonale vekstnæringar: kunnskapsintensive forretningstenester, olje- og gassrelaterte tenester, offentleg administrasjon og undervisning. Dei mindre sentrale regionane har altså berre fått 4 prosent av tilveksten av arbeidsplassar. Dette kjem mellom anna av stor reduksjon i talet på arbeidsplassar innanfor store næringar som landbruk, industri og handel, og samtidig svak tilvekst i andre næringar. Det er likevel lette unntak blant desse regionane og særleg enkelte kommunar, som har hatt tilvekst av arbeidsplassar innanfor sjømat, besøksnæringar og til dels forretningsmessig tenesteyting, og enkelte òg innanfor statleg og kommunal tenesteyting. Utviklinga i arbeidsplassar i dei mindre sentrale regionane, og i endå større grad kommunane deira, har såleis vore prega av ei svært ujamn utvikling.

Fylket har eit svært variert og mangesidig næringsliv. Her er mange store eksportnæringar og globalt eksponerte verksemder, men også store næringar og sektorar retta mot heimemarknader og brukarar. Sterke kompetanse- og næringsmiljø finst innan mellom anna sjømat, maritime næringar, prosessindustri, energisektor, olje og gassrelaterte næringar, reiseliv og kultur, landbruk og foredlingsverksemd, forretningstenester, utdanning og forskning. Desse er ujamt fordelt i regionane, som på sin side er ulikt spesialiserte i ei eller fleire av næringane forankra i ulike naturgitte og kompetansemessige utviklingshistorier og fortrinn.

#### 2.1.4 Arbeidsmarknad og kompetansebehov

Det har vore sterk jobbvekst i fylket innanfor akademiske yrke, sals- og serviceyrke, prosess- og maskinoperatør og dessutan høgskuleyrke det siste tiåret. Samtidig har det vore og er mange ledige stillingar for sjukepleiarar, pleiemedarbeidarar, ingeniørar, lærarar grunnskule, metall-/maskin-arbeidarar, bygningsarbeidarar, kundeservice og jobbar utan utdanningskrav. Sjølv om mykje av jobbveksten og tilgangen på ledige stillingar har vore klart størst i dei mest sentrale regionane, har det også vore jobbvekst i enkelte yrke og ein del ledige stillingar for grupper av fagpersonar også i dei mindre sentrale regionane.

Den registrerte arbeidsløysa har variert i fylket (1,5-2,9% 2015-2021) og vore høgast for unge vaksne (1,6-3,5%). Geografisk har arbeidsløysa vore høgast i dei sentrale regionane (pluss eit par kommunar i høvesvis regionane Stord og Sunnhordaland Aust) og generelt lågast i dei mindre sentrale regionane. Dette kan tydde på at er ein eller risikerer ein å bli arbeidsledig i ein av dei mindre sentrale kommunane vil ein oftare flytta til sentrale strøk, enn omvendt. Det kan også vera andre faktorar som verkar inn på registrert arbeidsløysenivå.

Den registrerte arbeidsløysa har vore fallande over nokre år og nivået indikerer no at arbeidsmarknaden er stram og tilgangen på arbeidskraft og kompetanse er sterkt avgrensa. Noko av kompetanse- og arbeidskraftutfordringane kan møtast ved å mobilisera og redusera talet på personar i utanforskap (utanfor arbeid, utdanning og tiltak).

Fylket har eit sterkt kjønnsdelt arbeidsliv og -marknad, og særleg gjeld dette dei mindre sentrale regionane. Mønsteret blir reproduisert av tradisjonelle utdannings- og yrkesval. Dette kan bidra til å hemma arbeidskrafttilgang til samfunnsviktige yrke og oppgåver og potensielt bidra til å svekkja bustadattraktiviteten for enkelte grupper i nokre kommunar og regionar.

#### 2.1.5 Kulturliv, idrett og frivilligheit

Fylket har eit aktivt kultur- og organisasjonsliv. Nasjonal kulturindeks viser at aktivitetsnivået, tettleiken og breidda til kultur-sektoren for mange av kommunane i fylket, ligg blant dei best rangerte kommunane i landet. Dette gjeld både dei nokon mindre sentrale kommunane i

fylket og den mest sentrale kommunen, Bergen. Omlandskommunar til Bergen er lågt rangert, truleg på grunn av god tilgjengelegheit til tilbodet til storbyen. Også nokre av dei aller minste blant dei mest avsidesliggjande kommunane er lågt rangert.

Dei fleste barn og ungdom (6-15 år) i fylket deltek i faste organiserte aktivitetar, men om lag 10 prosent fell utanfor. Delen som deltek varierer ikkje så mykje for regionar og sentralitetsklasser, men meir blant kommunane med lågast sentralitet og mellom ein del bydelar i Bergen kommune. Høg deltaking til trass, så er det sosiale forskjellar. Med aukande inntekt og/eller utdanning hos foreldra, aukar sjansane for deltaking blant barn og unge. For deltaking i idrett er inntekta til foreldra ein viktig differensierande faktor, medan for kulturaktivitetar er utdanningsnivået til foreldra viktigare. Det er særleg gutar som har foreldre med låg utdanning/inntekt som er mest tilbøyelege til ikkje å delta i organiserte aktivitetar.

Frivilligheita er ein stor og viktig sektor i fylket og av vesentleg betydning for eit varierte kultur-, idretts- og fritidstilbod, og for mange aktivitetar med betydning for livskvalitet og folkehelsa. Sektoren har stor verdi for attraktiviteten og fritidstilbodet i lokalsamfunn og regionar i distrikta. I fylket har sektoren likevel fått auka utfordringar med å rekruttera leiarar og eldsjeler til å ta over og følgja opp dei som går av. Dette blir ei viktig utfordring som må møtast for å oppretthalde og utvikle aktivitetsnivået i mange lokalsamfunn og kommunar i åra framover.

## 2.1.6 Utanforskaping

Utanforskaping knytt til faste organisert aktivitetar for barn og ungdom (6-15 år) vart omtalt over. Ein annan type utanforskaping er knytt til dei i alderen 15-65 år som lever utan deltaking i arbeidsliv, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak. Dette er gruppe med høg risiko for varige problem med å komma inn på arbeidsmarknaden, problem med å sikra stabilt god helse og som ofte har låg livskvalitet. Delen av personar i utanforskaping (utanfor arbeid, utdanning og tiltak) i fylket har lege på 23-26 prosent (i perioden 2015 til 2021) for innvandrarak og 11-13 prosent for befolkninga elles, for aldersgruppa 15-61 år, og heile 24-27% for unge innvandrarak, mot 7-8 prosent av unge vaksne elles (15-29 år). Delen unge innvandrarak i Vestland er klart over landsgjennomsnittet. Generelt har likevel delen i utanforskaping vore noko fallande over nokre av dei seinare åra.

På regionsnivå varierer del av utanforskaping noko med største delane og klart flest personar i dei mest sentrale regionane (ca. 14% i Bergen og Midthordland) og klart lågast delar i enkelte mindre sentrale regionar (ca. 10-11% i Indre Sogn, Sunnfjord/Ytre Sogn). Om ein avgrensar søkjelyset til gruppa unge innvandrarak (15-29 år) er delen i utanforskaping vesentleg høgare generelt, og her ligg både fleire av dei mindre sentrale regionar høgt (ca. 30% i Sunnfjord/Ytre Sogn) saman med den mest sentrale regionen (ca. 27% i Bergen kommune). Målt i talet på personar i utanforskaping er dette talet likevel mykje høgare for unge tilhøyrande majoritetsbefolkninga samanlikna med unge innvandrarak.

Dei forholdsvis høge tala av unge personar i utanforskaping (utanfor arbeid, utdanning og tiltak) er opplagt ei utfordring for vestlandssamfunnet framover, men bør også vera ein stor unytta reserve for å styrkja samfunns- og næringsutviklinga i åra som kjem i alle delar av fylket.

## 2.1.7 Økonomiske skilnader

Den registrerte personlege inntektsforskjellane har auka markant i fylket og særleg for enkelte kommunar i vest og sør i fylket. Det er ikkje mogleg å sjå nokon tydeleg geografisk differensiering utover dette. Statistikken har store avgrensingar for å klargjera reell økonomiske skilnader.

Det er òg ei klar utvikling mot høgare delar i låginntekt (del personar som bur i hushald med inntekt under 60 prosent av nasjonal medianinntekt over ein treårsperiode berekna etter EU-skala) i fylket, dei fleste regionane og kommunane. Dette gjeld alle aldersgrupper og

barn/unge (0-17 år), men det er størst auke i sistnemnde gruppe. I fylket er det store variasjonar i del i låginntekt mellom kommunar og i endå større grad mellom bydelar i Bergen kommune.

### 2.1.8 Klimagassar, natur og miljø

Vestlands klimagassutslepp utgjorde 6 853 953 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2021, som er 21 prosent av Fastlands-Noregs utslepp. Utsleppa per innbyggjar ligg 75 prosent over nivået på landsbasis, noko som heng saman med dei særeigne næringsstrukturane i fylket.

Fordelt på sektorkjelder er dei største utsleppa per 2021 frå industri inkludert olje og -gassverksemd på fastlandet (46%), sjøfart (20%), vegtrafikk (12%), energiforsyning (9%) og jordbruk (6%).

Noregs klimagassutslepp har vorte reduserte med totalt -4,7 prosent i perioden 1990-21 (SSB), og med -14,8 prosent om me held utsleppa frå olje-/gassutvinninga (sokkelen) og utanriks luft- og sjøfart utanom. Utsleppa i Vestland har hatt eit litt anna forløp enn tendensen i landet. I fylket vart ein førebels historisk topp nådd i 2013, deretter har det vore nedgang kvart år fram til 2019 med i alt -18,2 prosent, før ein auke på 5,2% frå 2019 til det siste måleåret, som er 2021. Desse siste to åra er det «industri/olje/gass-fastland» som har stått for stort sett heile veksten. Det har vore ein liten auke frå energiforsyning og jordbruk, medan det har vore nedgang frå vegtrafikk, avfall/avløp, luftfart, oppvarming og sjøfart.

Utsleppa, både absolutt og per innbyggjar, varierer stort mellom regionane. Hovudårsaka er ulike næringsstrukturar der regionar med petro- og prosessindustriar, energiproduksjonar og mykje sjøfart har høgast utslepp. Dei seinare åra er det også dei auka utsleppa frå petro- og prosessindustriane i Nordhordland og Sunnfjord Aust som har bidrege til auka utslepp frå fylket samla, og til at desse regionane òg har auka sine delar samanlikna med dei andre regionane.

Fylket har store arealressursar med regionalt varierende innslag av fjell, blokkmark, isbrear, open fastmark, våtmark, skog og ferskvatn. Dette er ressursar av vesentleg betydning for økosystem, naturmangfald og klimagassar i fylket, samtidig som dei dannar ulik basis for busetnad, infrastruktur, verdiskaping, oppleving og folkehelse. Det har over tid vore ei stor nedbygging av areal i fylket, regionane og kommunane (til bustader, hyttar, veg, teknisk infrastruktur, idretts- og sportsanlegg m.m.). På fylkesnivå har 46 kvadratkilometer vorte nedbygd 2011-22, det meste til næring/tenesteyting, bustader, transport/infrastruktur og hyttar. På fylkesnivå er landbruksareal i drift redusert med seks prosent mellom 2010 og 2022.

Kva slags areal som har vorte nedbygd og til kva formål, har variert med regionanes og kommunanes sentralitet og lokalisering i fylket. Når det gjeld nedbygginga av tilgjengelege areal i strandsona i fylket (minus 20.000 dekar 2000-22) har det skjedd i mange kommunar, men klart størst areal er nedbygd i kystkommunane sentralt i fylket.

I 4 av 6 hovudtypar av økosystem har det vore ei negativ utvikling i tilstanden for området Vestland pluss Rogaland dei siste 30 åra. Dette gjeld særleg for økosystema fjell, ope lågland og våtmarker. Meir detaljert informasjon for Vestland fylke visast i norsk kunnskapsbank for naturmangfald. Der kjem det fram at 48 naturtypar i landet, og som har kjende førekomstar i Vestland, er «trua naturtypar» (kritisk eller sterkt trua, eller sårbare) og 25 er «nær trua». Blant dei trua naturtypane er mellom anna slåttemark, myr med slåttepreg, kystlynghei, strandengtypar m.m. Fylket har også 597 av landets «trua artar» og 375 «sårbare artar». Truslane mot dei utsette naturtypane og -artane er knytt til habitatpåverknad (arealnedbygging, landbruk og annan menneskeleg aktivitet), uregulert jakt/fangst/fiske, forureining og klimaendringar. Blant dei utsette artane har Vestland fylke, saman med nokre andre fylke, eit særskilt ansvar for villreinen som er definert som «sårbar art». Tre av dei nasjonale villreinområda som Vestland fylke er ein del av er no klassifiserte som «dårleg

kvalitet» ,særleg på grunn av menneskets habitatnedbygging og auka ferdsel, men også sjukdom for to av dei.

Vestland har eit svært rikt og mangfaldig naturgrunnlag og landskapsformer som har danna grunnlaget for busettinga, verdiskapinga og levekåra i fylket. Samstundes er utviklinga ikkje miljømessig berekraftig når det gjeld fortsett aukande store utslepp av klimagassar, nedbygging av verdifulle areal, redusert naturmangold som følgje av for lite omsyn til sårbare og trua artar og naturtypar. Klimaendringane auker flom-, skred- og rasfarer og hendelser i fylket, og auker behovet for betre klimatilpassing i arealbruk, utbygging og tettstadutvikling.

## 2.1.9 Geografiske mønster

Utgreiinga klargjer ulike tema og utviklingstrekk for dei 10 økonomiske regionane i Vestland, og på variasjonar på kommunenivå. Dette gir gode innblikk i geografiske mønster og differensiering både innanfor og på tvers av regionane. Når det gjeld tematikk knytt til strukturar og utviklingstrekk i demografi, arbeidsplass- og sysselsetjingsutvikling, arbeidsløyse og utanforskap til befolkninga (utanfor arbeid, utdanning og tiltak) synest det å vera ganske systematiske mønster som samvarierer med regionars og kommunars sentralitet. Det vil seia at fødselsoverskot, nettoinnflytting, arbeidsplassvekst, men også registrert arbeidsløyse og del i utanforskap aukar noko med regionanes og kommunanes sentralitet.

Når det derimot gjeld andre tema som eksempelvis del personar i utanforskap blant unge innvandrarakar, omfang personar i låginntektshushald, omfang av uføre og forventa levealder, er det ikkje noko klart systematisk mønster etter sentralitet på kommune eller regionsnivå. Her kan variasjonane mellom bydelar i Bergen kommune vera vel så store som mellom kommunar eller regionar etter sentralitet. Same bilete finn vi når det gjeld klimagassutslepp totalt og per innbyggjar. Også for utslepp der det geografiske mønsteret ikkje berre blir påverka av sentralitet (talet på innbyggjarar), men vel så mykje av store punkt-utslepp (t.d. olje/gass- eller metallindustriar). Når det gjeld arealnedbygging går dette føre seg i dei fleste kommunar i fylket med ei viss sentralitetsdimensjon.

## 2.1.10 Nokre utviklingsstyrkar og utfordringar

Utgreiinga omtaler òg generelle eigenskapar når det gjeld utviklingsfortrinn og utfordringar knytt til berekraft og geografisk balansert utvikling i fylket.

Når det gjeld utviklingsfortrinn og -styrkar i fylket blir det mellom anna peika på dei store og varierte natur- og kulturkvalitetane, det varierte næringslivet og verdikjedar med internasjonal konkurransevne, sterke kunnskapsmiljø og-institusjonar samt en høgt utdanna befolkning og kompetente arbeidskrafta på mange viktige felt for framtida.

Når det gjeld geografisk balansert utvikling er det spesielle utfordringar knytt til sterk sentralisering av befolkning og kompetansearbeidsplassar til storbyområdet og samstundes auka sårbarheit for mange småkommunar i dei minst sentrale strøka. Heile fylket har utfordringar med dei nasjonale sentraliseringsprosessane inkludert konkurransen med hovudstadsregionen om tilgang på kompetansearbeidsplassar og dei unge vaksne.

Når det gjeld berekraft er det klare utfordringar på miljøfeltet med aukande klimagassutslepp, negativ utvikling i naturmangfold og for stor arealnedbygging av viktige areal. På samfunnsfeltet er det mellom anna utfordringar knytt til utanforskap og velferdstenester, og på økonomifeltet utfordringar med mangel på arbeidskraft og kompetansetilførsel til det grønne skiftet, nye næringar og mange velferdstenester. Ei ny sterk vekst i investeringar og sysselsettinga i olje/gassrelatert sektor bidrar til å forsterke mange av dei nemde utfordringane.

## 3 Scenarioprosessen Vestland 2040

Medan den regionale analysa omtalt i kapittel 2 ser på utviklingstrekk dei siste åra, retter dette kapittelet blikket framover mot 2040. Kapittelet presenterer framsynanalysen som har leia fram til fire distinkt ulike scenario om Vestland 2040.

Utviklingsplanen for Vestland (2024-2028) skal handla om dei verkeleg store utfordringane som Vestland står overfor. Ved å løfte blikket mot 2040, blir det lettare å sjå det store biletet. Kva for nye utfordringar må samfunnsplanlegginga ta omsyn til? Og kanskje viktigast: Kva er avgjerande for å møte berekraftsmåla? Kva spenningar, dilemma og målkonfliktar kjem til å gjere seg gjeldande? Finnes det forhold som kan dra Vestland inn i ein negativ spiral? Og motset: Kva tendensar kan føre til ny positiv dynamikk? Scenarioa har bore i desse viktige og kompliserte spørsmåla. Oppdraget har vore å stimulere til heilskapstenking, og bidra til å gi utfordringsdokumentet og Utviklingsplan for Vestland (2024-2028) eit tydeleg framtidsperspektiv.

### 3.1 Bakgrunn for val av scenariometodikk

Ein viktig del av beveggrunnen til Vestland fylkeskommune for å etterspørje framsyn var å arbeide verdi og visjonsbasert - VLFK skal vere nyskapande og treng då å utvikle innovasjonskapasitet. Verdien modig låg òg til grunn.

Vi lever i urolege, omskiftelege tider, der Vestland og andre norske regionar omtrent omgåande blir påverka av endringar som kjem utanfrå med stor kraft. Pandemien var knapt tilbaketrudd før verda opplevde ei ny bølge med dramatiske endringar. Berre det siste året, medan scenarioprosessen «Vestland 2040» har gått føre seg, har fleire tunge trendar (megatrendar) utkrystallisert seg i hendingar som påverkar samfunnet og folks kvardagsliv direkte. Døme er gjennombrøtet for språkmodellen ChatGPT (kunstig intelligens, KI), energiomstillinga i EU og resten av Europa (det grønne skiftet og energikrisa) og det ekstremt varme sommarveret i 2022, som gav oss den varmaste sumaren på 500 år. Enno veit me ikkje heilt kva KI, energikrisa og klimaendringane vil innebære, men desse hendingane har gitt oss ein peikepinn.

Framfor alt har krigen i Ukraina utfordra spelereglane for internasjonalt samkvem og samarbeid, og den tryggleiken nordmenn og europearar jamt over har kjent etter at den kalde krigen tok slutt. Nordområda og norske havområde har igjen kome i søkjelyset, terskelen for å true med atomvåpen er senka, eit nytt våpenkappløp kan vera i gang i verdsrommet, og Kina opptreir meir sjølvhevdande og aggressivt enn på fleire hundre år.

Under slike omstende nyttar det ikkje å leggje einseitig vekt på prognosar og framskrivingar i analysar og tilrådingar. Uvissa er for stor til at det er mogleg å kome med presise føreseiingar. Prognosar har ein tendens til å underkommunisere uvisse og skape ei falsk kjensle av kontroll. I usikre tider aukar behovet for å sjå framover og føre dialog om endringar og vegval. Dette er bakgrunnen for at Vestland fylkeskommune har valt å bruka scenariometodikk i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for den nye utviklingsplanen for Vestland (2024-2028).

Scenario har etter kvart vorte eit populært grep i strategi- og utviklingsarbeid i norske regionar. Vestland 2040 er såleis eit godt døme på *regional foresight (framsyn)*, der ein breidde av aktørar drøftar og søkar å finne løysingar på felles framtid utfordringar.<sup>3</sup>


Scenarioa (framtidsbileta) som er utarbeidd for Vestland fylkeskommune, kartlegg og utforskar utviklinga i eit 20-årsperspektiv (2040), med mål om å finna faktorar som kan tenkjast å vere utslagsgivande for vestlandssamfunnet og Vestland som fylke og arena for

---

<sup>3</sup> Regional foresight (framsyn) har særleg utvikla seg sidan tusenårsskiftet. Se til dømes Dietz 2008.

samarbeid og samskaping. Skiljet mellom det nære og det fjerne i dagens verd er nesten viska ut, og det er om å gjera å forstå endringskreftene som påverkar og formar fylket, *utanfrå og inn* (sjå figur 3).

Figur 3: Illustrasjon av utanforliggende og interne forhold som påverkar framtida og som ligg til grunn for scenarioa.



## 3.2 Framgangsmåte

Scenarioprosessen har handla om å styrkje medverknaden og samskapinga i utviklingsarbeidet som fylkeskommunen gjer. Prosessen har difor bygd på dialog, kunnskapsinnspel, ideutvikling og felles oppgåveløysing, og arbeidet har vore gjennomført under rettleiing av ein profesjonell prosessleiar (Jan Dietz). Prosessen, som har gått føre seg i verkstadformat, har gitt moglegheit for kunnskapsdeling, meningsutveksling og gjensidig påverknad. På verkstadane har deltakarane jobba i mindre grupper. Verkstadformatet vart valt for å sikre god og gjennomtenkt involvering og raske resultat. Det er ei arbeidsform som gir forankring, engasjement og vilje til å sjå i same retning. Fylkeskommunen har heile vegen delteke aktivt i tilrettelegginga og gjennomføringa av prosessen.

For å spisse problemstillingane og skjønne meir av konteksten, gjennomførte prosessleiar i samarbeid med forskargruppa digitale djupneintervju med ti kunnskapsrike personar frå ulike delar av fylket forut for verkstadane. Formålet med intervjusamtalane var å innhenta synspunkt frå personar som kjenner samfunnslivet i Vestland godt og som kunne vurdere utfordringane frå fleire vinklar. Samtalane vart òg brukte til å få fram idear til trendar og drivkrefter. Innsikt frå samtalane kom til nytte i utforminga av prosessen og var til inspirasjon i ideutviklinga på verkstadane. Undervegs i prosessen var det i ei viss grad dessutan mogleg å trekkje inn poeng frå den regionale analysen og spørjeundersøkingane (sjå kapittel 2 og 4).

I tillegg gav mini-verkstadene med toppleiargruppa i Vestland fylkeskommune i Loen 31. januar 2023 nyttige oppspel til prosessen. På mini-verkstadene diskuterte leiarane nye utfordringar som må setjast på kartet i arbeidet med utviklingsplanen. Deltakarane kom òg inn på korleis fylkeskommunen kan forsterke det interne samarbeidet sitt om berekraftsmåla.

### 3.2.1 Rekruttering til verkstadane


Arbeidet med å planleggje verkstadane vart set i gang i desember 2022, då forskargruppa saman med prosjektgruppa frå avdeling for næring, plan og innovasjon i Vestland fylkeskommune laga eit forslag til prosess, som vart behandla i fylkeskommunen sin toppleiargruppe. I dette forslaget låg forslag til aktørgruppene som burde vere representerte. Dei viktigaste aktørgruppene var kommunar, regionsråd, næringsklynger, kultur- og idrettssektoren, natur- og miljøorganisasjonar, Innvandrarrådet og organisasjonar som arbeider med sosial berekraft. Målet var å samle rundt førti deltakarar frå det breie samfunnslivet i Vestland. Fagpersonar og leiarar frå heile fylkesadministrasjonen, medverknadsråda i fylkeskommunen og alle politiske partia i fylkestinget var òg invitert.

Fylkeskommunen si prosjektgruppe utarbeidde ei liste med forslag til organisasjonar og kontaktpersonar innanfor dei ulike aktørgruppene, som forskargruppa sidan gjorde eit utval frå. Lista vart slutført saman med prosjektgruppa. Fylkeskommunen sende ut invitasjonen, og gjennom kontinuerleg rekruttering frå utvalslista vart ei brei scenariogruppe på rundt 40 personar etablert.

Scenariogruppa fekk i oppdrag å vere ei uformell «tankesmie» for Vestland med ansvar for å tenkje langsiktig og heilskapleg, på vegne av heile fylket. Det betyr at ho har stått fritt i sin vurderingar. Ingen har kunna instruera deltakarane undervegs i prosessen eller føregripe resultatane. Scenariogruppa sine medlemmer vart oppmoda til å kome med uavhengige synspunkt og vurderingar, som eit bidrag til fornyinga av kunnskapsgrunnet for utviklingsplanen.

Scenarioprosessen bestod av tre tematiske samanhengande verkstadar, som vist i figur 4. Strategikonsulent Jan Dietz leia verkstadane, med hjelp frå prosjektgruppa i fylkeskommunen og plankontaktar, som fekk rettleiing på førehand i korleis dei skulle organisere gruppearbeidet. Forskargruppa deltok òg i gruppearbeid på verkstadane. I tillegg gav forskarane faglege innlegg på verkstadane i Bergen og på Voss.

Figur 4: Organisering av scenarieprosessen.





## Gjennomføring av verkstad

Tre verkstader vart gjennomført i løpet av ei kort periode i mars-april 2023. Desse bygde på kvarandre, og leia ut i skissering av fire scenarioar for Vestland 2040.

### Verkstad 1:

#### Tunge trendar, usikre drivkrefter og «Black Swans» (Bergen 6.-7. mars)

Formålet med den første verkstaden var å leggje grunnlaget for spennande scenario om Vestland i 2040. Hovudoppgåva var å identifisera tunge trendar og usikre drivkrefter som påverkar rammevilkåra og utviklingsmoglegheitene i Vestland. Målet var å finne fram til dei anteke avgjerande drivkreftene. På verkstaden arbeidde deltakarane òg med såkalla Black Swans, det vil seie hendingar og utviklingstrekk som i utgangspunktet verkar usannsynlege, men som, viss dei hender, endrar vilkåra for samfunnsplanlegginga dramatisk vis. Diskusjonane om trendar, drivkrefter og «Black Swans» gav eit breitt utsyn over endringar og potensielle overraskingar som kan kome til å prege Vestland.

### Verkstad 2:

#### Scenario om Vestland i 2040 - Voss 29. mars

På den andre verkstaden jobba scenariograppa med fire radikalt ulike scenario om Vestland i 2040 med utgangspunkt i fire skisser som var utarbeidde på førehand. Scenariograppa ga innhald til historiene og utforska kva som kan skje innanfor følgjande dimensjonar: lokaldemokratiet og tilliten i samfunnet, sysselsetjing og busetjing, beredskap og tryggleik, kultur og frivillighet; folkehelse, utanforskap og inkludering. Scenariograppa drøfta deretter kva dilemma og målkonfliktar som kan oppstå i dei fire tenkte framtidene.

Tabell 3: Dilemma og kontrastar identifisert i verkstadprosessen.

### Dilemma og kontrastar

	Nøysame Vestland	Tryggleiks-vestland	KI-drivne Vestland	Klimaherja Vestland	Scenarioa under eitt
<b>Klima</b>	Svakare økonomi vs. klimagevinst Stagnasjon vs. utviklingsbehov	Økonomisk tryggleik vs. klimarisiko Olje/gass og vekst vs. klimamål	Tru på teknologi vs. praktisk førebygging Effektiv drift vs. radikal omstilling	Klimatilpassing vs. evakuering Øydelagt natur vs. behov for mat og fornybar	Uhyre krevjande klimamål Dyrare infrastruktur
<b>Areal</b>	Fornybar energi vs. naturvern Matproduksjon vs. naturvern	Energi, sjømat og mineral vs. natur Eksport vs. sjølvforsyning	Fråflytting vs. urbant press Auka reiseliv vs. natur	Ubuelege bygder vs. overbelasta byar Tap av areal vs. nye areal	Knappleik på areal Større konflikt-potensial
<b>Kompetanse</b>	Sysselsette vs. trygda Behov i kommunane vs. næringslivet	Arbeidskraft i O&G vs. fornybar Nye krevjande næringar vs. ufaglærte	Data og AI vs. yrkesfag Menneske vs. maskin Unge vs. eldre	Mattryggleik og fornybar vs. førebygging og opprydding	Fare for skeiv (manglande) kompetanse og aukande forskjellar
<b>Livs-kvalitet</b>	Forventa velferd vs. nye krav Ny meining vs. utanforskap og fattigdom	Vestlands-identitet vs. framandgjering Innfødde vs. innflytta	Kreative moglegheitler vs. arbeidsløysle og utanforskap	Krisestemning vs. fellesskaps-kjennele By vs. bygd	Livskvalitet mindre sjølvsgagt - sterkare behov for fellesskap

### Verkstad 3: Strategiske implikasjonar for Vestland (Teams 19. april)

Den tredje og siste verkstaden, som vart gjennomført på Teams (Miro), handla om å gå i gong med diskusjonen om dei strategiske implikasjonane for Vestland. Scenarioa vart brukte til å sjå med friske auge på utfordringane som Vestland anten allereie står oppe i eller kan kome til å stå overfor i åra som kjem. Scenariograppa vurderte samarbeidet og samhaldet i Vestland og diskuterte korleis vilkåra for samskaping i Vestland kan endra seg. Som ei naturleg avrunding ga scenariograppa råd om korleis innsikter frå prosessen kan kome til nytte i og utanfor fylkeskommunen.

Forskargruppa og dei involverte fagpersonane frå fylkeskommunen hadde evalueringssmøte om både form og innhald etter kvar verkstad.

Innspela som kom på verkstadane, vart summerte opp og analysert av forskargruppa, som på bakgrunn av førre verkstad laga forslag til opplegget for den neste verkstaden. Det endelege resultatet av verkstadane var fire scenario: «Nøysame Vestland», «Tryggleiksvestland», «KI-drivne Vestland» og «Klimaherja Vestland».

#### 3.2.2 Nærare om scenarioa

Scenarioa teiknar moglege framtider, snarare enn normative og sannsynlege framtider, og må følgjeleg ikkje oppfattast som visjonar eller prognosar. Trykket har lege på å undersøkje uvisse og kva som *kan* skje. Scenarioa har ein overordna, strategisk karakter: Dei skal vera interessante for heile Vestland i eit tilnærma 20-årsperspektiv, og meininga er at dei skal gi oversikt. Scenarioa kan difor ikkje gå altfor detaljert inn på enkeltsektorar, næringar og regionar. Fordelen med denne innfallsvinkelen er at ein får ei felles referanseramme, samtidig som scenarioa seinare kan utvidast og vidareutviklast, til dømes på regionalt nivå i samarbeid med regionsråda i Vestland.

Scenarioa er laga ved hjelp av den deduktive teknikken og det klassiske aksekorset. Scenarioa i «Vestland 2040» knyter an til Intuitive Logics-tradisjonen innanfor scenariemetodikk. Denne tradisjonen legg til grunn at framtida er fundamentalt open og uføreseieleg. Likevel er det slik at det alltid finst sikre haldepunkt i form av endringar som allereie er undervegs. Scenarioa vev saman det usikre og det sikre, med utgangspunkt i eit fåtal avgjerande drivkrefter (dvs. drivkrefter som både er svært usikre og svært viktige) (Sjå t.d. Wack 1985 og Cairns og Wright 2018).

På den fyrste verkstaden sirkla deltakarane inn desse viktige tunge trendane:

- Meir uroleg storpolitisk bilete påverkar politikk og samfunnsplanlegging i Noreg og Vestland
- Veksande aldrande befolkning, ungdom som flyttar og behov for arbeidsplassar
- Mangel på fagutdanna og lærlingplassar, særleg i distrikta
- Press på natur- og arealressursar
- Høgare energiprisar, energimangel og krav om utbygging av fornybar energi
- Auka fare for klimaendringar og naturhendingar
- Sterkt press for grønt skifte i politikk og opinion samt ein ny vår for olje og gass
- Veksande problem med utanforskap og psykisk helse, ikkje minst blant unge og innvandrarar
- Intensivert digitalisering av tenester
- Press på kommuneøkonomien

I tillegg identifiserte gruppa følgjande moglege større endringar og overraskingar, inklusive «Black Swans»:

- Krise forårsaka av massiv migrasjon til Nord-Europa
- Samanbrot for demokratiet i Vesten og Vestland
- Velferdsstaten kollapsar
- Kunstig intelligens overtek styringa
- Matmangel i verda/ Vestland
- Økologisk kollaps
- Ein større naturkatastrofe rammar kysten
- Revolusjonerande energikjelde
- Stopp i olje- og gassproduksjonen
- Vestland blir Vestlandet (saman med Rogaland og Møre og Romsdal)

Etter nærare analyse ble dei to nedanståande dimensjonane utpekt som avgjerande i eit 20-årsperspektiv. Dei to dimensjonane bestemmer grunnstrukturen til scenarioa.

- *Klimakutt/naturvern versus energi*: Kva vil alt i alt vega tyngst med blikket retta mot 2040 - klimakutt/naturvern eller energibehov?
- *Arbeidsliv og arbeidsmarknad*: Kor godt eller svakt kjem arbeidslivet og arbeidsmarknaden i Vestland til å fungera (→ 2040)?


### 3.3 Fire scenarier for Vestland 2040

Dei fire scenarioa, «Nøysame Vestland», «Tryggleiksvestland», «KI-drivne Vestland» og «Klimaherja Vestland», representerer fire vidt ulike utfall for Vestland i 2040. Scenaria viser korleis ulike drivkrefter spelar saman og skaper nye og ofte uventa kombinasjonar av moglegheiter og truslar (sjå figur 5). Viss Vestland og verda i 2040 kjem til å skilje seg markant frå dagens situasjon, noko vi må rekne med, er det viktig å vita kvifor og korleis.<sup>4</sup>

---

<sup>4</sup> Vi syner her eit utdrag frå scenarioa. Den fulle teksten finst på heimesidene til Vestland fylkeskommune.

Figur 5: Aksekorset og dei fire scenaria for Vestland 2040.



### 3.3.1 Nøysame Vestland

Dette er saga om korleis Vestland og Noreg opplever ein tøffare røyndom etter å ha trekt i naudbremsen for å nå nullutsleppsmalet.

I 2040 er olje- og gassutvinninga avvikla, etter sterkt press frå EU og miljørørsla. Vestland har motvillig gitt slepp på petroleumsalderen. Velstanden, velferda og forbruket er kraftig redusert. Den verste klimarisikoen er teken ned, men dei steile frontane i klima- og miljøsa har medverka til polarisering i samfunnet.



Illustrasjon: Martin Losvik.



### 3.3.2 Tryggleiksvestland

Dette er saga om eit Vestland som må ta eit endå tyngre ansvar for norsk og europeisk energitryggleik og forsyningstryggleik i ei uroleg tid.

I 2040 er olje- og gassutvinning framleis ei viktig kjelde til sysselsetjing og velstand. Korkje Noreg eller Vestland har klart å balansere klimamål, grønt skifte, energitryggleik og forsyningstryggleik. I ei farlegare og meir uføreseieleg verd er tryggleiken det viktigaste.



Illustrasjon: Martin Losvik.

### 3.3.3 KI-drivne Vestland

Dette er saga om eit Vestland som har mista unge med yrkesfagleg kompetanse og som satsar på kunstig intelligens for å redde velferda.

I 2040 er Vestland leiande i Noreg på bruk av kunstig intelligens (KI), men òg prega av utanforskap og polarisering. Vestland gjer det skarpt på KI innanfor olje og gass, fornybar energi, klimatilpassing og kommunale tenester.



Illustrasjon: Martin Losvik.

### 3.3.4 Klimaherja Vestland

Dette er saga om korleis Vestland vert råka av stadig fleire og meir brutale klimaendringar og naturhendingar, noko som utløyser forvirring og panikk.

I 2040 er fleire kommunar uråd å bu i. Vestland manglar naudsynt arbeidskraft, bortsett frå i helse- og omsorgssektoren i byane. Vestlendingar og andre nordmenn vert klimaflyktingar i eige land.



Illustrasjon: Martin Losvik.

## 3.4 Vidare bruk av resultat

“There is nobody more ignorant than an educated man outside what he was educated in”, Will Rogers (amerikansk skodespelar og humorist).

Dei fire scenarioa har som formål å opne opp for diskusjonar på tvers av fag og sektorar. Scenarioa inngår i det samla kunnskapsgrunnlaget for Utviklingsplan 2024-2028. Dei har allereie gitt impulsar til utfordringsrapporten, som skal brukast til å setje hovudutfordringane i Vestland under debatt.

Det er verd å notere at scenarioprosessen har fått fram eit allsidig og ganske omfattande idemateriale som enno ikkje er nytta fullt ut. Av praktiske grunnar har det ikkje vore mogleg å nytte alle moment i utfordringsrapporten. I neste fase har Vestland fylkeskommune moglegheit til å trekkje vekslar på materialet både i sitt eige utviklingsarbeid og i dialogen med kommunane, regionsråda, næringslivet og dei unge. Scenarioa og innsikt frå prosessen kan vere med på å gi struktur til den politiske debatten om korleis Vestland kan bruke utviklingsplanen som eit verktøy for ein meir heilskapleg og berekraftig utvikling i fylket.

Scenarioa for Vestland siktar mot å utløyse interessante diskusjonar om dei ulike vegane som utviklinga kan ta, og om korleis handlingsrommet for Vestland ser ut. Scenarioa kan nyttast til å tenkje nytt om utfordringane som Vestland står overfor, og til å fremja ei felles røyndomsforståing. Moglegheitene og truslane kan kome til å skifte karakter. Samstundes kan det bli naudsynt å omvurdere kva som er Vestlands sterke og svake sider. Det underliggjande spørsmålet er om Vestland fylkeskommune og vestlandssamfunnet kan opptre (meir) forutsjåande i møte med grunnleggjande endring. Ambisjonen i prosessen har såleis vore å skjerpe forståinga for *potensialet for endring*. Målet med slike framtidsdiskusjonar, som eigentleg burde gå jamleg føre seg, er å setje dei involverte betre i stand til å takle framtida, på godt og vondt, uansett fargen og fasongen på endringane.

## 4 Spørjeundersøking om utvikling i Vestland

### 4.1 Innleiing

Som i 2019 er det gjennomført ei spørjeundersøking, basert på ei enkel SWOT-tilnærming, der ein ser på styrkjer, svakheiter, moglegheiter og truslar for samfunnsutviklinga dei neste 10-20 åra. Medan det i 2019 vart gjort regionale oppsummeringar av resultata, har det ikkje vore kapasitet til det i 2023. I denne undersøkinga er det derimot lagt til spørsmål om berekraftmåla og om regionale planar, og dei kvalitative svara som respondentane la inn i undersøkinga er dessutan analysert.

Utvalet av respondentar i heile fylket er strategisk, i den meininga at vi har sendt undersøkinga til fagpersonar og leiarar for viktige organisasjonar i offentleg, privat og sivil sektor. Dei kan bidra med erfaringsbasert kunnskap om samfunnsutviklinga i Vestland frå ulike posisjonar og perspektiv.

Til forskjell frå i 2019 har vi òg sendt ei undersøking til alle tilsetje, politikarar og medverknadsråd i Vestland fylkeskommune. Dette er meir enn 6000 vestlendingar som har mykje og varierte erfaringar, kunnskapar og kompetanse om samfunnsutviklinga, og dei bur og arbeidar dessutan i heile fylket. Ein annan grunn til å gjennomføre spørjeundersøkinga i fylkeskommunen er at det gir god innsikt i erfaringar med berekraftarbeid og regional planlegging, som er nyttig i vurderinga av korleis plansystemet i fylket kan bli betre og meir effektivt, og korleis det kan treffe dei viktigaste utfordringane i åra framover.

Spørjeundersøkinga vart gjennomført i perioden ultimo januar til medio mars 2023. Undersøkinga vart sendt ut til fire ulike delutval: (1) Alle tilsetje i Vestland fylkeskommune, (2) eit breitt «strategisk utval» av ulike interessentar i fylket: Undersøkinga vart sendt til kommunane ved ordførarar, kommunedirektørarar, næringsrådgjevarar, folkehelsekoordinatorar, planleiarar og planleggarar, barn og ungerepresentantar, kultur- og bibliotekrådgjevarar. Øvre mottakarar var representantar for næringshagar og næringsklynger; natur-, miljø- og klimaorganisasjonar, idretts- og friluftorganisasjonar, folkehelse-, kultur-, humanitære og sivilsamfunnsorganisasjonar, innvandrar- og minoritetsorganisasjonar, barne- og ungdomsorganisasjonar; statlege etatar, (3) alle representantar i fylkestinget og (4) alle medlemmene i medverknadsråda.

Etter tre påminningar vart undersøkinga avslutta 11. mars (sjå spørjeskjema til dei ulike utvala i vedlegg 1). I dei fire delutvala såg svarprosentane då slik ut:<sup>5</sup>

Tabell 4: Svar i spørjeundersøkinga. Prosent (antal).

Tilsette i Vestland fylkeskommune	34.9	(2157 av 6177)
Strategisk utval	45.2	(275 av 609)
Medlemmer av fylkestinget	35.4	(23 av 65)
Medlemmer av medverknadsråd	33.3	(7 av 21)

I det vidare ser vi bort frå svara frå medlemmene av medverkingsråda. Dels er det slik at det berre er medlemmene av eldre medverkingsrådet som svara, slik at ein uansett ikkje får noko inntrykk av medverknadsråda i breitt. Dels vil det låge talet som svarar i seg sjølv kunne skape problem med å sikre mot at einskilde medlemmer lett identifiserast. Spørjeskjema til dei ulike utvala inneheldt spørsmål om (1) utfordringar, styrkar, svakheiter og ytre truslar i fylket, (2) møte med og bruk av omgrepet «berekraft» og (3) bruk og nytte av utviklingsplanen.


<sup>5</sup> Dette er dei som har vore inne i spørjeskjemaet. I praksis vil færre svare på dei einskilde spørsmåla.



Vi har moglegheit til å sjå enkelt på representativitet i delundersøkingane der vi har førehandkunnskap om bakgrunnen til respondentane.<sup>6</sup> Til dømes gjeld dette for delutvalet blant tilsetje i Vestland fylkeskommune: Ein gjennomgang av tilsetjelistene viser at det blant alle er 7,9 prosent med leiingsoppgåver medan dette gjeld for 10,8 prosent i utvalet. Dei med leiingsoppgåver er altså noko overrepresentert i undersøkinga.

Vidare ser ein i figur 6 for det fyrste at respondentar for dei fleste partia på fylkestinget er representerte i utvalet vi sitt igjen med. For det andre er det jamt over ikkje store skeivskapar mellom delane frå partia i utvalet og i fylkestinget sjølv (sjølv om til dømes Arbeidarpartiet og Kristeleg folkeparti er noko overrepresentert i utvalet og Høgre og Senterpartiet er noko underrepresentert).<sup>7</sup>

Figur 6: Svar frå representantar i fylkestinget. Etter parti.



På same vis ser ein at det heller ikkje er store forskjellar mellom andelar i utvalet og i dei fullstendige listene når det gjeld ulike grupper i det strategiske utvalet: Medan gruppa med «offentleg» bakgrunn (ordførarar og varaordførar i kommunane, ulike nøkkelpersonar i kommuneadministrasjonen osv.) og dei i gruppa «næring» (til dømes representantar for einskilde næringar og bransjar) berre er noko overrepresentert, er respondentar i gruppa «tredje sektor» (frivillige organisasjonar, ungdomslag osv.) og i gruppa «kultur» (som sistnemnde men med eitt spesifikt kulturformål) noko underrepresentert. Når vi no skal sjå vidare på dei substansielle spørsmåla – altså om (1) utfordringar, styrkar, svakheiter og ytre truslar i fylket, (2) møte med og bruk av omgrepet «berekraft» og (3) bruk og nytte av utviklingsplanen – vil vi slå saman «tredje sektor» og «kultur» som vist i figur 7 (sidan det er svært få som svara blant sistnemnde) til ein «sivilsamfunn»-kategori.

I gjennomgangen viser vi forskjellar mellom dei tre delutvala (tilsetje, strategisk utval og medlemmer av fylkestinget) langs dei tre bolkane med spørsmål (1-3). Vi kommenterer på forskjellar mellom undergrupper av utvala (tilset med og utan leiingsoppgåver og ulike


<sup>6</sup> Ein sektorkategorisering av dei tilsette i fylkeskommunen viste seg vere vanskeleg.

<sup>7</sup> Det skal svært store forskjellar til mellom korleis partia svarar for at slike skeivskapar skal ha noko å seie for svarmønsteret sett under eitt.



grupper i strategisk utval)<sup>8</sup> i dette kapittelet, men viser til supplerande samanstillingar i vedlegg 1.

Figur 7: Svar frå respondentar i strategisk utval. Etter sektor.



## 4.2 Opplevde utfordringar, styrkar, svakheiter og ytre truslar

### 4.2.1 Utfordringar

Når det gjeld dei største utfordringane som ein ser i fylket framover, er det «oppvekst, skule og utdanning» som kjem ut på topp blant dei tilsetje (sjå tabell 5).<sup>9</sup> Blant respondentar i det strategiske utvalet og blant medlemmer i fylkestinget er bilete eit anna: Her er det under ti prosent som nemner dette som blant dei tre viktigaste utfordringsområda. Vidare legg ein vekt på «rekruttering av folk med rett kompetanse» og «folketals- og aldersutvikling» i langt større grad i fylkeskommunen sin omgjevning (det strategiske utvalet) enn blant dei tilsetje i fylkeskommunen sjølv (35-37% hos det strategiske utvalet versus 20-23% i fylkeskommunen). Medlemmene i fylkestinget meiner i særleg grad (48 prosent) at «energitilgang og -prisar» er eit utfordringsområde. Det er berre utfordringar på området «samferdsle og infrastruktur» som gjennomgåande nemnes som viktig blant dei tre gruppene. Ein ser altså nokon tydelege forskjellar blant dei ulike gruppene når det gjeld oppfatninga om særlege utfordringar for Vestland.

Forskjellane mellom tilsetje med og utan leiingsoppgåver er ikkje særleg påfallande (sjå tabell A1 vedlegg 1), sjølv om leiarar i noko mindre grad framhevar «oppvekst... og skule» og i noko større grad «rekruttering...» som eit utfordringsområde. Blant ulike grupper i det strategiske utvalet framhevar særleg dei med offentlig bakgrunn (ulike roller i kommunane i Vestland) at «oppvekst... og skule» er ein utfordring, medan «sivilsamfunnet» (altså ulike organisasjonar som ikkje driv med næring) at «natur, miljø og naturminne» og «utvikling av

<sup>8</sup> Sidan det er få medlemmer i fylkestinget (og få som svarar i undersøkinga) er det ikkje meningsfylt å bryte ned svarmønster på td. parti eller partiblokk.

<sup>9</sup> Dette reflekterer truleg at det fylkeskommunen har mange tilsetje i skulesektoren: Supplerande analysar der ein ser på tilsetje som på ein eller annan måte er knytt til einingar som inneheld «skule», «utdanning» osv. i namnet svarer i overveldande grad (45-50 prosent) at «oppvekst, skule og utdanning» er blant dei tre viktigaste områda med utfordringar.

arbeidsplassar» er ein utfordring. Næringsinteressentane framhevar særleg «dårlegare økonomi», «folketals- og aldersutvikling» og «energitilgang og -prisar» meir enn andre grupper (sjå tabell A2 i Vedlegg 1).

Tabell 5: Område med største utfordringar. Etter utval. Prosent.<sup>10</sup>

	Tilsette (N=1661)	Strategisk utval (N=193)	Medlem av fylkestinget (N=21)
oppvekst, skule og utdanning	37	9	5
samferdsle og infrastruktur	31	35	43
dårlegare økonomi i offentleg sektor	28	18	29
folketals- og aldersutvikling	23	35	38
folkehelse og livskvalitet	22	11	5
sosial ulikskap og utanforskap	21	21	19
rekruttering av folk med rett kompetanse	20	37	38
utslepp av klimagassar og klimatilpassing	19	28	14
energitilgang og -prisar	18	19	48
nyskaping i næringslivet og offentleg sektor	12	19	10
natur, miljø og kulturminne	12	16	5
samfunnssikkerheit og beredskap	12	8	5
utvikling av arbeidsplassar	11	10	10
nedbygging av areal	11	16	14
digitalisering av samfunnet	4	3	10
anna	4	7	10
pandemi og smittevern	1	0	0

Tabell 5 illustrerer eit stort sprik i opplevde bekymringar blant dei ulike gruppene. Det vi lesar ut av tabellen er at tilsette med ulike sektor-ansvar/oppgåver har søkeljos på sektorutfordringar, medan det strategiske utvalet har eit betydeleg breiare perspektiv. Politikarane i fylkestinget kan sjå ut til å vere mest opptatt av sakar dei truleg har kjempa for over lengre tid. Denne tolkinga inneber at den strategiske tilnærminga til planlegging og implikasjonar av samanhengstenking om det overordna utfordringsbilete til Vestland ikkje er heilt forankra og etablert i heile fylkesadministrasjonen. Det betyr at arbeidet med ny utviklingsplan kan vurderast som ein plattform for å arbeide systematisk på tvers av sektorane om å analysere utfordringsbilete og diskutere implikasjonane for dei ulike tenestemråda. Korleis det komande fylkestinget får god kunnskap om og innsikt i det overordna utfordringsbilete og kan diskutere dei politiske løysningane er òg eit spørsmål for administrasjonen å vurdere i tilrettelegginga av ny planstrategi.

I *dei kvalitative svara*, der respondentane er inviterte til å utdjupe kvifor dei meiner at utfordringane dei har valt er dei største, er det ein stor del i alle utvala som legg vekt på dei *demografiske endringane*, som mange ser på med bekymring. Korleis skal Vestland fylke utvikle robuste lokalsamfunn når dei unge flyttar ut av regionen eller fylket, når befolkninga eldast, og når kompetansebehovet er stort, eller som ein seier det: «*Vestland har stor verdiskapinga knytt til mange geografiske lokasjonar. Såleis må ein jobbe aktivt motkonjunktur for å minske konsekvensane av urbanisering, eldreflo og ungdomfjære*», og i orda til ein annan; «*Med stadig sentralisering tek ein krok-fot på distrikta*».

Ein del respondentar meiner at innsatsen innan *samfunns-tryggleik og beredskap* er for låg og at utfordringane knytt til krigen i Europa, klimatilpassingar og matvareproduksjon er store. Her må det dessutan nemnast at det går fram at fleire er bekymra for eiga tryggleik, uttrykt gjennom spørsmål om det brukast nok ressursar på tryggingstiltak, og om det finst

<sup>10</sup> Spørsmål 1a i spørjeskjema.

tilfluktsrom, som fleire stiller spørsmål til. Nokre respondentar opplever at hjelpe- og redningstenester er for langt unna, noko som går ut over deira kjensle av tryggleik.

For mange er spørsmålet knytt til behovet for vedlikehald og utvikling av *samferdselsstilbod og fysisk/digital infrastruktur*, som kan knyte regionane meir saman og gjere det meir attraktivt å investere og bu i heile fylket.

Manglande eller komande mangel på *attraktivitet* blir dessutan hevda i samband med for låg kvalitet i og/eller merksemd på dei bygde omgjevningane. Det vere seg innan arkitektonisk og universell utforming, fortetting, grønstruktur, og dessutan kulturmiljø og kulturarv som identitetsbyggjande element, slik som det her blir sett på spissen:

Det å byggje høgbløkk i fjøra og gamle småhus- og sentrumsområde øydelegg desse: bukvaliteten blir øydelagd, hagar, parkar og opphaldareal ved skuggelagd og særpreg ved byggetradisjonar vert overkøyr. Dermed mistar slike plassar sin sjarm og trivselsverdi.

Fleire peiker dessutan på manglande eller mangelfullt kollektivtilbod som ei utfordring for berekrafta, både når det gjeld klimatiltak og tilgjengelegheit, spesielt for sårbare grupper. Fleire opplever pendling som ei personleg utfordring, vere seg med bil (ladetilbod, kø, parkering), på sykkel eller kollektivt, knytt til pris og framkomme. I distrikta peikast det òg på tryggleik: «*Trygge gong og sykkelveggar er ein STOR MANGEL utanfor "sentrale strøk" - der eg bur både sykklar og går vi med "livet som innsats" - dette er også viktig for folkehelse og livsmeistring*».

Vidare peiker fleire òg på utfordringane fylket har med å få til *den grønne omstillinga*, ta vare på naturverdiane, og tilpasse seg klimaendringane. Fleire av mål- og interessekonfliktane mellom behov for fornybar energiproduksjon, utbygging og vekst, og dessutan klimatiltak løftast fram som store utfordringar. Eit døme på korleis respondentar koplar det globale og det lokalet utfordringsbilete kan lyftast fram:

Vi lever i ei natur- og klimakrise, men omsynet til natur verkar ha låg prioritet. Halvparten av livet på jorda er borte siste 50 åra. Store naturinngrep er likevel planlagt, mindre inngrep vert søkt og gjeve løyve til dagleg såg og seie. Det er tid for å trekkje i naudbremsa, men ingen drastiske snuoperasjonar er planlagde.

Fatal dumping i Førdefjorden, stadig press på industrialisering av kyst og fjell ved utbygging av vindkraft, oppdrett frå opne anlegg som slepp veldig mengd kloakk ut i fjordar og langs kysten, mikroplast frå vegar og via kloakk, skipstunellen på Stadt som genererer veldig steinmassar, for å nemne noko.

I tillegg er *utanforskap og sosiale skilnader* ein stor kime til bekymring slik det blir uttrykt. Ikkje berre lyftar respondentane dette fram som eit rettferds- og livskvalitetsaspekt, men òg som ein samfunnsutvikling som utløyser utfordringar for demokratiet: «*Aukande ulikskap i samfunnet truar demokratiet og tilliten mellom kvarandre og til det offentlege*». Enkelte meiner i denne samanhengen at folkehelsearbeidet må få større merksemd for å møte desse utfordringane, medan nokre andre meiner at ressursane til psykisk helsehjelp må styrkast. For ein respondent er det mangfaldet som må styrkast: «*Meir mangfaldig samfunn med behov for å vareta språklege og kulturelle minoritetar, eldre og sjuke*». Bustad er det få som omtalar, forutan ein respondent som meiner det er «*behov for bustadar for utsette grupper, t.d. funksjonshemma og minoritetsbefolkninga*». Det uttrykkskast òg eit behov for å rette merksemd mot verdigheit for sårbare grupper, for rusmisbrukarar og dei aller eldste, og at det må skapast «*gode moglegheiter for fattige å ikkje føre vidare utfordringane til neste generasjon*».

Blant dei tilsette er det som nemnd mange respondentar som arbeider i vidaregåande opplæring og som har mange innspel om *skule- og oppvekstutfordringar*. Deira kunnskap og

kompetanse om oppvekstvilkår og behovet for meistring og god psykisk helse er vel verd å understreke.

For det fyrste kan det meldast at enkelte tilsetje i skulen meiner at samanslåinga av fylka har hatt negative konsekvensar for Sogn og Fjordane: «*Eg kjenner vi byggjer skuletilboda ned i distrikta og opp i byane, og gode tilboda vi har i gamle Sogn og Fjordane vert øydelagt i staden for å utvide dei i resten av fylket*».

For det andre legget mange tilsetje vekt på at mange born og unge slit, og dei meiner det er for lite merksemd på deira behov, både når det gjeld fritidstilbod slik som idrettsanlegg, og for ei styrkt opplæring.

Fleire tilsetje meiner for det tredje at ressursane på skulen er for svake, både når det gjeld investering i skulebygg, og i personell – det opplevast som vanskeleg å rekruttere lærarar med formalkompetanse, ikkje minst på dei yrkesfaglege programma. Lærarar opplever å ha for stort ansvar for det psykososiale miljøet og for elevane sine psykiske vanskar, noko som dei erfarer går ut over sjølve lærarvirket. Som ein tilsett i Vestland fylkeskommune siger det, «*skulen skal "fikse" for mange samfunnsutfordringar utan at det nødvendigvis står i forhold til både kompetanse og arbeidstid*». For ein annan tilsett betyr auka mengda oppgåver at kvaliteten forringast: «*Eg har jobba i skulen i 16 år. Dei første åra hadde eg tid til å utføre arbeidsoppgåvene mine, det har eg ikkje lenger. Det verkar for meg som at kvantitet trumfar kvalitet i skulen*». Ein annan lærar ynskjer òg fleire ressursar og kompetanse inn i skulen for å kunne gjere ein god jobb:

Det må fleire vaksne inn i oppvekst/ skulen, auka vaksentettleik. Det blir fleire og fleire barn og unge som slit psykisk/mentalt. No er det på tide å ta vare på dei unge, OG dei som fortviler kvar dag fordi tida ikkje strekk til!!!  
La oss få gjere jobben vår skikkeleg.

Oppløvinga av ein utfordrande ressurssituasjon i skulen har parallellen sin i erfaringar i *tannhelsetenesta*, med rekrutteringsvanskar og fleire oppgåver som ikkje står i forhold til ressursane.

Jobbar innan offentleg tannhelse. Det er totalt krise her. ALT for lite sekretærar i bransjen, og det blir heller nesten utdanna ingen. Aldri mogleg å få tak i vikarar, desse er det kamp om hos alle offentlege klinikkar. Så vi som er på jobb, må jobbe dobbelt så fort og mykje, ofte med både 2 og 3 tannlegar. Men vi får allikevel fleire årskull som skal behandlast, men ikkje meir pengane eller tilsette. Alt skal sparast på, men vi må jo drifte innan forsvarlege og hygieniske krav.

Tilsvarende bekymring for ressurssituasjonen gjeld for kommunane, med fleire noverande og komande oppgåver spesielt knytt til helse- og omsorgssektoren, sterk konkurranse om kompetanse, og svakare *kommuneøkonomi*. Ein respondent meiner samstundes at manglande vilje og evne i offentleg sektor til å fornye seg òg er ein hemsko for utviklinga:

Nyskapning i offentleg sektor er det ikkje akkurat noko særleg med per dags dato etter mi meining, og eg vil ikkje tru at det er betre om ca- 10-15 år heller. Det er ingen føringar i politikken som legg opp til at det kjem noko stor nyskapning eller ein særleg grad av nyskapning inn i det offentlege. Det er for lite fokus på å tore, og ein skal alltid halde seg omtrent til det som ein alltid har gjort før.

Det kan nemnast at fleire respondentar, spesielt i det strategiske utvalet, meiner at utfordringane ikkje kan skiljast frå ein annan, at dei heng saman og må bli forstått som gjenstridige problemkompleks heller enn enkeltstående utfordringar. For nokre respondentar er dei lokalpolitiske arealinteressene eit hinder for implementering av berekraftmål, slik ein uttrykk seg:

Fine ord og vedtak vert bestemt frå FN, via lands regjeringar og til kommunar/fylkeskommunar ang nedbygging av areal, natur, miljø og kulturminne. Alvoret er ikkje sunke inn hjå beslutningstakarane. Framleis er det ei blind tru på at tap av areal ikkje betyr noko. Her lyt ein klype hardt i dei som ikkje tek omsyn til dette, både politikarar, andre beslutningstakarar og saksbehandlarar.

Utfordringsbilete som fleire tilsetje i fylkeskommunen ynskjer å formidle i undersøkinga gjeld situasjonen for arbeidsplassen sjølv. Erfaringa er at rekrutteringssituasjonen er svært vanskeleg, og at det inneber for låg kompetanse, høg utskifting, og for dårleg leiarkompetanse. Det peikast på lønn som ein konkurransefaktor som fylkeskommunen kunne ha nytta. Det er òg formidla bekymringar for utviklinga av yrkesfaglege program i vidaregåande skule, ikkje berre når det gjeld rekruttering av lærarar, men òg når det gjeld å tilpasse program til behova i arbeidsmarknaden, slik denne respondenten uttrykkar utfordringane:

Tenkjar at om elevar søkjar yrkesfag må det vere på plass til dei på linje for påbygg etter 2 år. Kjenner føringa er mot at desse elevane må ta fagbrev. Ikkje lurt å styre talet på klassar på regjeringsnivå, fylke må ut å sjå kva som trengst i fylket sitt. Lurt å gå vegen gjennom yrkesfag fordi om du tenkjer deg vidare på skule. Det er sagt at vestland fylke skal satsa på yrkesfag. Må sei det tek lang tid før det dryp på klokkaren. Kan ikkje sjå at utstyret på skulane rundt om er oppdatert på same nivå. Så vinglar kommunen med å opprette linjer og leggje dei ned før skulen har fått jobba seg inn i marknaden.

#### 4.2.2 Spesielle styrkar

På spørsmål om kva for spesielle styrkar ein ser at fylket har, er inntrykket at *dei tilsetje* og dei i *det strategiske utvalet* er meir på linje enn når det gjeld utfordringar (sjå tabell 6). Store delar (meir enn 30%) både blant *tilsetje*, *det strategiske utvalet*, og *medlemmene i fylkestinget*, seier at «natur- og arealressursar», «tilgang på fornybar energi» og «livskvalitet og attraktive lokalsamfunn» er viktige styrkar.

Samstundes vurderer *tilsette* i langt større grad enn *det strategiske utvalet* at «tilgang på kompetanse og kunnskapsmiljø» er ein særleg styrke (berre 15% seiar at dette området er viktige styrkar blant sistnemnde). Vidare meiner mange i *det strategiske utvalet* og blant *medlemmene i fylkestinget* at «innovasjonsevne og entreprenørskap» er ein særleg viktig styrke.

Forskjellane mellom *tilsetje utan og med leiingsoppgåver* er ikkje store når det gjeld kva som opplevast som dei store styrkane i Vestland (sjå tabell A3 i vedlegg). Blant dei *ulike gruppene* i *det strategiske utvalet* er svargjevinga noko meir differensiert (sjå tabell A4 i vedlegg). Medan dei med *offentleg bakgrunn* i stort svarar som «snitta» (som beskrive ovanfor; sidan dei er i klart fleirtal i *det strategiske utvalet*), framhevar dei i «*sivilsamfunn*»-*gruppa* «mange og/eller varierte frivillige organisasjonar» (40%) relativt mykje meir og «tilgang på kompetanse...» noko meir. Blant dei med *næringsbakgrunn* er det særleg «innovasjonsevne og entreprenørskap», «sterke næringsklynger» og «allsidig næringsliv» som framhevast.

Tabell 6: Område med største styrkar. Etter utval. Prosent.<sup>11</sup>

	Tilsette (N=1504)	Strategisk utval (N=182)	Medlem av fylkestinget (N=21)
tilgang på kompetanse og kunnskapsmiljø	35	15	24
natur- og arealressursar	34	34	38
tilgang på fornybar energi	33	34	33
livskvalitet og attraktive lokalsamfunn	31	32	43
allsidig næringsliv	23	22	38
identitet og tilhøyrse	22	21	0
innovasjonsevne og entreprenørskap	20	34	43
landskaps- og kulturkvalitetar	18	23	5
samarbeidsånd, planleggingsvilje og evne til ... (a)	15	20	10
mange og/eller varierte frivillige org.	11	20	5
politisk handlekraft	10	7	10
sterke næringsklynger	9	18	14
tilgang på investorar og kapital	5	4	19
anna	2	5	14

Ser vi på dei kvalitative svara og fyrst kva *det strategiske utvalet* legg vekt på, kan desse sorterast i bygdemiljø, stadkjensle/ tilhøyrse, kultur, natur, verdiskaping, fornybar energi og samarbeid.

Nærleik og sterke lokalsamfunn er eit stikkord for kva som sjåast som styrkar i *bygdemiljøa*, der tilgjengeleg natur og kort veg til arbeid og fritidssyslar er nemnd som eit gode. Byane Voss og Sogndal blir trekt fram for sine spesielle kvalitetar.

*Stadkjensle og tilhøyrse* opplevast som sterk i Vestland, med ulike identitetsskapande element som skapar stoltheit for innbyggjarane – både i dei ulike regionane og heile fylket.

Evna til å overleve blir i større grad avhengig av "oss som er att". Ein må dra i lag og i felles retning på tvers av privat og offentleg sektor. Bygde-Noreg har og får mangel på tilflytting, då er identitet og tilhøyrse ein viktig "blifaktor" for dei i arbeidsdyktig alder. Og for lokalt næringsliv.

Som ein respondent meiner, er det viktig å byggje på desse kvalitetane og sørkje for at dei inneber inkludering av tilflyttarar og redusere sosial ulikskap.

Medan landskaps- og *kulturkvalitetar* blir omtalt som viktige ressursar for sosial berekraft og trivsel, vektlegg nokre respondentar kulturelle faktorar som sentrale, slik som fylgjande sitat understrek for både livskvalitet, kreativitet og verdiskaping: «*Eit godt kunst- og kulturtilbod er ein føresetnad for å tiltrekke seg kompetanse og kunnskapsmiljø og eit allsidig næringsliv, t.d. innovasjon og entreprenørskap er sterkt lenkja til kreative kunstmiljø - som igjen gjer det interessant å investere*».

*Naturkvalitetane* er òg nemnde av mange respondentar, fordi dei gir både fornybar energi og landskaps- og fritidskvalitetar. Mange seiar difor at det er det er stort potensiale i tilgjengelege natur- og arealressursar, men som ein formulerer det, er «det ein føresetnad at dei forvaltast godt», og at «*Ja, det er mykje unytta areal i fylket, og særleg i utkantane, men arealkrevjande verksemder gir lite arbeidsplassar og er ikkje med på å gjera stadar meir attraktive*».

<sup>11</sup> Spørsmål 2a i spørjeskjema. Fullstendige svaralternativ er: (a) «samarbeidsånd, planleggingsvilje og evne til strategisk arbeid».

Mange respondentar meiner at Vestland er kjenneteikna av eit rikt foreiningsliv, og at *frivillig sektor* er viktig for å oppretthalde livskraftige lokalsamfunn. Samstundes er det i orda til ein respondent nødvendig å forvalte samarbeidet mellom offentleg og frivillig sektor godt:

Frivillig sektor har alltid vore viktig i Vestland, det skaper livskvalitet og attraktive lokalsamfunn. Dette vil bli stadig viktigare etter kvart som offentleg sektor ikkje lenger kan tilby den eldreomsorga det er behov for. Det vil krevje omstillingsvilje frå alle partar. Då blir samarbeidsånd, planleggingsvilje og evne til strategisk arbeid viktig. I Vestland har vi mange små og mellomstore kommunar som er vann til å arbeide slik for å få til ting. Eg trur dette gjer oss godt rusta til å omstille oss, men det kjem ikkje av seg sjølv. Kommunane må stimulerast til å planleggje for dei utfordrande tidene som kjem, med mange eldre.

Næringslivet i Vestland vert lyfta fram som innovativt, nyskapande og prega av entreprenørskap, og naturressursane gir grobotn for *verdiskaping*. Det finst i fylgje fleire kva ein kallar «ein grunnstamme av allsidig næringsliv», fleire sterke næringsklynger, variert næringsstruktur og store faglege kompetansemiljø, som gir fylket konkurransefordelar, slik ein peiker på:

Dette er unike kvalitetar/komparative fortrinn for Vestland - sett mot andre landsdelar. Sterke lokalsamfunn handlar om av vestlendingen skapar sine arbeidsplassar og greier seg sjølv. Natur- og arealressursar handlar både om dei økonomiske ressursane, og om økosystemtenestene, og ikkje-økonomisk naturverdi.

På same viset framhevast *fornybar energi* av fleire som sentralt i utvikling av næringslivet i framtida og som konkurransefortrinn.

Gode samarbeidsrelasjonar blir lyfta fram som ein styrke i regionen, der særleg samarbeidet i næringslivet og gjennom næringsklyngene er sett på som sterkt. Samarbeid elles er noko det i fylgje respondentar er ein plattform å byggje vidare på, men det står att ein del arbeid for å styrkje relasjonane. For ein respondent er samarbeid grunnleggjande for både attraktivitet og berekraftig utvikling

Det er framleis enklare å snakke om FN's berekraftsmål nr 17, enn å omsetje det i konkrete samarbeid. Me har mykje å gå på. Det er for mykje "silotenking", spesielt mellom Vestland og Rogaland. Me har alt å vinne på å byggje eit sterkt vestland saman. Det er slik me kan skape ein attraktiv landsdel og tiltrekkje kompetansen me treng for å løyse framtidens utfordringar.

Eit medlem av medverknadsrådet i Vestland fylkeskommune fremjar òg at den politiske vilja til samarbeid er naudsynt:

(...) [Det er] nødvendig med politisk handlekraft for å prioritere annleis. Først då kan ein få til livskvalitet og attraktive lokalsamfunn. Ein må vise samarbeidsånd på tvers av sektorane med god planlegging og strategisk arbeid med å få ting til.

I dei kvalitative svara frå *dei tilsette* ved Vestland fylkeskommune er det mange respondentar som legg vekt på tilgangen til fornybar energi i fylket på den eine sida og på varierte by- og bygdesamfunn, med sterk tilhøyrse, samhold og stoltheit over kulturarv og stadane på den andre sida. Ein stor del tilsette framhevar her det ein tilsett siger, «*Vestlandsidentiteten, fellesskapen og dugnadsånda er unik (men truga)*». Ein annan meiner at «*Vestlendingen er patriot og kjenner sterk tilhøyrse. Dette gjer at vi kan få ut meir av folks initiativ*». Initiativa teiknar seg gjennom eldsjeler og frivillig sektor, der fleire jobbar for eit inkluderande lokalsamfunn: «*Frivillige organisasjonar gjer ein god jobb for menneske i ulike situasjonar i*

*alle aldrar. Det forhindrar utanforskap og er gode sosiale arenaer både for dei frivillige og dei som er med på tilbodet».*

Samstundes som tilhøyrslø og identifisering med staden (stadidentitet) er viktig for livskvalitet, vil det òg vere mogleg at denne hindrar mangfald og inkludering, slik ein tilsett peiker på:

Identitet og tilhøyrslø er eit ganske ekskluderande punkt og burde takast ut - høyrer du ikkje til her er du ikkje velkommen/ein del av gjengen (igjen tilbake til folketalsvekst og behov for kompetanse), vi har "ikkje råd" til å ekskludere nokon og berre fokusere på våre "eigne", noko dette gi eit signal om.

Dette er ein av dei utfordrande sidene ved sterke kulturar og tette relasjonar i lokalsamfunn, då dei kan vere ekskluderande for dei som er annleis eller som kjem utanfrå. Det er dessutan utfordrande fordi nokre innbyggjarar er opptekne av å «*bevare Vestland slik det har vore*», slik ein siger det, mens fleire tilsette ynskjer at ein hegnar om særpreget til fylket.

Sjølv om fornybar energi og sterk identitet/tilhøyrslø blir nemnd oftast som styrkar av dei tilsette, er det mange som peiker på at fylket har eit allsidig og nyskapande næringsliv og sterke næringsklynger. Næringslivet erfarast som kjenneteikna av innovasjonsevne og samarbeidsånd, sjølv om mange peiker på at samarbeidsrelasjonar må utviklast vidare.

Kulturlivet i fylket er framheva ikkje berre for bidraget det gjer til attraktive lokalsamfunn, men òg på grunn av det kunstnariske nivået:

Kulturlivet i fylket er svært aktivt, ambisiøst og kompetent, både innan det profesjonelle kunst- og kulturlivet og det frivillige/amatørkulturen. Særleg det profesjonelle kunstlivet (innan alle kunstfelt) er på høgt internasjonalt nivå, og har samarbeidspartnarar i fleire land. Denne openheita utover er ein styrke og eit særpreg ved det vestlandske kunstlivet.

Det er dessutan mange som ser kompetansen som ei av dei største styrkane, både entreprenørar og allsidige utdannings-, kunnskaps- og forskingsmiljøa:

Vi har tilgang på både ingeniørar og innovatorer med entreprenør-"DNA" som er viktige ressursar for å skape "det grønne" næringslivet" i framtida - både innan transport, energi og sirkulær økonomi.

Det er mange som viser god samarbeidsvilje. Dette kan nyttast for å mobilisere for å møte eksterne utfordringar. Fylket har sterke kompetanse- og kunnskapsmiljø som kan mobiliserast til å bidra med viktig kunnskap og forskning inn mot samfunnsutfordringar. Både forskning som adresserer korleis ein kan løyse ting langt fram i tid (grunnforskning) og meir anvend forskning nær dei kortsiktige utfordringar. Dei sterke næringsklyngjene er viktige for å få fram nye tenester og produkt. Viktig også for mindre miljø (innovative nettverk), gjerne lokalisert i rurale område.

Her peiker tilsette på at forskingsaktiviteten i fylket kan spreiest frå sentra til distrikta, for at fleire næringsmiljø kan få nytte av kunnskapen og kompetansen, der sistnemnde òg er sett som ei drivkraft for den grønne omstillinga:

Eg trur at oljenæringa sin mangeårige kompetanse kan utnyttast på nye måtar no som vi må tenkje nytt for å gå bort frå fossile brennstoff. Samtidig trur eg det er viktig for norsk industri si konkurransevne si at vi har tilgang på billig rein energi.

Dei naturgitte fordelane i fylket, så som den lange kystlinja og fornybar energi, er som mange tilsette seier grunnleggjande for næringsaktiviteten, frå maritim industri til landbruk og reiseliv. Men naturen er òg sett på som ein komponent i attraktiviteten til lokalsamfunna,



bygd på landskapskvalitetar og tilgjengelege naturopplevingar. At dei vektlegg naturkvalitetane og fornybar energi inneber at miljømessig berekraft blir sett på som ei styrkje i Vestland. Det er òg ei forståing av at frivillig sektor er viktig for berekraft: «*Dei frivillige skapar bulyst og bidreg sterkt til sosial og miljømessig berekraft.*

Medan det blir peika på sterke næringsliv, er ikkje alle overtydde om at utviklinga er berekraftig:

Vi har ein lang veg å gå innanfor det økonomiske aspektet av berekraft. For ofte skjer utvikling trass i kunnskap om uheldige konsekvensar, med vekt på økonomi, både frå næringa si side, og politisk. Sterke politiske miljø kan bidra til ei endra utvikling. For å få dette til må kompetanse og kunnskapsmiljø bidra med kunnskap på dette feltet.

Den samla berekrafta som dei tilsetje sitert ovanfor peiker på kan summerast opp i dette sitatet frå ein annan tilsett:

Ein sterk identitet og tilhøyrslø betyr engasjement og vilje til å jobbe for plassen du bur. Vårt allsidige arbeidsliv inkluderer vilje og mogelegheit til å tenkje annleis, og eg meiner at innovasjon er essensielt skal vi sjå mogelegheitene gjennom klima og naturkrisa. Landskaps- og naturkvalitetane våre er noko vi må verne og dra nytte av, og det er bra for alle dei tre berekraftsdimensjonane.

Det er ulike syn på kva for politisk styrkje som kjenneteiknar fylket, til dømes siger ein tilsett at: «*Politisk handlekraft må på plass slik at lokalpolitikarar kan få handle til beste for lokalsamfunnet*», medan ein annan synest at «*politikarane viser vilje og forståing for dei utfordringane vi har. Eit døme er elektrifisering av ferjer, der er vi innovative*». Dette synet blir delt av ein tilsett som meiner at denne evna kan overførast til å skape berekraft på andre område:

Vi har sterke kompetanse- og kunnskapsmiljø, og desse er heilt nødvendige for å løyse dei utfordringane vi står overfor. Her er koplinga til offentlege styresmakter, politikk, nærings- og samfunnsliv og offentleg debatt viktig. Kunnskap må delast og samfunnet må vere i dialog med forskinga om kunnskapsbehov. Vi treng modige og opplyste politikarar, som tenkjer langsiktige løysingar på samfunnsutfordringane. Vestlandet har vist handlekraft i klimaarbeidet. Dette må vi sjå også på andre frontar. Livskvalitet og attraktive lokalsamfunn handlar om å skape gode livsvilkår og høve til meistring og vekst for enkeltmennesket.

Her kan vi avslutte presentasjon av styrkane som flest tilsetje har vektlagt med eit sitat av det meir poetiske slaget: «*Ein må byrja med det ein har der ein er, sa ein lur kar ein gong. Gje lokalsamfunna politisk føreseielegheit i høve regelverk og budsjett, så vil innovasjon og entreprenørskap kunna bløma*».

### 4.2.3 Svakheiter

Når respondentane blir bede om å nemne dei største svakheitene i Vestland fylke, er det hovudsakeleg samsvarande syn hos dei tre utvala (tabell 7). «Infrastruktur...», «samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv, kunnskapsmiljø og sivilsamfunn om samfunns- og næringsutviklinga» og «busetnad og fagmiljø i distrikta» er område der ein ser særlege svakheiter på tvers av dei tre utvala. Eit unntak frå dette samsynet er særleg at ein i det strategiske utvalet (og blant medlemmene i fylkestinget) ikkje ser «satsing på barn og unge» som eit stort problemområde.

Tabell 7: Område med største svakheiter. Etter utval. Prosent.<sup>12</sup>

	Tilsette (N=1424)	Strategisk utval (N=169)	Medlem av fylkestinget (N=20)
infrastruktur og offentleg transporttilbod	36	38	60
satsing på born og unge	31	17	10
samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv, k ... (a)	30	42	30
busetnad og fagmiljø i distrikta	26	28	35
verkemidlar og tiltak for å skape attraktive og ... (b)	24	34	20
verkemidlar og tiltak for å skape fleire framti ... (c)	23	23	25
verkemidlar og tiltak for å styrke folkehelse ... (d)	22	15	0
samarbeid mellom kommunar om planlegging ... (e)	20	21	15
utsleppskutt og klimatilpassing	19	22	10
nyskapingsevne i privat og offentleg sektor	16	18	15
sentralisering av folk, arbeidsplassar og ressur ... (f)	13	11	30
tiltak for å styrke naturmangfaldet	12	14	15
anna	4	5	10

Blant dei tilsette utan leiingsoppgåver (tabell A5 i vedlegg 1) er det ein tendens til at ein ser særlege svakheiter med «satsing på barn og unge» (meir enn blant dei med leiingsoppgåver), mens ein i relativt mindre grad ser svakheiter når det gjeld «utsleppskutt og klimatilpassing (der dei med leiingsoppgåver ser relativt større svakheiter).

Blant ulike grupper innan det strategiske utvalet (tabell A6 i vedlegg 1) framhevar både «sivilsamfunnet» og næringsinteressentane særleg «verkemidlar og tiltak for å skape fleire framtidretta bedrifter og arbeidsplassar i heile fylket» (og «nyskapingsevne...») som eit område med svakheiter (meir enn dei med offentleg bakgrunn). Samstundes er ein i «sivilsamfunnet» særleg meir opptekne av svakheiter med satsinga på barn og unge, med «tiltak for å styrkje naturmangfaldet» og med «verkemidlar for å styrkje folkehelse og livskvalitet...».

For ein respondent i spørjeundersøkinga er det ikkje regionen sine føresetnader som er svakheitene, men korleis ressursane og føresetnadene blir omsett i handling:

Alt ligg frå naturens side til rette for ei balansert og berekraftig samfunnsutvikling. Mangel på politisk handlekraft, sentralt og lokalt saman med eit byråkratitungt offentleg styre gjer at ein ikkje får utnytta føresetnadene som Vestlandet har...

#### 4.2.4 Ytre truslar

I tabell 8 ser ein at respondentane på tvers av dei ulike gruppene framhevar «klimaendringar og naturulukker» og «energitilgang og energiprisar» som blant dei største ytre truslane for Vestland. Men det finst også klare forskjellar i svargjevinga: Strategisk utval framhevar særleg «svake nasjonale og regionale virkemidlar...» som ytre utfordringar (noko som òg i nokon grad gjeld medlemmene i fylkestinget).

<sup>12</sup> Spørsmål 3a i spørjeskjema. Fullstendige svaralternativ er: (a) «samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv, kunnskapsmiljø og sivilsamfunn om samfunns- og næringsutviklinga», (b) «verkemidlar og tiltak for å skape attraktive og berekraftige lokalsamfunn og regionsenter i heile fylket», (c) «verkemidlar og tiltak for å skape fleire framtidretta bedrifter og arbeidsplassar i heile fylket», (d) «verkemidlar og tiltak for å styrke folkehelse og livskvalitet i heile befolkninga», (e) «samarbeid mellom kommunar om planlegging, tenester og utviklingsarbeid» og (f) «sentralisering av folk, arbeidsplassar og ressursar».

Tabell 8: Område med største ytre truslar. Etter utval. Prosent.<sup>13</sup>

	Tilsette (N=1395)	Strategisk utval (N=165)	Medlem av fylkestinget (N=19)
klimaendringar og naturulukker	39	41	26
energitilgang og energiprisar	37	40	47
eskalerting av krigen i Europa - uro i verda	31	21	26
auke i offentlege utgifter	30	21	37
politisk polarisering i Norge eller Europa	23	25	21
nasjonal eller internasjonal overstyring av lo... (a)	23	24	21
svake nasjonale verkemidlar for samfunns- ... (b)	22	44	32
nedtrapping i olje- og gassektoren	20	15	26
svake regionale verkemidlar for samfunns- ... (c)	20	36	26
matforsyning	14	10	21
uventad migrasjon	7	5	5
pandemiar	5	1	0
anna	3	5	5

Medan det ikkje er særleg store forskjellar i svargjevinga mellom grupper av tilsette i Vestland fylkeskommune (blant dei utan og med leiingsoppgåver; tabell A7 i vedlegg 1), er det nokre forskjellar hos det strategiske utvalet som kan framhevast (sjå tabell A8 i vedlegg 1): Næringsinteressentane peiker i langt større grad enn andre ut «nasjonale og regionale verkemidlar for samfunns- og næringsutviklinga» og «energitilgang og energiprisar» som område der ein ser ytre truslar. Dei med offentleg bakgrunn ser «auke i offentlege utgifter» som ein særleg ytre trussel; medan «sivilsamfunnet» ser «... overstyring av lokaldemokratiet» og «matforsyning» som særlege truslar.


### 4.3 Møte med og bruk av omgrepet «berekraft»

I ein neste del av spørjeundersøkinga vart respondentane spurde om omgrepet «berekraft», medrekna om deira oppleving av omgrepet sin relevans i deira virke og praksis. I figur 8 ser ein at dei tilsette i fylkeskommunen i langt mindre grad enn andre respondentar møter/brukar omgrepet i sine arbeidsomgjevningar: Om lag 35 prosent av dei tilsette i Vestland fylkeskommune opplyser om at dei nyttar omgrepet mykje eller svært mykje, medan dette gjeld for 60-75 prosent av dei andre delutvala.

Medan det ikkje er slik at denne tendensen varierer med type tilsett i Vestland fylkeskommune utan eller med leiingsoppgåver (sjå figur A1 i vedlegg 1), er det noko større forskjellar når det gjeld undergrupper av det strategiske utvalet: Spesielt dei med næringsbakgrunn opplyser at dei brukar omgrepet mykje eller svært mykje (om lag 75%), medan dette er tilfelle i langt mindre grad i offentleg- og sivilsamfunnsgruppene.


<sup>13</sup> Spørsmål 4a i spørjeskjema. Fullstendige svaralternativ er: (a) «nasjonal eller internasjonal overstyring av lokaldemokratiet», (b) «svake nasjonale verkemidlar for samfunns- og næringsutvikling» og (c) «svake regionale verkemidlar for samfunns- og næringsutvikling».

Figur 8: Møte med/bruk av omgrepet berekraft. Etter utval.<sup>14</sup>



Den same tendensen gjeld når ein ser på dei ulike utvala si oppleving av kva for relevans FN sine berekraftsmål har for sitt virke (figur 9). Det er langt færre blant dei tilsette i Vestland fylkeskommune (35%) som ser ein stor eller svært stor relevans av FN sine berekraftsmål enn det ein finn i dei andre utvala (65-70%). Her ser ein òg små forskjellar mellom ulike typar tilsette i Vestland fylkeskommune (figur A3 i vedlegg 1). Innan det strategiske utvalet er det dessutan her dei med næringsbakgrunn, og til dels dei med offentleg bakgrunn, som særleg ser ein relevans (meir enn dei i sivilsamfunns-gruppa; sjå figur A4 i vedlegg 1).

Figur 9: Relevans av FN sine berekraftsmål. Etter utval.<sup>15</sup>




I eit siste spørsmål om potensialet i FN sine berekraftsmål, finn ein òg noko av den same tendensen (figur 10). Strategisk utval og fylkestingsmedlemmene ser det største potensialet, og tendensane innan utvala (blant tilsette i fylkeskommunen og blant det strategiske utvalet) er nokolunde det same, om enn noko meir avdempa, som for spørsmålet om relevans (sjå figur A5 og A6 i vedlegg).

<sup>14</sup> Spørsmål 5 til tilsette, spørsmål 5a til strategisk utval og medlem av fylkestinget i spørjeskjema.

<sup>15</sup> Spørsmål 6a til tilsette og strategisk utval, spørsmål 6 til medlem av fylkestinget i spørjeskjema.

Figur 10: FN sine berekraftsmål sitt potensial som styringsverktøy. Etter utval.<sup>16</sup>



Vi har stilt eit opent spørsmål om «På kva måte har FN sine berekraftsmål relevans i ditt daglege arbeid? Gi gjerne døme (til dømes relevans i arbeid med planar, tiltak, prosjekt og samarbeid)» (spørsmål 6b i vedlegg 1).

Dei som har gitt ei utgreiing på dette spørsmålet visar til mangfaldige måtar å arbeide med berekraft på i Vestland fylkeskommune. Samstundes viser svara eit spekter - mellom å sjå berekraft som ein del av eins arbeidsmandat, ei rettesnor og eit mål, og å sjå det som eit fyndord utan innhald eller praktisk relevans.

Enkelte føreset at berekraft kjem endå meir på dagsordenen framover, slik dette sitatet illustrerer:

Eg oppfattar berekraftmåla som underliggende premisser for vår verksemd og dermed også mitt daglege arbeid. Men sakshandsaming er reaktivt, og eg ser føre meg at berekraftmåla både treng og vil forankrast langt tydelegare framover gjennom regionale planar.

Ein del tilsetje er kritiske til berekraftomgrepet og opplever det som diffust og unyttig, medan det òg kan vere vanskeleg å sjå at berekraftmåla blir implementert. Som ein seier det, har berekraftmåla «relevans for alle faga eg undervisar i. Men i Vestland verkar det som omgrepet framleis slit med å bli konkretisert og implementert i tiltak som har effekt!».

Ein tilsett meiner at arbeidet med berekraftmål forhindrar utvikling, at «FN berekraftsmål byggjer ned industri og arbeidsplassar. Tappar befolkninga for pengar då ALT stig i pris».

Andre fortel at dei arbeider med berekraft utan å relatere seg til berekraftmåla. Det er òg dei som støttar implementering av berekraftmåla, men som er skeptisk til at det er eller blir eit fyndord:

Eg oppfattar at vi heile tida må utvikla oss for å klare å nå måla og stille strengare og strengare krav både til oss sjølve og leverandørane. Elles blir omgrepet "berekraft" nytta på ein slik måte at ein ofte lurar på kva folk eigentleg meiner. ALT skal vere berekraftig anten det er snakk om skoa eller arbeidsmiljøet. Det har vorte eit moteord som leiarar strør rundt seg.

<sup>16</sup> Spørsmål 7a i spørjeskjema.

Andre tilsetje opplever at berekraftarbeidet får for lite innverknad på handlingsnivå, slik ein formulerer det: «*Berekraftsmåla gjennomsyrrar alt me gjer, men er likevel vorte ein formalitet i arbeidskvardagen - noko me lyt snakka om men ikkje på eit tiltaksnivå, berre teoretisk*».

Vi får dessutan innblikk i kva for berekraftutfordringar som gjer seg gjeldande i det konkrete arbeidet som utførast i fylkesorganisasjonen, som vi her skal gi døme på.

Frå transportsektoren peikast det interessant på interessekonfliktar ein møte, til dømes i forholdet mellom kollektive transportløysingar og skulesektoren sine trendar og krav:

Vi opplever utviklingstrekk som krev auka skyssbehov og krav til individuelle løysingar. Til dømes skolenedleggingar som krev meir og lengre transportløysingar, auka grad av fleksible undervisnings- og fagplanar, auka fridom av skuleval, og generelt ein auka kravmentalitet hos skule/foreldre til individuelt tilpassa transportløysingar. Samstundes ligg det i botn eit lovpålagt krav om forsvarleg og trygg skyss for elevar i alle aldersklassar. Alt dette bidreg til eit "press" i retning mindre kollektiv og meir individuell skyss, som igjen ofte skjer med bil eller drosje.

Tilsetje gir òg døme på korleis tilrettelegging av arbeidsplassen i seg sjølv inneber eit miljøperspektiv, slik som gjennom sertifisering som miljøfyrtårn eller resirkulering. Andre visar til at det etterspørjast i anbod og kontraktar, det haldast fleire digitale møte, og ein leiar rapporterer at det har relevans i rekrutteringsprosessar. Samstundes peikar andre tilsetje på den sosiale berekrafta, til dømes ved at «*Likestilling og mangfald står sentralt i alt vi gjer på arbeidsplassen min*».

Samstundes som det er fleire døme på at berekraft har relevans i det daglege og operative arbeidet i organisasjonen, er det fleire som ynskjer å gjere meir for å implementere berekraftmål i verksemda. Tilsetje slik som lærarar har medvit om at berekraft inngår i arbeidet deira, mellom anna gjennom å diskutere berekraft i undervisninga, og å arrangere ei berekraftveke, og der det markerast « *dagar som fremjar likestilling og ein arbeider med haldningsbasert arbeid heile året*».

Ein annan tilsett i transportsektoren fortel om korleis dei tenkjer heilskapleg med utgangspunkt i sitt virke, som har fokus på berekraftig og inkluderande mobilitet:

Dagens køyretøy (private bilar) står i ro i 23 av 24 timar i døgnet. Det krev mykje parkeringsareal som kunne vore nytta til andre ting. 0-vekst i biltrafikk er eit mål for samferdsel og kollektiv. Dette er ikkje ambisiøst nok. Vi må ha kraftig reduksjon og bruke areal og køyretøy på nye måtar. I Skyss jobbar vi med ny mobilitet som stimulerer til å parkere den private bilen og å erstatte det med ein delt bil, sykkel eller gonge i kombinasjon med kollektiv. Berekraftig mobilitet handlar om at alle har eit tilbod, også eldre i distrikt, vi må skape fordelar for den delte bruken.

Innan tannhelsetenesta ser ein tilsett berekraft som viktig for arbeidsmiljøet og for tenesta:

Det har svært mykje å seie for mitt dagleg arbeid at det miljømessige, sosiale og økonomiske blir ivareteke for at vi skal kunne yte det beste for pasientane og for arbeidsmiljøet. At inneklima er godt, godt samarbeid mellom arbeidskollega, tilstrekkeleg med utstyr og god løn.

Ein annan tilsett i tenesta peiker på at dei jobbar for sosial berekraft, og at dei samarbeid for å nå måla. «*God helse og livskvalitet og prøve å minske forskjellar ved at vi gir like gode tannhelsetenester til alle. Vi har samarbeid med kommunane og bidreg med informasjon til tilsette i helseføretaket til kommunen*». Ein tredje tilsett i tannhelsetenesta opplever derimot at berekraft i lita grad har betydning for denne sitt verksemd:

«*FN sine berekraftmål burde vere ein berebjelke innan heile fylkeskommunen, men er fullstendig fråverande i jobben min i fylkeskommunal tannhelseteneste*».

For ein tilsett handlar dette òg om produkta dei brukar i tenesta:

På eit tannlegekontor er berekraftsmål ikkje høgst prioritert, då vi bruker ein god del eingongsutstyr. Frå leverandørar kjem det plast innpakka i plast og i meir plast, som eit døme, men vi er veldig flinke å sortere dette for at det skal gå opp.

Innan bibliotekenesta ser ein at biblioteket som arena er viktig for den sosiale berekrafta:

Eg jobbar med bibliotekutvikling, og biblioteket er ein arena som står sterkt som i ei berekraftig utvikling innan miljø og det sosiale. Det er ein kunnskapsarena, ein møteplass (høg- og lågintensiv) og kan ha ein rolle i å bygge gode og inkluderande lokalsamfunn.

Innan vassforvaltning er det særleg den miljømessige berekrafta som står i fokus:

Eg jobbar med vassforvaltning både regionalt og lokalt (vassområdet mitt består av 9 kommunar). Vatn går inn i dei fleste berekraftsmåla og vassmiljø er derfor viktig både å verne og forbetre slik at me når miljømåla for vatn. Forvaltningsplan for Vestland vassregion, vatn inn i kommunale planar, tiltaksgjennomføring i kommunar og andre sektormyndre på vatn, prosjekt knytt til forureining frå landbruk og avløp, sjøaureprosjekt.

Døma frå ein tilsett som arbeider innan sektor er breitt: «*Eg arbeider i Helse og jobbar for god helse og livskvalitet, fattigdom, likebehandling, ansvarleg forbruk og produksjon osv.*».

Dei tilsette i den vidaregåande opplæringa nemner ulike måtar berekraftmåla kjem til uttrykk på, sidan lærarplanen fremjar dei, men òg meir konkret, gjennom kontinuerlege læringsoppgåver og prosjekt:

Arbeidar konstant for å løyse utfordringar knytt til miljø og klimaproblematikk gjennom faginnhald overfor elevane på skulen, EU-prosjekt på skulen (Erasmus+) og dessutan nullutsleppsteknologiar innan maritim sektor.

Ein heilskapleg haldning til korleis elevane kan forstå betydinga av berekraftig samfunnsutvikling blir òg lyfta fram, til dømes for eins fag, «*Eg er lærar i naturfag og geografi, omgrepa er svært viktige i desse faga, og vi jobbar mykje med å få ungdommen til å forstå viktigheita av det som skjer kring desse berekraftsmåla*», eller heilskapleg med vekt på teknologiske løysingar:

Me set ny teknologi og energi som hovudfokus, men me jobbar også med haldningar hjå elevane og prøver å lære dei kva/korleis utfordringar det er i samfunnet rundt ulikskap og diskriminering. Skal ein klare å få bukt med fattigdom, kjempe mot ulikskap og bremse klimaendringar så må ein ha ei sterk utvikling og engasjement på nye tekniske løysingar.

Tilsvarende arbeider lærarar innan yrkesfag med å lære elevane om krav av i dag og i framtida: «*I undervisninga. Stort fokus på avfallshandtering på byggjeplassar. Kravet i dag er minst 60% gjenbruk/sortering, men dette bør/kjem vel til å auke*». Innan Matlagingsfag, «*der tenkjer vi berekraftig, lokale rådsvarer og økonomi. Måltidsplanar og oppskrifter vert utarbeidd med omsyn til det*». Ein tilsett på ei fagskule legg vekt på miljømessig berekraft: «*klimamål [har] mykje å seie for undervisninga i skipsfart i forhold til kutt i klimagassar og effektivisering*».

Nokre lærarar er vidare opptekne av å vise korleis målkonfliktar og konsekvensar av politiske avgjer kan kome til uttrykk: «*Eg underviser i skulen og må heile tida synleggjere mogelege konsekvensar av politiske vedtak m.m.*». Ein annan lærar peiker på eit døme med betydning for både sosial og økonomisk berekraft: «*Eit døme her kan vere at i skuleverket er det ein viktig verdi at ingen skal falle utanfor. Det betyr i praksis at alle små og store tiltak som vert*

set i verk må vere forankra i denne verdien». Det er òg eit interessant døme som blir gitt av ein tilsett i skulen, som visar korleis dei unge så som dei vaksne ikkje alltid greier å overføre berekraftmål frå teori til praksis:

Jobbar på vgs der eg veit at det vert undervist i desse tema i mange fag - då er det frustrerende å sjå at elevane visst nok er flinke til å skrive og snakke om desse tema, samstundes som dei t.d. forsøplar skulebygget, kastar panteflaskar i restavfall og til og med bestikk - fordi dei ikkje gidd å returnere dette til kantina eller sortere i rett søppel. Det er det sjølvstøtt reinhaldarane som skal ta seg av. På same måte er dei flinke å snakke om inkludering og fordømme rasisme/diskriminering - men lokale elevar snakkar knapt med innvandrarelevane. Skremmande!

Frå andre sektorar blir det òg rapportert om at berekraftmåla har relevans, utan at det er gitt døme på kva for uttrykk det får, det gjeld både i arbeidet med samfunnsikkerheit og beredskap og kulturarv.

Enkelte opplever ikkje at det har relevans for arbeidet i Vestland fylkeskommune, der ein medgjer at «*[Eg] tenkjer meir berekraft som styrelseiar i burettslag, enn som tilsett i fylkeskommunen*».

Det blir òg gitt døme på at det ikkje er lett å la berekraftmåla styre avgjerder, slik det visast i dette konkrete dømet:

Jobbar ein del med spelemidlar til idretts- og friluftslivsanelegg, der det blant anna er eit tema med gummigranulat i kunstgrasdekke. Her oppmodar vi om å unngå kunstig innfyllmasse i kunstgrasdekka, men vi kan dessverre per dags dato ikkje avslå ein søknad med bakgrunn i FN's berekraftsmål.

Det er vidare ein som legg vekt på at krav eller ynskje om berekraft forpliktar fylkeskommunen til å ta kostnadene som krevjast:

Krav om nullutslepp i prosjekt som går ut på skaffe tenester stillar større krav til leverandørar av slike tenester. Det kan også få konsekvens om at det offentlege må betale meir for tenestene. Er det økonomi og vilje til å betale meir for å nå utsleppsmåla? Er det bevisstheit kring kva det grønne skiftet vil medføre i kronar og øre? Det er lett å stille strenge krav, men det må vere vilje til å betale det dette kostar.

Det er fleire som er oppgjevne over berekraftagendaen, når den opplevast som lite handfast og meir symbolsk, som ein seier det: «*Vi blir tvunga til å bruke mykje pengar på symbolpolitikk. Berre trist*».

Til sist i denne delen kan vi gi eit sitat frå ein tilsett som vektlegg meir samarbeid og kontinuitet i målsettingar som følgje av arbeid med FN's berekraftsmål:


Bruken av og fokus på FN's berekraftsmål har gjort det til at kommunar og fylkeskommune er meir samstemt i mål. Mål 17 om samarbeid har vore styrkt i det siste. Vi må ikkje gløyme at "ingen skal utelatast". Det er ikkje ein av berekraftmåla, men heilt sentralt til heile konseptet.

## 4.4 Bruk og nytte av utviklingsplanen

Sett under eitt nyttar dei tilsette Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 i lita grad: Berre 25-30 prosent opplyser om «noko» eller meir bruk på dei områda vi har spurt om (figur 11). Det er i utviklingsarbeid (på avdelinga eller arbeidsområdet) og i utforminga av eigne faglege planar at tilsette brukarar utviklingsplanen mest. Dei brukar han minst i saksbehandling og «politiske dokument» og i «retteleiing av kommunar, sivilsamfunn eller næringsliv».



Figur 11: Bruk av Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Tilsette i Vestland fylkeskommune (N=1216-1245).<sup>17</sup>




Det er likevel nokre forskjellar mellom ulike typar tilsetje. Dei med leiingsoppgåver brukar gjennomgåande utviklingsplanen meir på alle dei aktuelle områda (sjå tabell A9 i vedlegg 1).<sup>18</sup> Ei forklaring på hovudmønsteret – altså relativt liten bruk av utviklingsplanen, og noko meir bruk blant tilsetje med leiingsoppgåver – er at respondentgruppa omfattar *heile* organisasjonen frå førstelinjefunksjonar til dei meir strategiske leiarfunksjonane høgre opp (der det er dei siste som skal kunne bruke planen som styringsverktøy i sin arbeidskvardag). I tråd med dette ser ein at andre respondentar – høgst opp i fylkeskommunen (medlemmer i fylkestinget) og blant dei i det strategiske utvalet (med ulike strategiske nøkkelfunksjonar) – i større grad gjer bruk av utviklingsplanen på sine aktuelle område.

Resultata gjevne i figur 12 tyder på at respondentane i det strategiske utvalet brukar utviklingsplanen meir på sine aktuelle område enn dei tilsetje gjer på sine. Oppunder 40 til 48 prosent brukarar planen «noko» eller meir, og det er særleg i søknad om tilskott og i utforming av egne planar at det brukast. Det er dessutan særleg dei med bakgrunn frå næringslivet som brukar han mest (sjå tabell A10 i vedlegg 1). Næringslivet brukar planen meir på alle aktuelle område.

<sup>17</sup> Spørsmål 8a i spørjeskjema. Fullstendig svaralternativ er: (a) «Som grunnlag for prosjektsamarbeid med aktørar utanfor fylkesorganisasjonen».


<sup>18</sup> For betre oversikt er samanstillinga i appendikset for dette (og neste) spørsmål her mellom gjennomsnittskårer hos undergruppene.

Figur 12: Bruk av Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Strategisk utval (N=152-157).<sup>19</sup>



På «toppnivå» i fylkeskommunen, blant medlemmene i fylkestinget, er altså bruken av utviklingsplanen meir omfattande (figur 13). På spørsmål om generell bruk av Utviklingsplanen og Kunnskapsgrunnlaget svarar 70-75 prosent av medlemmene at dei brukar dei nemnde kjeldene «noko» eller meir (og nærare 40% brukar planen «mykje» eller meir).

Figur 13: Bruk av Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Medlem av fylkestinget (N=19).<sup>20</sup>



For Utviklingsplanen og Kunnskapsgrunnlaget svarar 70-75 prosent av representantane på fylkestinget at dei brukar dei nemnde kjeldene «noko» eller meir (og nærare 40 prosent brukarar planen «mykje» eller meir).


Eit siste spørsmål handla om kva som skal til for å gjere planane i fylket betre på deira aktuelle område (sjå figur 14). Blant dei tilsette i Vestland fylkeskommune er det «betre formidling av planane», «styrkt samarbeid mellom fylkeskommunen, stat, kommunar og andre...» og dessutan «lettare tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag» som nemnast oftast (av 30-

<sup>19</sup> Spørsmål 8a i spørjeskjema.

<sup>20</sup> Spørsmål 8a (øvt) og 9a (nedst) i spørjeskjema.

45%). Det er ikkje store skilnader mellom tilsetje utan og med leiingsoppgåver (tabell A11 i vedlegg 1), men dei sistnemnde etterlyser i større grad «heilskaplege planar som går på tvers av sektorane» og i nokon grad meir «samanheng mellom handlingsprogram, budsjett og rapportering».<sup>21</sup>

Figur 14: Kva skal til for at regionale planar får større betydning? Tilsette i Vestland fylkeskommune (N=1298).<sup>22</sup>




Blant respondentane i det strategiske utvalet (figur 15) er det større andelar (55-60%) som meiner at meir substansielle forhold slike som «styrkt samarbeid/samskaping mellom fylkeskommunen og andre» og «klare prioriteringar og satsingar» er viktig for at fylket sine planar får større meining og betydning, medan til dømes «betre formidling» nemnast sjeldnare (45%).

<sup>21</sup> Igjen kan ein truleg sjå dette i samanheng med meir eller mindre strategiske funksjonar hos ulike typar tilsette.

<sup>22</sup> Spørsmål 9a i spørjeskjema. Fullstendig svaralternativ 2 er «styrka samarbeid mellom fylkeskommunen, stat, kommunar og andre samfunnsaktørar om utvikling og gjennomføring av planar».

Figur 15: Kva skal til for at regionale planar får større betydning? Strategisk utval (N=161).<sup>23</sup>




Det er samstundes nokre nyansar i dette biletet. Særleg «sivilsamfunnet» etterlyser «betre formidling (58%) og næringslivet etterlyser i nokon grad eitt «betre kunnskapsgrunnlag» meir enn andre (sjå tabell A12 i vedlegg 1).

Fylkestingsmedlemmene etterlyser, som dei tilsetje med leiingsoppgåver, betre «samanheng mellom handlingsprogram, budsjett og rapportering» aller mest (noko over 50%) og, som dei tilsetje elles, «styrkt samarbeid... mellom aktørar» og «betre samordning av fylkesplanane» (noko over 40%). Sjå figur 16.

<sup>23</sup> Spørsmål 9a i spørjeskjema.

Figur 16: Kva skal til for at regionale planar får større betydning? Medlem av fylkestinget (N=19).<sup>24</sup>



Blant dei tilsette i Vestland fylkeskommune er det eit mindretal som greier ut om korleis utviklingsplanen har relevans i sitt daglege arbeid (spørsmål 8b i vedlegg). Dei fleste som har valt å svare her seier at dei ikkje har høyrd om planen, eller at den ikkje er relevant for dei. For ein tilsett brukast planen i tråd med ein viktig intensjon: «Den er tydeleg på kva som er hovudutfordringane og overordna målsettingar, difor forankrar eg innsatsen min i mål og strategiar i utviklingsplanen. Den argumenterer for at arbeidet eg prioritetar er viktig».

Blant dei som arbeider konkret med planar i fylkeskommunen er det nokre positive erfaringar, til dømes at «Utviklingsplanen var heilt sentral i å kome raskt og godt i gong i den nye fylkeskommunen etter samanslåinga. Hovudmåla har vore svært gode til å setje retning og gi god forankring til vidare handling på mitt arbeidsområdet».

Nokre respondentar meiner dei sjølv må jobbe med planlegging for at planar skal vere relevante. Andre meiner leiarane deira anten syt for at utviklingsplanen blir følgd utan å involvere dei tilsette ('unødig'), eller at dei burde involvere dei.

Det er òg ein tilsett som saknar strategiske planar for eiga område: «Avdelinga vår (tannhelse) manglar strategiplanar som kunne vore relevante». For andre tilsette er det ikkje naturleg at dei brukar tid på plan i ein travel kvardag: «Vi på golvet har ikkje tid til å orientere oss i alt det der over oss lagar av dokument og planar. Leiarar må sørge for å implementere det slik at vi jobbar i rett retning og i samsvar med planar».

Nokre tilsette ynskjer at planen skal få meir verdi for deira verksemd gjennom at «Utviklingsplanen burde "brennkast" ned i kvar avdeling og så må det gjerast analysar og tiltak for å svare opp på korleis "avdelinga" vår/eining kan jobbe for å nå måla i planen».

Enkelte medarbeidarar peiker på at andre planverk er viktigare, slik dette sitatet vitnar om: «Eg har tru på å ha felles målsettingar, men OPK er ein såpass stor avdeling i seg sjølv at

<sup>24</sup> Spørsmål 9a i spørjeskjema. Fullstendig svaralternativ 2: «styrka samarbeid mellom fylkeskommunen, stat, kommunar og andre samfunnsaktørar om utvikling og gjennomføring av planar».

*nasjonale og eigne (OPK) utviklingsplanar er meir relevante og viktigare». Samstundes er det lærarar som svarar at dei gjerne brukarar planen i undervisninga, eller at dei gjerne skulle samtale om den saman med elevane. Ein lærar illustrerer at utviklingsplanen har relevans på arbeidsområdet sitt: «Gjennom elevarbeid og i samarbeid med føresette. Kva skal born og unge satse på med tanke på utdanning. Vidare kan ein nytte det meir opp mot strategi og planar for vår skule og arbeidet for neste år».*

Eit titals tilsetje er skeptiske til planarbeid generelt og meiner det er dårleg bruk av ressursar:

Ingen relevans, kjenner ikkje til innhaldet i utviklingsplanen. Inntrykket mitt er at organisasjonen brukar mykje tid og ressursar på planar som ingen kjenner til eller som blir (systematisk) følgt opp .

Dersom planane er skrivne for å bli brukt, så kan dei bli brukte. Mange planar ber preg av at dei skal stå fram med mange ord - gjerne fyndord som er i tida og utan relevans for dei fleste av oss...for omfattande og med for mange ord. Skrivne av byråkratar til andre byråkratar.....

Synet om at planane ikkje har relevans speglar seg òg i enkelte sine tankar om at dei er reine visjonsdokument som ikkje får praktisk eller politisk kraft når avgjerder blir tekne:

Utviklingsplanen har liten verdi fordi fylket samla i realiteten ikkje meiner det som står i planen. Fylket skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp, men samtidig er det bygget motorveg Bergen-Os som aukar utsleppa. Målet om nullutslepp er fullstendig urealistisk. Fylket skal også forvalte viktige naturlandskap, men samtidig er viktige naturområde (...) vorte til veg og det blir stadige dispensasjonar gitt i 100-meterbeltet.

Blant respondentane som har gitt kommentar til spørsmålet om utviklingsplanen i undersøkinga, er det særleg ynskja om å forenkle og skrive i klarspråk, og skjere ned på talet planar som blir trekt fram. Kanskje planen kan givast ut i ein kortversjon for elevar i vidaregåande skule, spør ein tilsett.

Fleire meiner at dei tilsetje burde bli meir involvert i strategisk arbeid, og at dei tilsetje må bli meir lytta til. Ei av dei meir kritiske opplevinga er i denne samanheng at « *Den øvste leiinga i fylket har lite kontakt med, innsikt i og kanskje respekt for den innsatsen og arbeidet som blir gjort i resten av einingane i fylket og behovet for å informere og inkludere desse*».

Som nemnd er det òg fleire som har ei oppleving av at utviklingsplanen ikkje brukast av lokale leiarar, slik dette sitatet illustrerer: «*Den er «den raude tråden» i arbeidet vårt, men er for lite kommunisert og brukt i interne prosessar i eininga vår*». Eit liknande syn er at planane burde 'omsettast' «*til noko som er relevant til arbeidsområdet mitt*».

Det er òg tilsetje som meiner at planarbeid må *forankrast* betre mellom avdelingar, blant leiarane, men òg i privat så vel som offentleg sektor. Ein tilsett ynskjer dessutan «*Meir satsing på vidareutvikling av fagleg kunnskap, og relasjonsbygging*».

Vi finn òg planskepsis knytt til ei erfaring av at det avgrensar utvikling og framdrift, og at:

planarbeid må starte med eit behov på grunnplanet, ikkje eit behov hos administrasjon for å rettferdiggjere at dei har ein jobb (les: finne på mykje unyttig system, resultatmål, evaluering, handlingsprogram, tverretattelege samhandlingsplanar, osb. osb.).

## 4.5 Oppsummering

I synet på kva område ein vil finne dei store utfordringane for Vestland som samfunn fram mot 2030-2040 er det ein del forskjellar mellom ulike respondentar. Til dømes seier opp mot 40 prosent av dei tilsetje at det kjem utfordringar på området «oppvekst, skule og

utdanning», medan dette blir nemnt av mindre enn ti prosent av andre interessentar (i det strategiske utvalet og blant fylkestingsmedlemmene). Det er stor einigheit blant alle type interessentar om at området «samferdsel og infrastruktur» vil møte utfordringar framover (30-40% nemner dette området).

Inntrykket er at det er større samsyn blant ulike interessentar når det gjeld styrkar og svakheiter som Vestland kan komme til å kjenne på i arbeidet med ein berekraftig samfunnsutvikling. «Natur- og arealressursar», «tilgang på fornybar energi» og «livskvalitet og attraktive lokalsamfunn» framhevast av alle som område der Vestland har særlege styrkar (nemnt av 30-40%). Ein ser samstundes at ulike delar av det strategiske utvalet framhevar «eigne» styrkjer: Respondentar frå sivilsamfunnet ser til dømes «mange og/eller varierte frivillige organisasjonar» som ein styrke, medan representantar frå næringslivet særleg ser eit «allsidig næringsliv» som ein styrke (både områda nemnt av 40% av dei respektive gruppene).

Når det gjeld svakheitene Vestland ser ut til å stå overfor, ser mange særlege svakheiter innan «infrastruktur og offentleg transport», og dessutan når det gjeld «samarbeid mellom myndigheiter og andre om samfunns- og næringsutviklinga» og «busetnad og fagmiljø i distrikta» (nemnt av meir enn 30% i alle grupper).

I spørsmålet om kva ytre truslar Vestland vil stå overfor dei neste 20 åra er det meir tvisyn. Medan «klimaendringar og naturulukker» og «energitilgang og energiprisar» framhevast som dei største truslane, er det òg forskjellar mellom dei ulike gruppene: Særleg framhevar det strategiske utvalet (representantar for anna offentleg verksemd, sivilsamfunn og næring) at «svake nasjonale og regionale verkemidlar for samfunns- og næringsutvikling» er ein stor trussel (nemnt av 30-60%).

Tilsetje i Vestland fylkeskommune møter/brukar omgrepet «berekraft» i mindre grad enn andre interessentar (i strategisk utval og blant fylkestingsmedlemmene). Dei ser dessutan i mindre grad enn andre på FNs berekraftsmål som relevante i det praktiske arbeidet og dei ser i mindre grad måla som eit potensielt styringsverktøy. Det er særleg dei med næringsbakgrunn som ser ein relevans i FNs berekraftsmål. Saman med dei med offentleg bakgrunn i det strategiske utvalet ser dei i større grad måla som eit potensielt styringsverktøy.

Bruk av Utviklingsplanen for Vestland på relevante område er ikkje utbreitt blant dei tilsetje i Vestland fylkeskommune sett under eitt, medan bruken er høgare blant dei tilsetje med leiingsoppgåver, og betydeleg høgare blant representantar for næringslivet og blant medlemmene i fylkestinget.

Tilsetje sett under eitt ynskjer i større grad «betre formidling av fylkets planar» for å gje planar større meining og betydning, mens ein i det strategiske utvalet meir etterlyser «styrkt samarbeid/samskaping mellom fylkeskommunen og andre» og «klare prioriteringar og satsingar». Fylkestingsmedlemmene og dei tilsetje med leiingsoppgåver etterlyser særleg betre «samanheng mellom handlingsprogram, budsjett og rapportering».

## 5 Berekraftkonflikter og dilemma

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget presentert i denne rapporten, munna ut i fem utfordringsområde med tre hovudutfordringar kvar, og tre løysningsområde, som vart grundig diskutert i *Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi*.

Utfordringsrapporten spenner mellom å forklare utviklingstrekk og å vise samanhengane mellom ulike utviklingstrekk og samfunnsutfordringar, dette òg på ein tilgjengeleg og kortfatta måte. For å synleggjere kompleksiteten i målkonflikter og dilemma som reiser seg når ein skal prioritere ressursar og utvikle løysingar testa vi difor ut korleis dei 15 utfordringane kunne sjåast i samanheng, og kva døme på dilemma som illustrerer den samanvevinga av mål i strategisk planlegging for berekraftig utvikling. Døme på relevante dilemma er lista i 5.1.1, som kan utgjere eit diskusjonsgrunnlag i det vidare arbeidet med utviklingsplanen.


Nedanfor i tabell 9 listar vi alle utfordringane der vi illustrerer korleis dei påverkar kvarandre, frå orsakar til konsekvensar, og til saman difor dannar ei (samfunns)floke. Tabellen er ikkje meint å vere uttømmande, men ein illustrasjon på kompleksitet og samanheng, eit visuelt bilete på at nye og fleire aktørar bør samarbeide om regional planlegging for berekraftig utvikling, og at samproduksjon og samskaping som metodar bør styrkast som metodiske grep for utvikling av løysingar.

### 5.1.1 Berekraftkonflikter og dilemma

- Tempoet i klimaomstillinga vert bremsa av verdiskapinga i oljenæringa
- Oljenæringa held på kompetanse som det er behov for i den grønne omstillinga
- Klimatilpassinga krev meir midlar til infrastruktur enn økonomiske budsjett i dag tillét
- Utvikling og lokalisering av fornybare energikjelder er avhengig av areal og legitimitet, og kan stå i konflikt med naturomsyn, omsyn til lokal stadkjensle, og attraktivitet
- Redusert bruk av energi er eit lite punkt på dagsordenen men er eit viktig klimatiltak
- Fråfall i vidaregåande skule aukar sjansen for dårleg helse og arbeidstilknytning, og gjer det vanskelegare å møte kompetansebehov i næringslivet og offentleg sektor
- Utanforskap inneber at fylket har ein potensiell reservearbeidskraft. Sosial ulikskap i helse kan innebere at innbyggjarar ikkje får ta del i verdiskaping eller bidra til å auke attraktiviteten på heimstaden
- Behov og preferansar for bustad er ikkje alltid i samsvar med fortetting som klimastrategi.
- Utbygging av bustader der folk ynskjer å bu kan innebere nedbygging av natur og landbruksjord
- Manglande tilpassa sosiale arenaer og transporttilbod gir innbyggjarar både færre moglegheiter til å delta på ulike samfunnsarenaer til dømes frivillige organisasjonar og til å bidra med å auke attraktiviteten til heimstaden
- Nedbygging av areal forsterkar naturkrisa men er knytt til verdiskaping
- Auka arealkonflikter kan sakke verdiskapinga i fylket
- Manglande kunnskap om økosystem og økosystemtenester sakkar farten i klimaomstilling og klimatilpassing for attraktive lokalsamfunn, fordi kjende løysingar i ikkje blir teken i bruk
- Arbeidsplassbehovet er større enn det som kan dekkast gjennom tilflyttarar, på grunn av for låg attraktivitet
- Manglande attraktivitet i landbruksnæringa kan gå ut over stadattraktivitet, matforsyning og reiseliv
- Dyre investeringar i infrastruktur fører til at det kan vere lite økonomisk berekraftig å utvikle fysisk og digital infrastruktur i distrikta
- Den ujamne befolkningsutviklinga i fylket kan medføre at kvaliteten på tenestetilbod og stadkvalitet vert ulik.



Tabell 9: Berekraftutfordringar, konfliktar og dilemma som er eller kan oppstå på tvers av utfordringsområda. Illustrasjon ved Vestland fylkeskommune.



Dei øvste boksane visar dei fem overordna utfordringsområda, som byggjer på FN sine seks innsatsområda for berekraftig utvikling, og boksen øvst til høgre visar sentrale løysingsområda som er identifisert gjennom samproduksjonen av kunnskap i dette prosjektet.

For kvart utfordringsområde er det tre hovudutfordringar. Den nedre pila visar at alle utfordringane peiker mot dei løysingsområda i boksane heilt til høgre.

## 5.2 Ei framtidretta regional planlegging

Kunnskapsgrunnlaget skildra i denne rapporten kan nyttast i arbeidet med utviklingsplanen for Vestland, regional planstrategi. *Planstrategi* er eit relativt nytt verktøy for strategisk kommunal og regional planlegging. I arbeidet med komande regionale planstrategi - utviklingsplan for Vestland - kan utfordringane, samfunnsflokane, dilemmaa og synergiane som er lagt fram i kunnskapsgrunnlaget bli kjernesporsmål for korleis berekraftmåla kan bidra som verktøy i den strategiske planlegginga.

Fylkeskommunen siktar mot innovasjon i plansystemet, og denne ambisjonen gjeld både prosess og resultat. Ein av oppgåva kan vere å gå eit steg vidare i samordninga og moderniseringa av plansystemet, som Vestland har arva frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Vestland har i dag mange strategiar og planar i porteføljen, og ser behov for forenkling, slik det frem fram i spørjeundersøkinga blant fylket sine tilsette. Den nye utviklingsplanen må kvile på ein klår strategisk retning. Ein annan sentral oppgåve blir å sørge for at kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert, formidla og teke aktivt i bruk i heile fylket.

For både kommunar og fylkeskommunen er det relevant å redusere talet på strategiar og tematiske planar, som har vakse markant dei siste åra. Forenkling er ei føresetnad for å utvikle meir heilskapleg strategiar retta mot løysing av store samfunnsutfordringar.

Berekraftarbeidet er ikkje berre avhengig av samarbeid og koordinering internt i kommunen eller fylkeskommunen, den krevjar koordinering og samarbeid på tvers av forvaltningsnivå, mellom kommunar og mellom samfunnssektorar. Enn så lenge er heller ikkje interkommunalt plansamarbeid særleg vanleg i Noreg (NOU 2023:9). I åra framover vil fylkeskommunen truleg kunne ta ei tyngre rolle i å leggje til rette for at potensialet for interkommunalt samarbeid kan hentast ut (sjå t.d. Bergsli og Hanssen 2023).

Vestland har djupe røter, men er eit ungt fylke. Det tek rimelegvis tid å strekkja kjølen på ein samfunnsplanlegging og politikk som er i stand til å binde fylket ordentleg saman og som gjer Vestland til ein «nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg», slik det står i gjeldande utviklingsplan. Utfordringane og moglegheitene som er beskrivne i den nye utfordringsrapporten og i denne rapporten, krev tverrfagleg dialog, modning og politisk refleksjon, i tråd med Vestland fylkeskommune sin visjon om å vere nyskapande og berekraftig.

Resultata frå spørjeundersøkinga blant dei tilsette i Vestland fylkeskommune viser behov for å organisere berekraftarbeidet meir heilskapleg i organisasjonen, slik at fleire fagpersonar opplever eigarskap og aukar berekraftkompetansen. Det kan òg innebære at arbeidsoppgåver kan sjåast i samanheng med samla innsats retta mot samansette samfunnsutfordringar. Slik kan ulike delar av organisasjonen trekkje i same retning, med dei verkemidlane og den varierte kompetansen som fylkeskommunen til saman har å bruke i arbeidet med berekraftig regional utvikling og omstilling.

Den regionale analyse og framsynsanalyse med scenarioar som vi har summert opp i denne rapporten er nyttige kunnskapsgrunnlag i arbeidet med utviklingsplanen for Vestland. Den regionale analysen visar regionale skilnader og særtrekk som er viktig å ta omsyn til og diskutere i utviklinga av strategisk planlegging frå fylkeskommunen si side. Det er ikkje minst viktig for å treffe strategiar for jamn geografisk utvikling, det å motverke sosial og geografisk ulikskap. Scenarioane vil vere til hjelp for å forstå endringskreftene som påverkar og formar vestlandssamfunnet utanfrå, som fordrar arenaer for samarbeid og samskaping i åra framover. Vestland fylkeskommune har gode moglegheiter til å koordinere og utvikle desse arenaene.

## Referansar

- Agenda Kaupang og Asplan Viak (2022). Samskaping politikk og administrasjon i strategiske Planprosesser. Samspill og dialog mellom politikk og administrasjon i et samskapingperspektiv med Stavanger, Bærum, Bergen, Oslo, Trondheim, Tromsø, Kristiansand og Drammen som deltakende kommuner. Program for storbyforskning, KS.
- Bergsli, H. og G.S. Hanssen (2023). Interkommunalt plansamarbeid i Lofoten. NIBR-notat 2023:101. Oslo: NIBR.
- Bardal, K.G, Reinart, M.B., Lundberg, A.K. og M. Bjørkan (2021). Factors Facilitating the Implementation of the Sustainable Development Goals in Regional and Local Planning - Experiences from Norway. Sustainability 2021 13, 4282.
- Bjergo, F & A. Røiseland (2017). Taming wickedness: industrial megaprojects and local governance strategies. Urban Research and Practice 11 (1), s.37-51.
- Dietz, J. (2008). «Foresight - en spore til sterkere involvering i strategiutvikling og planlegging?», Tidsskriftet PLAN 40(5), s.24-28.
- Cairns, G. & G. Wright (2018). Scenario thinking: Preparing Your Organization for the Future in an Unpredictable World. Palgrave Macmillan.
- Chambers, J.M., Wyborn, C., Ryan, M.E. mfl. (2021). Six modes of co-production for sustainability. Nature Sustainability 4, s.983–996. <https://doi.org/10.1038/s41893-021-00755-x>.
- Hanssen, G.S. & N. Aarsæther (2018) (red.), Plan- og bygningsloven 2008 - En lov for vår tid? Oslo: Universitetsforlaget.
- Hanssen, G.S. (2019). Forskningsnotat: FNs bærekraftsmål, styring og samstyring. I Rapport fra regionalt utviklingsverksted 2019, tilgjengelig på [regjeringen.no](http://regjeringen.no).
- Higdem, U. og K.J. Kvalvik (2018). Regional planstrategi- strategi for planleggingen eller ny fylkesplan? I Hanssen, G.S. og N. Aarsæther (red.), Plan og bygningsloven - fungerer loven etter intensjonene? Oslo: Universitetsforlaget.
- Hofstad, H., Onsager, K. og G.S. Hanssen (2019). Strategisk overbygning og tematiske politikkområder for arbeidet med regional planstrategi i Viken 2020. Oslo, 16. desember 2019.
- Independent Group of Scientists appointed by the Secretary-General (2019). Global Sustainable Development Report 2019: The Future is Now – Science for Achieving Sustainable Development. United Nations, New York 2019.
- Lafferty, W. og E. Hovden (2003). Environmental policy integration: towards an analytical framework, Environmental Politics, 12(3), s.1-22.
- Muiderman, K., Gupta, A., Vervoort, J. og F. Biermann (2020). Four approaches to anticipatory climate governance: Different conceptions of the future and implications for the present. WIREs Climate Change 11(6).
- Nyseth, T. og T.M Ringholm (2018). Medvirkning i demokratiske spenningsfelt. I Hanssen, G.S. & N. Aarsæther (red.), Plan- og bygningsloven 2008 - En lov for vår tid? Oslo: Universitetsforlaget.
- O'Brien, K. (2013). Global environmental change III: Closing the gap between knowledge and action. Progress in Human Geography 37(4), s. 587–596.
- Ringholm, T. & H. Hofstad (2018). Strategisk vending i planleggingen? I Hanssen, G.S. & N. Aarsæther (red.), Plan- og bygningsloven 2008 - En lov for vår tid? Oslo: Universitetsforlaget.

- Voorberg, W., Bekkers, V. og Tummers, L. (2015). A systematic review of co-creation and co-production. *Public Management Review*, 17(9), s.1333–1357.
- Wack, P. (1985). Scenarios: Shooting the rapids. *Harvard Business Review* 63(6), s.139–150.

# Vedlegg 1 - Spørjeskjema

## Spørjeskjema til tilsette:

### Spørjeundersøking: Korleis skal vi utvikle Vestland?

Denne spørjeundersøkinga har fire delar. Vi spør om:

- samfunnsutviklinga i Vestland
- berekraftsmål
- nytteverdi av regionale planar
- bakgrunnsinformasjon om deg

### Samfunnsutviklinga i Vestland

**1a. På kva område meiner du Vestland som samfunn står framfor dei største utfordringane fram mot 2030-40? Kryss av for dei tre viktigaste områda.**

- pandemi og smittevern
- samfunnssikkerheit og beredskap
- dårlegare økonomi i offentleg sektor
- folkehelse og livskvalitet
- digitalisering av samfunnet
- folketals- og aldersutvikling
- sosial ulikskap og utanforskap
- utvikling av arbeidsplassar
- rekruttering av folk med rett kompetanse
- oppvekst, skule og utdanning
- nedbygging av areal
- nyskaping i næringslivet og offentleg sektor
- natur, miljø og kulturminne
- utslepp av klimagassar og klimatilpassing
- energitilgang og -prisar
- samferdsle og infrastruktur
- andre utfordringar; spesifiser nærare:

**1b. Kvifor meiner du at områda du har kryssa av ovafor har dei største utfordringane?**

**2a. Kva meiner du er Vestlandssamfunnet sine styrkar for å få til ei balansert og berekraftig samfunnsutvikling, både økonomisk, sosialt og miljømessig? Kryss av for dei tre viktigaste styrkane.**

- livskvalitet og attraktive lokalsamfunn
- natur- og arealressursar
- tilgang på investorar og kapital
- identitet og tilhøyrse
- politisk handlekraft
- mange og/eller varierte frivillige organisasjonar
- samarbeidsånd, planleggingsvilje og evne til strategisk arbeid
- landskaps- og kulturkvalitetar
- allsidig næringsliv
- tilgang på kompetanse og kunnskapsmiljø
- innovasjonsevne og entreprenørskap
- sterke næringsklynger
- tilgang på fornybar energi
- andre styrkar; spesifiser nærare:

**2b. Kvifor meiner du styrkane du har kryssa av ovafor er dei viktigaste?**

**3a. Kva svakheiter må vi overvinne for ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestland mot 2030-40? Kvar kan vi bli mykje betre? Kryss av for dei tre viktigaste svakheitene.**

- verkemidlar og tiltak for å skape fleire framtidsette bedrifter og arbeidsplassar i heile fylket
- nyskapingsevne i privat og offentleg sektor
- tiltak for å styrke naturmangfaldet
- verkemidlar og tiltak for å skape attraktive og berekraftige lokalsamfunn og regionsenter i heile fylket
- sentralisering av folk, arbeidsplassar og ressursar
- busetnad og fagmiljø i distrikta
- samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv, kunnskapsmiljø og sivilsamfunn om samfunns- og næringsutviklinga
- utsleppskutt og klimatilpassing
- verkemidlar og tiltak for å styrke folkehelse og livskvalitet i heile befolkninga
- infrastruktur og offentleg transporttilbod
- samarbeid mellom kommunar om planlegging, tenester og utviklingsarbeid
- satsing på born og unge
- andre svakheiter; spesifiser nærare:

**3b. Kvifor meiner du at svakheitene du har kryssa av ovafor er dei viktigaste?**

**4a. Kva ytre truslar ser du for Vestland dei neste 20 åra? Kryss av for dei tre viktigaste truslane.**

- energitilgang og energiprisar
- nedtrapping i olje- og gassektoren
- nasjonal eller internasjonal overstyring av lokaldemokratiet
- politisk polarisering i Norge eller Europa
- eskalering av krigen i Europa - uro i verda
- matforsyning
- klimaendringar og naturulukker
- pandemiar
- uventa migrasjon
- auke i offentlege utgifter
- svake regionale verkemidlar for samfunns- og næringsutvikling
- svake nasjonale verkemidlar for samfunns- og næringsutvikling
- andre ytre truslar; spesifiser nærare:

**4b. Kvifor meiner du truslane du har kryssa av ovafor er dei viktigaste?**

**Berekraftsmål**

Vi deler gjerne mål for ei berekraftig utvikling inn i tre dimensjonar: Miljømessige, sosiale og økonomiske. Desse skal sjåast i samanheng med kvarandre. Vi har også 17 berekraftsmål vedtatt av FN, som er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane før 2030. Desse måla skal gi ei felles retning for forvaltning, næringsliv og sivilsamfunn.

**5. I kva grad møter/brukar du omgrepet berekraft i arbeidskvardagen din?**

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje

**6a. Har FN sine berekraftsmål relevans i ditt daglege arbeid?**

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje

**6b. På kva måte har FN sine berekraftsmål relevans i ditt daglege arbeid? Gi gjerne eksempel (til dømes relevans i arbeid med planar, tiltak, prosjekt og samarbeid).****7a. I kva grad meiner du at FNs samla berekraftsmål har potensiale til å bli eit sterkt styringsverktøy på ditt arbeidsområde?**

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje
- Veit ikkje

**7b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.****Nytteverdi av regionale planar****8a. I kva grad har du brukt Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 i arbeidet ditt?**

	Ikkje i det heile tatt	Svært lite	Lite	Noko	Mykje	Svært mykje
Som grunnlag for prosjektsamarbeid med aktørar utanfor fylkesorganisasjonen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I prioritering av ressursar (økonomi, stillingar, oppgåver mv.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I samarbeidsprosjekt med andre avdelingar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I rettleiing av kommunar, sivilsamfunn eller næringsliv	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I utviklingsarbeid på avdelinga eller arbeidsområdet mitt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I sakshandsaming og politiske dokument	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I utforming av eigne faglege planar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg har brukt kunnskapsgrunnlaget for Utviklingsplanen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**8b. Her kan du gjerne greie ut om korleis utviklingsplanen har relevans i ditt daglege arbeid.**

**9a. Kva skal til for at planane i fylket får større meining og gjer betre føringar for arbeidsområdet ditt? Kryss av for dei tre viktigste tiltaka.**

- lett tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag
- utnytte moglegheiter for eit tettare samarbeid mellom administrasjon og politisk nivå
- betre samordning av fylket sine planar
- betre formidling av planane
- heilskaplege planar som går på tvers av sektorane
- samanheng mellom handlingsprogram, budsjett og rapportering
- sams system for resultatmåling og evaluering
- prioritere oppfølging av planar og handlingsprogram
- styrka samarbeid mellom fylkeskommunen, stat, kommunar og andre samfunnsaktørar om utvikling og gjennomføring av planar
- færre spesialiserte sektorplanar
- andre tiltak; spesifiser nærare:

**9b. Kvifor meiner du at tiltaka du har kryssa av ovafor er dei viktigaste?**

**Kort bakgrunnsinformasjon**

**10. I kva kommune har du din faste arbeidsplass?**

**11. Kor gamal er du?**

**12. Kva er ditt kjønn?**

- Mann
- Kvinne
- Ikkje-binær

**13. Vil du leggje til noko?**

Send svar

Lagre



## Spørjeskjema til strategisk utval (spm.1-4 er like dei i skjema til tilsette ovafor):

### Berekraftsmål

Vi deler gjerne mål for ei berekraftig utvikling inn i tre dimensjonar: Miljømessige, sosiale og økonomiske. Desse skal sjåast i samanheng med kvarandre. Vi har også 17 berekraftsmål vedtatt av FN, som er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane før 2030. Desse måla skal gi ei felles retning for forvaltning, næringsliv og sivilsamfunn.

#### 5a. I kva grad møter/brukar du omgrepet berekraft i arbeidskvardagen din (i verksemda eller i organisasjonen)?

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje

#### 5b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.

#### 6a. I kva for grad har FNs berekraftsmål relevans i ditt arbeid/for din organisasjon?

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje

#### 6b. På kva måte har FN sine berekraftsmål relevans i ditt arbeid/for din organisasjon? Gi gjerne eksempel (til dømes relevans i arbeid med planar, tiltak, prosjekt og samarbeid).

#### 7a. I kva grad meiner du at FNs samla berekraftsmål har potensiale til å bli eit sterkt verktøy for å styrke din verksemd/ organisasjon på sikt?

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje
- Veit ikkje

#### 7b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.

## Nytteverdi av regionale planar

### 8a. I kva for grad har du brukt Utviklingsplan for Vestland 2020-2024?

	Ikkje i det heile tatt	Svært lite	Lite	Noko	Mykje	Svært mykje
I utforming av egne planar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I søknad om tilskot	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I utviklingsarbeid	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg har brukt kunnskapsgrunnlaget for Utviklingsplanen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Som grunnlag for prosjektsamarbeid	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I søknader	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

### 8b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.

### 9a. Kva skal til for at regionale planer får større betydning for ditt fagområde/verksemd/organisasjon? Kryss av for dei tre viktigaste tiltaka.

- klarare prioriteringar og satsingar
- meir eller anna form for involvering og samarbeid i fylkeskommunen sitt plan-, oppfølgings- og gjennomføringsarbeid
- meir intern samordning i fylkeskommunen planarbeid
- styrka samarbeid/samskaping mellom fylkeskommunen og andre samfunnsaktørar
- fleire tverrfaglege planar
- betre formidling av planane
- betre eller meir utfyllande kunnskapsgrunnlag
- andre tiltak; spesifiser nærare:

### 9b. Kvifor meiner du at tiltaka du har kryssa av ovafor er dei viktigaste?

## Kort bakgrunnsinformasjon

### 10. Kor er verksemda/organisasjonen lokalisert?

- Verksemda/organisasjonen er fylkesdekkande
- I ein kommune; spesifiser nærare:

### 11. Kor gamal er du?

### 12. Kva er ditt kjønn?

- Mann
- Kvinne
- Ikkje-binær

**13. Kor lenge har du vore tilsett i/tilhøyrte verksemda?**

- 0-5 år
- 6-10 år
- 11-20 år
- meir enn 20 år

**14. Vil du leggje til noko?**

**Spørjeskjema til medlemmar av fylkestinget (spm.1-4 er like dei i skjema til tilsette ovafor):**

**Berekraftsmål**

Vi deler gjerne mål for ei berekraftig utvikling inn i tre dimensjonar: Miljømessige, sosiale og økonomiske. Desse skal sjåast i samanheng med kvarandre. Vi har også 17 berekraftsmål vedtatt av FN, som er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane for 2030. Desse måla skal gi ei felles retning for forvaltning, næringsliv og sivilsamfunn.

**5a. I kva grad møter/brukar du omgrepet berekraft i ditt politiske virke?**

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje

**5b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.**

**6. Har FN sine berekraftsmål relevans i ditt daglege politiske virke?**

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje

**7a. I kva grad meiner du at FNs samla berekraftsmål har potensiale til å bli eit sterkt styringsverktøy?**

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje
- Veit ikkje

**7b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.**

## Nytteverdi av regionale planar

### 8a. I kva grad har du brukt Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 i det politiske arbeidet ditt?

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje

### 8b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.

### 9a. I kva grad har du brukt Kunnskapsgrunnlaget for Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024?

- Ikkje i det heile tatt
- Svært lite
- Lite
- Noko
- Mykje
- Svært mykje

### 9b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.

### 10a. Kva skal til for at planane i fylket får større meining og gje betre føringar for regional politikk? Kryss av for dei tre viktigaste tiltaka.

- betre samordning av fylket sine planar
- betre formidling av planane
- samanheng mellom handlingsprogram, budsjett og rapportering
- sams system for resultatmåling og evaluering
- planar som går på tvers av fagområda
- prioritere oppfølging av planar og handlingsprogram
- lett tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag
- styrka samarbeid mellom fylkeskommunen, stat, kommunar og andre samfunnsaktørar om utvikling og gjennomføring av planar
- utnytte moglegheiter for eit tettare samarbeid mellom administrasjon og politisk nivå
- andre tiltak (spesifiser gjerne i spørsmålet nedanfor)

### 10b. Her kan du gjerne greie ut om svaret ditt i spørsmålet ovafor.

## Kort bakgrunnsinformasjon

### 11. I kva kommune har du din faste arbeidsplass?

### 12. Kor gamal er du?

**13. Kva er ditt kjønn?**

- Mann
- Kvinne
- Ikkje-binær

**14. Vil du leggje til noko?**

Send svar

Lagre

## Vedlegg 2 - Resultat for ulike grupper blant tilsette og i strategisk utval

Tabell A1: Område med største utfordringer. Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver. Prosent.

	Tilsette u. leiingsoppgåver (N=1467)	Tilsette m. leiingsoppgåver (N=194)
oppvekst, skule og utdanning	38	27
samferdsle og infrastruktur	31	31
dårlegare økonomi i offentleg sektor	29	26
folkehelse og livskvalitet	23	14
folketals- og aldersutvikling	22	29
sosial ulikskap og utanforskap	21	18
rekruttering av folk med rett kompetanse	19	26
utslepp av klimagassar og klimatilpassing	18	21
energitilgang og -prisar	18	16
natur, miljø og kulturminne	12	12
utvikling av arbeidsplassar	11	10
nyskaping i næringslivet og offentleg sektor	11	15
nedbygging av areal	11	7
samfunnsikkerheit og beredskap	11	15
digitalisering av samfunnet	4	7
anna	3	6
pandemi og smittevern	0	1

Forklaring: Spørsmål 1a.

Tabell A2: Område med største utfordringer. Blant ulike grupper innanfor strategisk utval. Prosent.

	Offentlig (N=108)	Sivilsamfunn (N=53)	Næring (N=31)
oppvekst, skule og utdanning	46	19	26
samferdsle og infrastruktur	44	17	45
dårlegare økonomi i offentleg sektor	34	32	42
folketals- og aldersutvikling	29	23	39
folkehelse og livskvalitet	22	25	10
sosial ulikskap og utanforskap	20	15	23
rekruttering av folk med rett kompetanse	17	19	3
utslepp av klimagassar og klimatilpassing	17	21	16
energitilgang og -prisar	14	15	42
nyskaping i næringslivet og offentleg sektor	11	11	6
natur, miljø og kulturminne	11	32	0
samfunnsikkerheit og beredskap	7	9	10
utvikling av arbeidsplassar	6	28	3
nedbygging av areal	5	15	13
digitalisering av samfunnet	4	9	10
anna	3	0	10
pandemi og smittevern	0	0	0

Forklaring: Spørsmål 1a.

Tabell A3: Område med største styrkar. Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver. Prosent.

	Tilsette u. leiingsoppgåver (N=1321)	Tilsette m. leiingsoppgåver (N=183)
tilgang på kompetanse og kunnskapsmiljø	34	36
natur- og arealressursar	34	42
tilgang på fornybar energi	33	33
livskvalitet og attraktive lokalsamfunn	31	32
allsidig næringsliv	23	17
identitet og tilhøyrse	23	26
innovasjonsevne og entreprenørskap	19	24
landskaps- og kulturkvalitetar	19	13
samarbeidsånd, planleggingsvilje og evne til strat ...	14	20
mange og/eller varierte frivillige organisasjonar	11	8
politisk handlekraft	11	9
sterke næringsklynger	9	10
tilgang på investorar og kapital	5	4
anna	2	1

Forklaring: Spørsmål 2a.

Tabell A4: Område med største styrkar. Blant ulike grupper innanfor strategisk utval. Prosent.

	Offentlig (N=104)	Sivilsamfunn (N=47)	Næring (N=30)
tilgang på fornybar energi	40	23	30
natur- og arealressursar	38	28	33
livskvalitet og attraktive lokalsamfunn	34	32	30
innovasjonsevne og entreprenørskap	32	34	43
landskaps- og kulturkvalitetar	25	19	17
identitet og tilhøyrse	22	23	13
sterke næringsklynger	20	4	33
allsidig næringsliv	19	17	40
samarbeidsånd, planleggingsvilje og evne til strat ...	18	21	23
mange og/eller varierte frivillige organisasjonar	13	40	7
tilgang på kompetanse og kunnskapsmiljø	10	26	20
politisk handlekraft	7	4	13
anna	5	6	3
tilgang på investorar og kapital	4	4	7

Forklaring: Spørsmål 2a.

Tabell A5: Område med største svakheiter. Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver. Prosent.

	Tilsette u. leiingsoppgåver (N=1249)	Tilsette m. leiingsoppgåver (N=175)
infrastruktur og offentleg transporttilbod	36	36
satsing på born og unge	32	22
samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv, kunr ...	29	37
busetnad og fagmiljø i distrikta	26	23
verkemidlar og tiltak for å skape attraktive og be ...	24	23
verkemidlar og tiltak for å skape fleire framtidr ...	23	17
verkemidlar og tiltak for å styrke folkehelse og li ...	22	25
samarbeid mellom kommunar om planlegging, te ...	19	18
utsleppskutt og klimatilpassing	19	28
nyskapingsevne i privat og offentleg sektor	15	22
sentralisering av folk, arbeidsplassar og ressursa ...	13	11
tiltak for å styrke naturmangfaldet	12	15
anna	4	3

Forklaring: Spørsmål 3a.

Tabell A6: Område med største svakheiter. Blant ulike grupper innanfor strategisk utval. Prosent.

	Offentlig (N=98)	Sivilsamfunn (N=43)	Næring (N=28)
samarbeid mellom myndigheiter, næringsliv, kunnskaps ...	41	33	61
infrastruktur og offentleg transporttilbod	41	33	36
verkemidlar og tiltak for å skape attraktive og be ...	38	21	43
busetnad og fagmiljø i distrikta	34	19	21
samarbeid mellom kommunar om planlegging, te ...	28	9	14
utsleppskutt og klimatilpassing	21	26	18
nyskapingsevne i privat og offentleg sektor	14	21	29
verkemidlar og tiltak for å skape fleire framtidr ...	13	33	43
satsing på born og unge	13	26	14
tiltak for å styrke naturmangfaldet	11	28	4
verkemidlar og tiltak for å styrke folkehelse og li ...	11	33	4
sentralisering av folk, arbeidsplassar og ressursar	11	12	7
anna	5	7	4

Forklaring: Spørsmål 3a.



Tabell A7: Område med største ytre truslar. Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver. Prosent.

	Tilsette u. leiingsoppgåver (N=1222)	Tilsette m. leiingsoppgåver (N=173)
klimaendringar og naturulukker	38	43
energitilgang og energiprisar	37	38
eskalering av krigen i Europa - uro i verda	31	33
auke i offentlege utgifter	30	31
nasjonal eller internasjonal overstyring av lokaldemo	24	16
politisk polarisering i Norge eller Europa ...	23	27
svake nasjonale verkemidlar for samfunns- og næ ...	21	25
nedtrapping i olje- og gassektoren	19	23
svake regionale verkemidlar for samfunns- og næ ...	19	23
matforsyning	15	12
uventta migrasjon	7	5
pandemiar	5	6
anna	4	2


Forklaring: Spørsmål 4a.

Tabell A8: Område med største ytre truslar. Blant ulike grupper innanfor strategisk utval. Prosent.

	Offentlig (N=95)	Sivilsamfunn (N=42)	Næring (N=28)
klimaendringar og naturulukker	48	40	14
svake nasjonale verkemidlar for samfunns- og nærings	40	40	64
svake regionale verkemidlar for samfunns- og nærings	37	26	50
energitilgang og energiprisar	33	43	61
auke i offentlege utgifter	28	12	11
politisk polarisering i Norge eller Europa ...	26	19	32
eskalering av krigen i Europa - uro i verda ...	23	24	7
nasjonal eller internasjonal overstyring av lokaldemo	17	45	18
nedtrapping i olje- og gassektoren ...	14	17	18
uventta migrasjon	6	2	4
anna	6	2	7
matforsyning	3	26	11
pandemiar	2	0	0


Forklaring: Spørsmål 4a.

Figur A1: Møte med/bruk av omgrepet berekraft. Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver.




Forklaring: Spørsmål 5.

Figur A2: Møte med/bruk av omgrepet berekraft. Blant ulike grupper innanfor strategisk utval.




Forklaring: Spørsmål 5a.

Figur A3: Relevans av FN sine berekraftsmål. Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver.




Forklaring: Spørsmål 6a.

Figur A4: Relevans av FN sine berekraftsmål. Blant ulike grupper innanfor strategisk utval.




Forklaring: Spørsmål 6a.

Figur A5: FN sine berekraftsmål sitt potensial som styringsverktøy. Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver.



Forklaring: Spørsmål 7a.

Figur A6: FN sine berekraftsmål sitt potensial som styringsverktøy. Blant ulike grupper innanfor strategisk utval.



Forklaring: Spørsmål 7a.

Tabell A9: Bruk av Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver. Gjennomsnittsskåre.

	Tilsette u. leiingsoppgåver (N=1063-1086)	Tilsette m. leiingsoppgåver (N=153-159)
I utvikl.arbeid på avdelinga eller arb.området mitt	2.38	3.25
I utforming av egne faglege planar	2.28	2.88
I samarbeidsprosjekt med andre avdelingar	2.17	2.70
Eg har brukt kunnskapsgrunnl. for Utvikl.splanen	2.16	2.95
I prioritering av ressursar (økonomi, stillingar, op ...	2.01	2.73
Som grunnlag for prosjektsamarbeid med aktøra: ...	1.96	2.45
I sakshandsaming og politiske dokument	1.93	2.42
I rettleiing av kommunar, sivilsamfunn eller nærri ...	1.87	2.28

Forklaring: Spørsmål 8a. Gjennomsnittsskåre frå 1=«Ikkje i det heile tatt» til 6=«Svært mykje».

Tabell A10: Bruk av Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Blant ulike grupper innanfor strategisk utval. Gjennomsnittsskåre.

	Offentlig (N=89-91)	Sivilsamfunn (N=35-38)	Næring (N=26-28)
I utforming av egne planar	3.02	2.44	3.19
Eg har brukt kunnskapsgrunnl. for Utvikl.planen	2.99	2.31	3.26
I utviklingsarbeid	2.84	2.14	3.36
I søknad om tilskot	2.63	2.86	3.68
I søknader	2.59	2.68	3.71
Som grunnlag for prosjektsamarbeid	2.52	2.39	3.31

Forklaring: Spørsmål 8a. Gjennomsnittsskåre frå 1=«Ikkje i det hile tatt» til 6=«Svært mykje».

Tabell A11: Kva skal til for at regionale planar får større betydning? Blant tilsette utan og med leiingsoppgåver. Prosent.

	Tilsette u. leiingsoppgåver (N=1136)	Tilsette m. leiingsoppgåver (N=162)
betre formidling av planane	45	39
styrka samarbeid mellom fylkeskommunen, stat, ...	35	32
lett tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag ...	32	31
heiskaplege planar som går på tvers av sektorar ...	30	44
prioritere oppfølging av planar og handlingsprogr ...	23	32
betre samordning av fylket sine planar	22	24
samanheng mellom handlingsprogram, budsjett o ...	21	33
utnytte moglegheiter for eit tettare samarbeid me ...	11	10
sams system for resultatmåling og evaluering ...	8	10
anna	7	4
færre spesialiserte sektorplanar	6	9

*Forklaring: Spørsmål 9a.*

Tabell A12: Kva skal til for at regionale planar får større betydning? Blant ulike grupper innanfor strategisk utval. Prosent.

	Offentlig (N=93)	Sivilsamfunn (N=40)	Næring (N=28)
styrka samarbeid/samskaping mellom fylkeskom ...	59	53	68
klarare prioriteringar og satsingar	49	63	54
meir eller anna form for involvering og samarbei ...	49	33	54
betre formidling av planane	42	58	43
meir intern samordning i fylkeskommunen planar ...	18	15	21
anna	16	10	7
betre eller meir utfyllande kunnskapsgrunnlag	12	15	25
fleire tverrfaglege planar	8	15	11

*Forklaring: Spørsmål 9a.*